

# Timeplan 2024-2027

Kommunedirektøren sitt forslag



*Framsidedefoto: Bryne torg (Linn Iren Nilsen Oppedal)*

## VISJONEN VÅR

# TRYGG OG FRAMTIDSRETTA

## VERDIANE VÅRE

### **Ansvar**

Me har evne til å sjå, mot til å handla  
Me ser og forstår heilskapen  
Me er opne og direkte i samhandlinga

### **Engasjement og optimisme**

Me er løysingsfokuserte og aktive  
Det me vil, det søker me å få til  
Me er i utvikling

### **Gjensidig respekt**

Me kjenner kvarandre, og eg betyr noko  
Alle skal ha reell medverknad på eigen arbeidssituasjon  
Tilsette skal sikrast deltaking i avgjerdsprosessar

## LEVEREGELEN VÅR

### **Me skal gjera kvarandre gode**

gjennom å:

- yta service
- gje og ta imot tilbakemeldingar
- dela kunnskap og ferdigheiter
- heia fram gode idéar

*«Me byggjer det gode i oss, når me gjer det gode ikring oss»*

Arne Garborg

# Innhald

1 Innleiing .....	6
1.1 Kommunedirektøren si innleiing.....	6
2 Samfunnsøkonomisk utvikling.....	9
2.1 Internasjonale utviklingstrekk .....	9
2.2 Nasjonale og regionale utviklingstrekk.....	9
2.2 Folketalsutvikling.....	10
3 Økonomi.....	12
3.1 Statsbudsjettet 2024.....	12
3.2 Rammer og føresetnadar .....	13
3.2.1 Inntektsføresetnadar .....	13
Andre inntekter.....	13
3.2.2 Utgiftsføresetnadar .....	14
4 Folkehelse.....	18
4.1 Status og utfordringar.....	18
4.1.1 Barnefattigdom.....	19
4.1.2 Trangbuddheit .....	20
4.2 Mål for langtidsperioden .....	22
5 Tenester .....	23
5.1 Oppvekst.....	23
5.1.1 Status og utfordringar i planperioden.....	23
5.1.2 Mål for langtidsperioden .....	32
5.1.3 Tiltak i 2024 .....	32
5.1.4 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet .....	35
5.1.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden.....	35
5.1.6 Oversikt over personalressursar .....	36
5.2 Helse og velferd .....	37
5.2.1 Status og utfordringar.....	38
5.2.2 Mål for langtidsperioden .....	46
5.2.3 Tiltak i 2024 .....	46
5.2.4 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet .....	47
5.2.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden.....	47

5.2.6 Oversikt over personalressursar .....	48
5.3 Samfunn .....	49
5.3.1 Status og utfordringar .....	49
5.3.2 Mål for langtidsperioden .....	57
5.3.3 Tiltak i 2024 .....	57
5.3.4 Netto utgiftsramme tildelt tenestområdet .....	58
5.3.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden.....	59
5.3.6 Oversikt over personalressursar .....	59
5.4 Stab.....	60
5.4.1 Status og utfordringar.....	60
5.4.2 Mål for langtidsperioden .....	63
5.4.3 Tiltak i 2024 .....	63
5.4.4 Netto utgiftsramme tildelt tenestområdet .....	64
5.4.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden.....	64
5.4.6 Oversikt over personalressursar .....	64
6 Kommunen som arbeidsgjevar.....	65
6.1 Status og utfordringar.....	65
6.2 Mål for langtidsperioden .....	68
6.3 Tiltak i 2024 .....	68
7 Investeringar for langtidsperioden og årsbudsjett for 2024 .....	69
7.1 Totaloversikt – netto finansieringsbehov og finansiering .....	70
7.2 Investeringsprosjekt – tabellar og omtale.....	71
7.3 Trafikksikringsplan .....	82
7.4 Handlingsprogram for anlegg med delfinansiering frå spelemidlar.....	83
8 Brukarundersøkingar, samarbeid og plansystem .....	90
8.1 Brukartilfredsheit og tilbakemeldingar .....	90
8.2 Interkommunale samarbeid .....	91
8.3 Plansystem.....	93
9 Framlegg til vedtak.....	94
10 Obligatoriske oversikter etter økonomiplanforskrifta .....	95

# 1 Innleiing

Timeplanen 2024-2027 er Time kommune sitt verktøy for langsiktig planlegging.

Økonomiplanen skal peika ut utviklingsretninga for kommunen sitt tenestetilbod og kommunen sin ressursbruk i komande fireårsperiode.

Meir detaljert informasjon om status og utfordringar i tenestetilbodet til kommunen går fram av Årsrapport 2022, Statistikkrapport 2022 og tertialrapportar for 2023.

Anna viktig strategisk informasjon finst i barnehage- og skulebruksplan og bustadplan for planlegginga av dei kommunale helse og velferdstenestene.

## 1.1 Kommunedirektøren si innleiing

Time kommune skal vera ein attraktiv kommune å busetta seg i, og eit samfunn som er godt å leva i. Folkehelsearbeid er førande for arbeidet med økonomiplanen. Det handlar om å leggja til rette for ei berekraftig samfunnsutvikling som både motverkar sosial ulikskap og som fremmar god helse i befolkninga. I tillegg skal Time kommune stå fram som ein trygg og framtidretta kommune. Service, innovasjon og engasjement skal prega organisasjonen slik at kommunen kan tilby tenester med rett kvalitet innanfor trygge økonomiske rammer.

Endring i befolkningsamansetninga dreier seg om at det blir færre barn og unge, fleire eldre, og fleire som har behov for pleie- og omsorgstenester. Utgiftene til barn og unge vil derfor reduserast medan det vil bli ein høg vekst i utgifter til pleie og omsorgstenester i planperioden.

Utfordringane blir forsterka av krig i Europa, geopolitisk uro, høg inflasjon, renteoppgang og resesjonsrisiko. Landet er inne i ein høgkonjunktur med høgt aktivitetsnivå og dermed høg sysselsetting. Mangel på arbeidskraft pressar opp lønningane som igjen påverkar prisane. Prognoser synar teikn til nedkjøling av norsk økonomi. Den økonomiske situasjonen er forventa å bli strammare dei komande åra enn tidlegare forutsett som følge av regjeringa sitt forslag til statsbudsjett.

Høg inflasjon har medført ei aggressiv rentesetjing av den norske sentralbanken. Norges Bank har auka styringsrenta i år til 4,25 %. Dette vert gjort for få å kontroll over inflasjonen og redusera presset i økonomien. Det er signalisert ennå ei renteauke før året er omme. Høg prisstigning, høg og aukande rente og eit nasjonalt behov for å ta ned aktivitetsnivået har medført at kommunedirektøren har måtta ta grep.

Kommunedirektøren har sett seg nøydt til å redusere investeringsnivå i økonomiplan 2024-2027 til 922 millionar kroner. Samanlikna med vedtatt økonomiplan 2023-2026 er nivået redusert med 335 millionar kroner. Ombygging av 3. og 4. etasje er avlyst i 2023. Prosjekt som oppgradering av Hognestad skule, ny symjehall og ferdigstilling av sjukeheim er skyvd ut av økonomiplanperioden. Fleire prosjekt innan helse og velferd er prioritert samtidig som ny ATO-avdeling skal byggjast. Investeringane vert finansierte med 454 millionar kroner i låneopptak.

I den framlagte økonomiplanen for 2024-2027 er lånefinansieringa i snitt om lag som målsettinga på maksimalt 50 %, men aukande rentebelastning betyr at investeringstakten

anten må reduserast ytterlegare eller at eigenfinansiering blir auka. Høg gjeld og store låneopptak medfører høgare rentekostnader som må dekkast av driftsinntektene, og legg press på kommunedrifta. Dette er krevjande samstundes som ein opplever auka etterspurnad etter kommunale tenester.

Det har dei to siste åra kome rekord mange flyktningar til Norge som følgje av krigen i Ukraina. Time tek sin solidariske del av ansvaret med å busetta desse flyktningane og har i 2022 busett 140 flyktningar og har vedtak om 185 i 2023. Til samanlikning var det opphavelig budsjettert med busetting av 20 flyktningar før krigen i Ukraina braut ut. Dette fører til eit press på kommunale tenester og bustadmarknaden i Time som kjem til å vara ut over i planperioden.

Kommunedirektøren vil i økonomiplanperioden arbeida for at kommunen er brukarorientert og effektiv, og sikra ei utvikling som nyttar potensialet i ny organisering og ny teknologi. Det handlar mellom anna om å styrka digitaliserings- og innovasjonsarbeidet i kommunen. Målet er å levera best moglege tenester til lågast mogleg pris. I første omgang har kommunedirektør teke grep i kommande investeringsbudsjettet for å dempa gjeldsgrada og dessutan tilpassa drifta til aktivitetsnivået innan Helse og velferd og Oppvekst. Strammare økonomiske rammer betyr at kommunen er nøydd til å skapa nødvendig handlingsrom innanfor dei eksisterande driftsrammene framover. Kommunedirektøren sitt forslag til Timeplan for 2024-2027 viser kva mål og tiltak som kommunedirektøren meiner bør prioriterast innanfor dei økonomiske rammene kommunen rår over. Forslaget vert nå lagt fram for dei folkevalde for godkjenning.

### **Største satsingsområde 2024-2027**

- Folkehelse
- Tidleg innsats, førebygging og psykisk helse
- Ei brukarorientert og effektiv forvaltning som nyttar potensialet i ny teknologi og smartare organisering
- Spesialpedagogiske behov og ny ATO-avdeling
- Dimensjonera helse- og velferdstenestene for å ivareta auka behov i framtida

### **Større omprioriteringar og effektiviseringar 2024-2027**


- Tilpassa barnehageplassar i takt med utviklinga i barnetal
- Tilpassa ressursane i skulen til utviklinga i elevtal
- Styrka dei lågare trinna i tenestetrappa for å utsetta behov for institusjonsplassar
- Sambruk av ressursar til førebyggjande arbeid for barn og unge
- Utsette investeringar

### **Investeringar 2024-2027**

Samla framlegg til investeringar i perioden 2024-2027 er på 922 millionar kroner. Dei største investeringsprosjekta i perioden er:

- ATO-avdeling
- Utbygging Kverneland omsorgssenter
- Foreldreinitiativ og omsorgsbustadar på Svertingstad
- Foreldreinitiativ og avlastning på Kverneland
- Ombygging Sivdamheimen
- Fleire vass- og avløpsprosjekter
- Tilskot til omkøyringsveg på Kvernaland
- Gjera Storgata til gågate i 2025/2026

Bryne, 25. oktober 2023



Trygve Apeland  
kommunedirektør



Sami Munawar  
økonomisjef



## 2 Samfunnsøkonomisk utvikling

Det økonomiske handlingsrommet til kommunen blir påverka av utviklinga internasjonalt og nasjonalt. Denne har vore prega av krig i Europa, høg prisvekst og auka renter. Samtidig er dei statlege rammevilkåra venta å gi kommunen mindre økonomisk handlingsrom i tida framover.

### 2.1 Internasjonale utviklingstrekk

Den økonomiske aktiviteten internasjonalt har halde seg oppe trass i stigande styringsrenter og minkande økonomisk vekst og arbeidsløysa har halde seg låg både i Europa og USA.

Det ser ut til at Europa unngår ei energikrise i vinter, godt hjulpt av mildt haust- og vintervêr. Energiprisane har vorte lågare i år enn i fjor. Rentene har vorte auka i raskt tempo. Det er venta at veksten vil minka hos handelspartnarane våre, og at den økonomiske politikken vil føra inflasjonen gradvis ned utan ein stor auke i arbeidsløysa. Avdempa vekst i år må først og fremst sjåast i samheng med auka renter i mange land. Høg aktivitet og framleis stramme arbeidsmarknader har trekt renteutsiktene internasjonalt endå høgare enn tidlegare lagt til grunn.

Det er uvisse om den økonomiske utviklinga. Stramme arbeidsmarknader i mange land kan medverka til høg lønns- og prisvekst framover, og konsumprisveksten kan komma til å halda seg høg lengre enn venta. Ei opptrapping av krigen i Ukraina kan leggja nytt press på internasjonale råvareprisar. Høgare inflasjon kan føra til at sentralbankane set rentene endå høgare, med negative ringverknader for den økonomiske veksten og auka risiko for finansiell uro.

### 2.2 Nasjonale og regionale utviklingstrekk

Etter ein markert oppgang mot slutten av fjoråret har konsumet i hushalda falle så langt i år. Tal frå nasjonalrekneskapen viser at veksten i bruttonasjonalprodukt (BNP) for fastlands-Norge flata ut i første halvår 2023. Krona har svekt seg betydeleg det siste året. Hovudårsaka er truleg at andre lands sentralbankar har sett renta opp meir og raskare enn Norges Bank. Utviklinga i kronekursen vil ha mykje å seia for det vidare forløpet for norsk økonomi. Sterk prisvekst og høgare rente har trekt ned kjøpekrafta til hushalda, og det dempar etterspurnaden. Det gir ei generell nedkjøling av økonomien.

Arbeidsløysa i Rogaland var ved utgangen av september 2023 på 1,7 % og 1,9 % for landet. For dei tre jærkommunane er arbeidsløysa på mellom 1,4 % og 1,5 %. Dette kjem mellom anna av høg aktivitet i energisektoren i regionen og at byggje- og anleggsbransjen går betre i denne regionen enn elles i landet.

Trass i nedgangen i inflasjonen dei siste månadene er prisveksten framleis på eit høgt nivå og langt over Norges Banks inflasjonsmål på 2 prosent. For å dempa prisveksten heva Norges Bank styringsrenta med 0,25 prosentpoeng til 4,25 prosent på rentemøtet 20. september, og varsla at styringsrenta mest sannsynleg blir sett vidare opp i desember. Aktiviteten i norsk økonomi er framleis høg, og arbeidsmarknaden er stram. Samtidig verkar renta innstrammande, og presset i økonomien er i ferd med å minka.

Flyktningstraumen frå Ukraina bidreg til at befolkninga i Norge veks og landet har passert 5,5 millionar innbyggjarar i 2023. Folkeveksten nasjonalt og i Time kommune så langt i år er 0,5 %. Det er framleis forventa tilstrøyming av flyktningar til Time kommune framover. Dette vil leggja ytterlegare press på bustadsituasjonen og tenestetilbodet.

## 2.2 Folketalsutvikling

Folketalet i kommunen var ved utgangen av 2022 på 19 781. Det er noko høgare enn tidlegare framskrivingar. I 2023 forventa me ein folkevekst på rett over 200 innbyggjarar, som er halvparten av veksten i 2022.

Framskrivninga av folketal tek utgangspunkt i bustadbygging i kommunen. Det blir teke omsyn til om det er einebustadar, rekkjehus eller blokkleilegheiter sidan dette har noko å seia på kor mange som bur i bustadane. Det er planlagt stor utbygging på Kvernaland og på Bryne. Usikkerheita rundt kva tid desse prosjekta vert utbygde er ein stor risikofaktor i planarbeidet til kommunen.

Det som er viktig å vita med ei framskriving, er at tala vert meir og meir usikre dess lengre perspektivet er. Tala er også sikrast i den eldste delen av befolkninga enn for dei yngste. Prognosar for personar over 80 år kan framskrivast med relativ stor tryggleik, men å framskriva folketalet over 90 år er mykje meir usikkert då det er for få personar til å få ei statistisk framskriving å stola på.

Alder	Pr. 31.12	Framskrivning				Auke i %	Auke i %
	2022	2023	2027	2031	2035	2022-2027	2022-2035
0-2 år	706	718	709	729	755	0,4 %	6,9 %
3-5 år	752	728	749	770	794	-0,5 %	5,6 %
6-12 år	1 997	1 962	1 893	1 892	1 934	-5,2 %	-3,1 %
13-15 år	870	902	873	861	855	0,4 %	-1,7 %
<b>Sum 0-15 år</b>	<b>4 325</b>	<b>4 310</b>	<b>4 224</b>	<b>4 252</b>	<b>4 338</b>	<b>-2,3 %</b>	<b>0,3 %</b>
16-19 år	977	1 034	1 206	1 157	1 151	23,4 %	17,8 %
20-66 år	11 804	11 840	12 244	12 868	13 311	3,7 %	12,8 %
<b>Sum 16-66 år</b>	<b>12 781</b>	<b>12 874</b>	<b>13 450</b>	<b>14 026</b>	<b>14 462</b>	<b>5,2 %</b>	<b>13,2 %</b>
67-79 år	1 943	2 039	2 317	2 508	2 707	19,2 %	39,3 %
80-89 år	600	627	803	1 008	1 207	33,8 %	101,1 %
90 år og over	132	139	172	191	262	30,4 %	98,4 %
<b>Sum 67 år +</b>	<b>2 675</b>	<b>2 805</b>	<b>3 292</b>	<b>3 708</b>	<b>4 175</b>	<b>23,1 %</b>	<b>56,1 %</b>
<b>Sum</b>	<b>19 781</b>	<b>19 990</b>	<b>20 966</b>	<b>21 985</b>	<b>22 975</b>	<b>6,0 %</b>	<b>16,1 %</b>

Kjelde: Kommunane sitt plan- og analysesystem (KOMPAS)

Den nye framskrivinga viser ei mindre auke i barn 0-2 år enn det som vart publisert i fjor (3,6 %). Folketalet 3-5 år skal ned med 0,5 % i den nye økonomiplanperioden, ein mindre reduksjon enn det som ble lagt til grunn i fjor. Barn i barneskulealder får ein nedgang heilt fram til 2033. Elles er det verdt å merka seg at veksten i innbyggjarar over 67 år ligg på 56,1 % fram til 2033. Det er forventa størst auke i dei eldste aldersgruppene, både for 80 til 89 år og for 90 år og eldre.

Tettstadar	pr. 31.12 2022	Framskrivning			Auke i % 2022-2035	
		2023	2027	2031		2033
Bryne	11 300	11 435	11 947	12 448	13 040	15,4 %
Kverneland	3 782	3 821	4 171	4 603	4 905	29,7 %
Lyefjell <sup>1)</sup>	2 825	2 855	2 964	3 048	3 122	10,5 %
Undheim	1 243	1 250	1 280	1 292	1 319	6,1 %
Hognestad	631	629	604	593	590	-6,5 %
<b>Sum</b>	<b>19 781</b>	<b>19 990</b>	<b>20 966</b>	<b>21 984</b>	<b>22 976</b>	<b>16,2 %</b>

1) Inkludert Vestly

Kjelde: Kommunane sitt plan- og analysesystem (KOMPAS)

Tabellen over viser kvar befolkningsveksten i kommunen vil komma. På Lyefjell, Kverneland og Bryne er det store utbyggingsområde, men kor tid desse områda vert utbygde er avhengig av etterspurnad etter bustadar framover.

## 3 Økonomi

Når kommunedirektøren utarbeider økonomiplanen ligg styringssignal i statsbudsjettet til grunn for forventna pris- og lønnsvekst, utvikling i skatteinntektene og rammetilskotet. I statsbudsjettet og kommuneproposisjonen får kommunen også signal om nye reformar. Økonomiplanen vert lagt fram i faste 2024-prisar og endringar frå 2024 er dermed reelle endringar i inntekter eller aktivitetsendring i utgifter.

Økonomiplanen bygger elles på føresetnadar i vedtekne styringsdokument som Arealdelen av kommuneplan 2018-2030, Samfunnsdelen av kommuneplan 2022-2034, Timeplan 2023-2026, Årsrapport 2022, tertialrapportar i 2023 og andre politiske vedtak i løpet av året.

### 3.1 Statsbudsjettet 2024

Det økonomiske opplegget for kommunesektoren for 2024 kjem fram i statsbudsjettet frå Kommunal- og distriktsdepartementet. Fleire av prioriteringane frå fjoråret blir vidareført:

- Ein heilskapleg politikk for heile Norge
- Berekraftig utvikling
- Omstilling og fornying i offentleg sektor
- Digitalisering og ny teknologi – desentralisering i praksis
- Vidareutvikla bustad- og bygningspolitikken
- Ein aktiv distriktspolitikk

Eit viktig mål for regjeringa er at folk har tilgang på arbeid, bustad og gode tenester nær der dei bur.

Kommunesektoren sine samla inntekter er anslått til 702 milliardar kroner i 2024 og utgjer 19 % av BNP (Brutto nasjonalprodukt). Kommunesektoren sine frie inntekter består av skatteinntekter og rammetilskot. Dei frie inntektene utgjer 72 % av dei samla inntektene.

Regjeringa har lagt opp til ein realvekst i kommunesektorens frie inntekter på om lag 6,4 milliardar kroner, noko som svarer til ein realvekst på 1,3 %. Av veksten blir 3,8 milliardar kroner anslått å gå til auka demografikostnadar og 2 milliardar kroner til auka pensjonskostnadar i 2024.

Veksten i frie inntekter for kommunesektoren vert fordelt med 5,1 milliardar kroner på kommunane og 1,3 milliardar kroner på fylkeskommunane. Innanfor veksten til kommunane er 150 millionar kroner grunngitt med satsing på psykisk helse og rus, medan 100 millionar kroner er fordelt til dei kommunane som taper mest på modellen for gradert basiskriterium. I tillegg kjem 40 millionar kroner til helsestasjon og skulehelsetenesta.

Regjeringa har også foreslått endringar i frie inntekter knytt til endringar i oppgåver for kommunesektoren. For 2024 utgjer endringane i pålagte oppgåver ein auke i dei frie inntektene på 3,8 milliardar kroner. Redusert maksimal foreldrebetaling i barnehagane utgjer den største endringa med 1,56 milliardar kroner i 2024. I tillegg kjem heilårseffekt av auka sosialhjelpssatsar og gratis kjernetid for 2. trinn i SFO og auka basistilskot.

Regjeringa foreslår å løyva til saman tre milliardar kroner til heildøgns omsorgsplassar i 2024. Tilsegnsramma svarer til investeringstilskot til om lag 1 500 plassar i 2024. Forslaget inneber

ei løyving på 300 millionar kroner i 2024 som skal dekkja første års utbetaling av tilsegnssramma. Regjeringa vil vidareutvikla bustadpolitikken, og skal leggja fram ei stortingsmelding om den heilskaplege bustadpolitikken våren 2024.

## 3.2 Rammer og føresetnader

Kommunedirektørens budsjettforslag (Alle beløp i millionar kroner)	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Økonomiplan				Endring 2023-2024
			2024	2025	2026	2027	
Rammetilskot	493,8	561,9	602,0	619,5	624,5	633,5	7,1 %
Skatteinntekter	769,4	708,6	778,0	788,0	800,0	807,0	9,8 %
Eigedomsskatt	2,4	4,1	6,4	8,0	9,6	11,2	56,1 %
Andre driftsinntekter	513,9	431,8	469,9	455,6	446,7	439,5	8,8 %
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>1 779,4</b>	<b>1 706,4</b>	<b>1 856,3</b>	<b>1 871,1</b>	<b>1 880,8</b>	<b>1 891,2</b>	<b>8,8 %</b>
<b>Driftsutgifter</b>	<b>1 762,3</b>	<b>1 635,2</b>	<b>1 759,8</b>	<b>1 769,1</b>	<b>1 779,7</b>	<b>1 786,3</b>	<b>7,6 %</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>17,2</b>	<b>71,3</b>	<b>96,4</b>	<b>102,0</b>	<b>101,1</b>	<b>105,0</b>	<b>35,3 %</b>
<b>Finansinntekter</b>							
Renteinntekter	17,2	27,1	33,4	33,2	32,7	31,7	23,1 %
Utbytter og gevinst/tap fin plass.	37,3	42,0	43,5	45,5	47,5	52,2	3,6 %
Renteutgifter	31,6	63,3	86,7	92,1	88,8	98,0	36,9 %
Avdrag på lån	59,9	63,3	70,1	75,1	78,4	79,5	10,7 %
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>-37,1</b>	<b>-57,5</b>	<b>-79,9</b>	<b>-88,5</b>	<b>-87,0</b>	<b>-93,6</b>	<b>38,9 %</b>
Motpost avskrivningar	94,4	10,8	12,5	14,0	15,1	16,8	16,1 %
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>74,5</b>	<b>24,5</b>	<b>29,0</b>	<b>27,5</b>	<b>29,1</b>	<b>28,1</b>	<b>18,3 %</b>
Netto fondsbruk	47,0	-3,4	1,0	-19,0	1,5	2,0	
Overført til investeringar	27,5	27,9	27,9	46,4	27,6	26,1	0,0 %

### 3.2.1 Inntektsføresetnader

#### Skatteinntekter og rammetilskot

Summen av inntektsskatt, formueskatt og statlege rammeoverføringar utgjør saman med eigedomsskatten, kommunen sine frie inntekter. Skatt og rammetilskot er justerte med forventna lønns-, pris- og folkevekst. Skatteinngangen er budsjettert med 98 % av landsgjennomsnittet per innbyggjar, tilsvarende som i 2023. Skatteinnbetalingane for Time per utgangen av september 2023 ligg på 97,3 % av landsgjennomsnittet. Før oljekrisa i 2014 var skatteinntektene på 106 % av landsgjennomsnittet. Kommunen har dei siste åra nærma seg landsgjennomsnittet igjen.

I kommuneproposisjonen for 2024 vart det varsla at den kommunale skattøyren skal fastsettast ut frå ei målsetting om at skatteinntektene skal utgjere 40 % av kommunane sine samla inntekter. Anslaget på kommunesektoren sine skatteinntekter i 2024 bygger mellom anna på ein sysselsetjingsvekst på 0,1 % og ein årslønnsvekst på 4,9 % frå 2023 til 2024, og utgjør 220,2 milliardar kroner. Det er foreslått at den kommunale skattøyren blir redusert med 0,2 prosentpoeng til 10,95 %. Utan reduksjonen i skattøyre vil skatteinntektene overstige 40 % av samla inntekter.

Rammetilskotet er basert på objektive kriterium der mellom anna alder betyr mykje. Det er folketal per 1. juli kvart år som dannar grunnlag for rammetilskotet. Frå 2018 til 2022 har talet på barn i alder 0-5 år gått ned med 105 barn. Det er budsjettert med ein ytterlegare nedgang i åra framover.

#### Andre inntekter

Av andre inntekter i 2024 kjem 52,9 millionar kroner frå brukarbetaling og 186,9 millionar kroner frå husleigeinntekter og sal av varer og tenester, inklusiv gebyrinntekter for sjølvkosttenestene. Betalingsssatsane for 2024 er prisjusterte, sjå vedlegg «Prisar 2024». I rekneskapen vert i tillegg momskompensasjonen inntektsført.

Gebyr for sjølvkosttenestene feiing, vatn, avløp og renovasjon utgjer 112,8 millionar kroner, opp frå 99,6 millionar kroner i 2023. Årsakene til denne veksten er auka energikostnader og auka rentekostnader. Store nye investeringar i overvasshandtering, utskifting av kommunale VA-anlegg og store investeringar i IVAR-regi påverkar også gebyrsatsane.

Ulike statstilskot utgjer 130 millionar kroner i inntekt i 2024. Dei største inntektene gjeld 61,3 millionar kroner til ressurskrevjande tenester, integreringstilskot til flyktningar på 53 millionar kroner og statstilskot til opplæring i norsk og samfunnsfag for flyktningar på 4,8 millionar kroner.

Kommunen har ansvar for fleire interkommunale tenester, jamfør kapittel 8.2, og betaling frå samarbeidande kommunar og refusjonar frå fylkeskommunen er budsjettert til 77 millionar kroner.

Kommunen har ein frikraftavtale med Lyse etter salet av Maudal kraft. Krafta vert brukt i eiga verksemd i kommunen. I budsjettet er det lagt opp til ein pris på 1 kroner per kWh. Verdien er i 2024 budsjettert til 4,5 millionar kroner og vert inntektsført som frikraft og utgiftsført slik at kommunen sitt energiforbruk kan samanliknast med andre kommunar.

Inntekter på 1,2 millionar kroner frå kommunen sine justeringsretts-avtalar med private utbyggjarar er også inntektsførde her.

Det er frå 1.7.2022 innført ei produksjonsavgift på vindkraft. Denne avgifta er frå 2023 på 2 øre kWh og kommunen forventar 2,3 millionar kroner årleg frå 2024.

### **Finansinntekter**

Det er budsjettert med eit rentenivå på 5,5 % i 2024 og 2025, før det blir redusert til 5,0 % dei to siste åra i perioden. Dei same føresetnadane er også nytta på finansutgiftene.

Det er budsjettert med eit utbytte frå Lyse 745 millionar kroner og av dette vil Time få 43,5 millionar kroner i 2024. Utbyttet aukar i perioden til 52,2 millionar kroner.

Kommunen har ved utgangen av august 2023 plassert 16,3 millionar kroner i aksjar og aksjefond for å oppnå høgare avkastning enn bankrenter.

### **Eigedomsskatt**

Det vart i budsjettvedtaket for 2021 innført eigedomsskatt på kraftanlegg, vindkraftverk og kraftnett etter eigedomsskattelova § 3 bokstav c, frå 2021.

Denne skatten er i økonomiplanen auka med 1 promille kvart år, frå 1 promille i 2021 til 7 promille i 2027. Eigedomsskatten i 2024 vert på 4 promille.

Eigedomsskatten er budsjettert med 6,4 millionar kroner i 2024, aukande til 11,2 millionar kroner i 2027.

## **3.2.2 Utgiftsføresetnadar**

### **Lønns- og prisutvikling**

Den kommunale deflatoren er i statsbudsjettet sett til 4,3 % i 2024, med utgangspunkt i ein forventa lønnsvekst på 4,9 % og prisvekst på 3,4 %.

Tenesteområda får full kompensasjon for lønnsvekst, men berre delvis for prisveksten.

I budsjettrammene har tenesteområda fått kompensasjon tilsvarande ein prisvekst på 4,9 %. Dette for å kompensera manglande priskompensasjon dei siste åra. Dette utgjer til saman 9,4 millionar kroner til kjøp av varer, tenester og dessutan justering av kommunale tilskot og refusjonar. Beløpet inkluderer tilleggsløyving frå 1. tertialrapport 2023.

### **Pensjonskostnadar**

Pensjonspremien er usikker. Størrelsen er avhengig av framtidig lønns- og grunnbeløpsvekst. Lønnsveksten i 2024 vil avhenga av utviklinga i norsk økonomi og me legg her regjeringa sine føresetnadar til grunn. Premien er ikkje minst avhengig av avkastning i pensjonsordninga. I 2024 har me budsjettert med 10 % for lærarar, 21,75 % for sjukepleiarar og 21 % for andre kommunalt tilsette. Satsane inkluderer 2 % som dei tilsette betalar sjølv.

Totalt budsjetterer kommunen med ein pensjonspremie på 139,9 millionar kroner i 2024 mot 168 millionar kroner i 2023. Pensjonspremien i 2024 ved bruk av premiefond med 30 millionar kroner, blir netto 109,9 millionar kroner. Pensjonspremien i 2023 er netto 111,7 millionar kroner ved bruk av premiefond med 56,3 millionar kroner.

Premiefondet er ved utgangen av august 2023 på 44,1 millionar kroner. Premiefondet får tilført midlar når avkastninga i pensjonselskapet vert høgare enn garantert rente. Kommunen budsjetterer med å bruka 30 millionar kroner av premiefondet i perioden. Premiefondet kan berre nyttast til å betala pensjonskostnadar.

### **Tilskot til private barnehagar**

Tilskotet til private barnehagar for 2024 er basert på rekneskapen for 2022 og justert for forventta kommunal deflator i 2023 på 4,5 % og 4,3 % i 2024. Både kompensasjon for høg prisvekst og for reduksjon i foreldrebetalinga frå 3000 kroner til 2000 kroner fører til betydeleg auke i tilskotet til dei private barnehagane.

Kommunen kompenserer dei private barnehagane for alle former for statleg innførte reduksjonar i betalingssatsar som søskenmoderasjon, gratis kjernetid for 2-5 åringer, gratis barnehage for tredje barnet for familiar som har tre eller fleire barn i barnehagen samtidig og redusert foreldrebetaling for låginntektsfamiliar. I tillegg får barnehagane i Time finansiering for eit-åringane frå august, uavhengig av oppstartdatoen i perioden august-desember.

I tilskotet for 2024 er det nytta pensjonspremie på 10 %. Barnehagar med høgare sats kan søka kommunen om høgare tilskot.

### **Finansutgifter**

Samla lån er ved utgangen av 2022 på 1 636 millionar kroner. Kommunen har sikra renta på om lag 25 % av låneporteføljen, 22 % vert dekkja av utlånsrenter og 24 % vert dekkja av eigedomsavgifter og andre refusjonar. Rentebinding gjer at renteendringar vert gradvis innfasa fram til 2027.

### **Lønnsreserve**

Det er for 2024 sett av 38 millionar kroner i lønnsreserve. Av reserven gjeld 11 millionar kroner lønnsoppgjeret i 2023. Lønnsreserven for 2024 er rekna ut frå føresetnaden om forventta lønnsvekst i statsbudsjettet på 4,9 %.

Årslønnsveksten for 2023 er på 5,4 % og all lønnsendring har verknad frå 1. mai 2023. Ulempetillegg for helg- og nattarbeid blei endra med verknad frå 1. januar 2023. Det er ikkje forventa same lønnsveksten i 2024 som i 2023. Overhendet som skal reknast inn i lønnsveksten for 2024 er noko høgare en normalt.

### 3.3 Nøkkeltal og risikoanalyse

#### Økonomiske nøkkeltal

I tabellen under er vedtekne måltal viste saman med kva kommunedirektøren har lagt inn i økonomiplanen for 2024-2027.

Finansielle nøkkeltal	Vedtatte måltal	Økonomiplan			
		2024	2025	2026	2027
Overført til investering	2,0 %	2,0 %	3,3 %	1,9 %	1,8 %
Netto driftsresultat	1,5 %	1,6 %	1,5 %	1,5 %	1,5 %
Disposisjonsfond	min 6%	8,1 %	8,0 %	6,9 %	6,9 %
Netto renteberande gjeld av frie inntekter	max 60%	75,6 %	74,3 %	69,1 %	65,5 %
Lånefinansiering av investeringane	max 50%	53,7 %	42,9 %	38,9 %	67,0 %

#### Overført til investering

Kommunen har som målsetting å setta av 2 % av skatt og rammetilskot til finansiering av investeringane. I framlagt økonomiplan er det avsett 2,0 % til delfinansiering av investeringane i 2024, aukande til 3,3 % i 2025 og vidare fallande til 1,8 % i 2027. Auken i 2024 kjem av bruk av disposisjonsfond til å finansiera omkøyringsveg på Kvernaland.

#### Netto driftsresultat

Kommunedirektøren budsjetterer med eit netto driftsresultat på 28,9 millionar kroner i 2024. I resten av perioden ligg driftsresultatet mellom 27,4 og 29,1 millionar kroner. Kommunestyret har vedtatt eit mål om 1,5 % i netto driftsresultat. Det framlagte budsjettet viser eit netto driftsresultat i samsvar med måltal i kommande periode. Netto driftsresultat bør aukast ved auka investeringsnivå og for å dempa vekst i gjeldsgrada. Eit høgare netto driftsresultat betyr høgare eigenfinansiering av investeringane.

#### Disposisjonsfond

Disposisjonsfondet er etter eit godt årsresultat dei siste åra på 10,4 % ved utgangen av 2022. Målsetjinga er 6 %. At Time kommune har opparbeidd seg ei reserve gjer kommunen mindre sårbare ved uventa hendingar sidan midlane kan verka som ein økonomisk buffer. Det er vedteke å bruka om lag 21 millionar kroner i 2023, og det vert budsjettert med bruk av disposisjonsfond til finansiering av kommunen sin del av tilskotet til omkøyringsveg på Kvernaland. Utan nye avsetningar vil disposisjonsfondet verta redusert til 6,9 % i slutten av perioden.

#### Lånefinansiering av investeringane

Forslaget frå kommunedirektøren inneber eit lågare investeringsnivå enn i gjeldande økonomiplan. Prioriteringar og grep med å forskyva store investeringsprosjekt, betyr lågare låneopptak. Time vil i gjennomsnitt vera omtrent på måltal, sjølv om lånefinansiering er høgare enn måltal i enkelte år.



## Netto lånegjeld betalt av frie inntekter

Kommunen har mål om maksimalt 60 % netto lånegjeld betalt av frie inntekter. I heile planperioden er netto lånegjeld høgare enn måлтаlet, men fallande etter dei grepa kommunedirektøren foreslår i kommande planperiode.

## Risikoanalyse

Langsiktig gjeld	Rekneskap 2022	Budsjett 2023	Økonomiplan			
			2024	2025	2026	2027
Nye lån	137,3	249,4	177,3	129,9	117,9	129,3
Avdrag	78,3	73,3	80,1	85,1	88,4	89,5
<b>Brutto gjeld 31.12.</b>	<b>1 636,6</b>	<b>1 812,7</b>	<b>1 909,9</b>	<b>1 954,7</b>	<b>1 984,2</b>	<b>2 024,0</b>
Ansvarleg lån Lyse 2009 - 2038	93,3	87,5	81,7	75,9	70,1	64,3
Ansvarleg lån Lyse 2023 - 2033	0,0	0,0	21,0	18,7	16,3	14,0
Husbanklån til utlån	257,1	272,1	287,1	302,1	317,1	332,1
Andre utlån	11,5	11,5	11,5	11,5	11,5	11,5
Ubrukte lånemidlar	10,8					
<b>Netto gjeld 31.12.</b>	<b>1 263,8</b>	<b>1 441,6</b>	<b>1 550,6</b>	<b>1 583,8</b>	<b>1 601,8</b>	<b>1 630,1</b>
Avløp, vassverk, renovasjon	347,6	415,7	466,9	499,4	581,6	654,4
Kompensasjon skulebygg	24,8	22,8	20,7	18,6	16,6	14,5
Eldrereform	18,8	17,1	15,4	13,7	12,0	10,3
<b>Netto renteberande gjeld 31.12.</b>	<b>872,6</b>	<b>986,0</b>	<b>1 047,6</b>	<b>1 052,1</b>	<b>991,6</b>	<b>950,9</b>
Folketall 01.01	19 353	19 781	19 990	20 215	20 447	20 708
Netto gjeld per innbyggjar i kr	65 304	72 876	77 566	78 349	78 338	78 716
Netto renteberande gjeld pr innbyggjar kr	45 088	49 846	52 404	52 046	48 495	45 917

Time har hatt store investeringar og har høg gjeld per innbyggjar. Gjelda fortset å auka i planperioden. Netto renteberande gjeld i forhold til frie inntekter ved utgangen av 2022 var på 71,6 %. Tabellen om finansielle nøkkeltal viser at denne aukar til 75,6 % i 2023 og held seg høg i heile perioden. Utviklinga i planperioden er positiv og kommunen bør streva etter å koma under måлтаlet.

Kommunen er med høg gjeld utsett for renterisiko. Ei aukande lånegjeld i kombinasjon med eit stigande rentenivå, har medført at ein stadig større del av driftsinntektene må nyttast til å betena kapitalkostnader. Dersom renta aukar meir enn budsjettert vil det gje store utslag i kostnaden for kommunen. Kommunedirektøren har budsjettert med marknadsrente på 5,5 % i 2024 og 2025, før den faller til 5,0 %. Det er svært usikkert om rentetoppen er nådd. Ein auke på 1 prosentpoeng vil gje ein auke i nettokostnadane på om lag 7 millionar kroner.

Time kommune har ein eigardel i Lyse AS på 5,832 %. Det er budsjettert med eit utbytte frå Lyse 745 millionar kroner i 2024 og av dette vil Time få 43,5 millionar kroner i 2024. Utbyttet aukar i perioden til 52,2 millionar kroner. Ekstraordinært utbytte i 2023 er gjort om til ansvarleg lån som blir betalt tilbake med renter og avdrag i 10 år. Effekten av dette er innarbeidd i budsjettet.

Kommunen har dei siste åra auka utlåna av startlån til etablering, og har i dag små problem med innkrevjing av renter og avdrag. Dei fleste som har fått innvilga lån dei siste åra har 10-års fastrente og blir derfor ikkje ramma av renteauka. Når bustadane vert selde, dekkjer vanlegvis salssummane startlånet.

I tillegg til oppstillinga ovanfor har interkommunale selskap tatt opp gjeld som Time hefter for. For Time gjeld dette i særleg grad IVAR (interkommunalt vann, avløps- og renovasjonsverk) der kommunen ved utgangen av 2022 hefta for 258,5 millionar kroner.

# 4 Folkehelse


## 4.1 Status og utfordringar

God folkehelse vert skapt gjennom god samfunnsutvikling. Det er ei rekke forhold som påverkar helsa til innbyggjarane, som arbeid, utdanning, bustad, fysisk og sosialt miljø. Kommunen skal ha nødvendig oversikt over helsetilstand og positive og negative faktorar som kan verka inn på denne for å kunna planlegga og gjennomføra effektive tiltak.

Det er folkehelseprofilen som legg dei overordna føringane for kommunen sitt folkehelsearbeid, og gjeldande folkehelseprofil har fem prioriterte innsatsområde:

Utfordringar	Prioriterte område
Aukande førekomst av psykiske plager og lidingar, spesielt blant unge Fråfall i vidaregåande skule Høg del unge uføre	<b>Psykisk helse</b>
Aukande grad av unge i låginntektsfamiliar Aukande sosiale helseforskjellar Høgare andel sosialhjelpsmottakarar 20-66 år enn nabokommunar, fylket og landet	<b>Inntektsskilnadar</b>
Utrygge skuleveggar	<b>Skuleveggar</b>
Størst auke i den eldste delen av befolkninga	<b>Eldreressursen</b>
Låg dekningsgrad av nærturterreng og naturområde Låg fysisk aktivitet blant innbyggjarane generelt Aukande førekomst av overvekt og fedme	<b>Aktivitet mangfald</b>

Time kommune har ei målsetting om at trenden over tid skal vera at 90 % fullfører vidaregåande opplæring. For skuleåret 2022/2023 var fullføringsgraden etter 5/6 år 80,7%. Dette er ein stor nedgang frå året før då fullføringsgraden var 89,9%. Trenden har sidan 2014 vore ei gradvis auke i talet på elevar frå Time som har fullført. Dette året er det første året som syner tilbakegang. Ser ein Time opp mot andre kommunar, syner det same trenden med tilbakegang også her, men i mykje mindre grad enn for Time elevane.



I ein revisjonsrapport frå 2021 knytt til kommunen sitt førebyggjande arbeid mot barn og unge, og Agenda Kaupang sin rapport om grunnskulen frå 2022, vert prosjektet «Laget rundt læraren og eleven» spesielt trekt fram som eit viktig førebyggjande tiltak. Ulike profesjonar som er tilgjengelege rundt barn og unge, er ein viktig faktor i det førebyggjande arbeidet og for å ha kompetanse når behov oppstår. Det er nå sett i gang arbeid med å etablera tilsvarende struktur også i barnehagane.

I følgje Ungdata 2022 har barn og unge i Time kommune det godt, og dei er tilfredse med livet. Talet på unge i ungdomsskulen og i vidaregåande skule som opplever psykisk uhelse har lege stabilt sidan 2019 etter å ha auka frå 2016 til 2019. Indikatorane i Oppvekstprofilen tyder på at barn og unge si opplevde helsetilstand ligg på nivå med Rogaland og landet elles. Samstundes melder ungdommen i Time kommune at dei er signifikant meir tilfredse med livet enn Rogaland og landet elles. Sjølv om ungdomspopulasjonen melder at dei har det bra, synar tal frå barne- og ungdomspsykiatrien (BUP) og det kommunale familiesenteret at det er ei auke når det gjeld saker knyt til moderate og alvorlege psykiske vanskar.

I økonomiplanen ligg det inne fleire tiltak som skal vera med å leggja til rette for aktivitetsmangfald, mellom anna Bryne storhall og fleire prosjekt for tilrettelegging for friluftsliv.


Det er få trafikkulykker i Time. Likevel er det mange elevar som opplever at skulevegen er utrygg. Det kan vera manglande lys eller fortau, mykje trafikk eller høg fart. Handlingsplan for trafikktryggleik skal steg for steg gjera skulevegane tryggare.

Time samarbeider med Klepp kommune om handlingsplan for aldersvennleg samfunn. Det vert også arbeida med å styrka lågare trinn i tenestetrappa i Helse og velferd og styrking av frivillig arbeid og eldreressursen.

Innafor alle tenestoområda er det tiltak som gjeld utfordringar som kjem fram av folkehelseprofilen. Dei er merka med «Folkehelse».

#### **4.1.1 Barnefattigdom**

Talet på barnefattigdom i Time har halde seg stabilt på 8,8 prosent mellom 2019 og 2021 og ligg 1,2 prosentpoeng lågare enn Rogaland, og langt under landsgjennomsnittet på 11,3 prosent. Det slår positivt ut i denne statistikken at aktiviteten i arbeidsmarknaden i Rogaland er høg, og at arbeidsløysa følgeleg er så låg som 1,7 prosent ved utgangen av september 2023.




Kjelde: SSB

Det viktigaste tiltaket for å redusere barnefattigdom er det langsiktige arbeidet med å få fleire til å fullføre vidaregåande opplæring og å arbeida for at flest mogleg skal ha eit arbeidsforhold det går å leva av.

Ut frå funn «Folkehelseundersøkinga 2020» er eit anna viktig tiltak når det gjeld barnefattigdom å redusere opplevinga av dårleg økonomi. Levekostnadane har auka vesentleg det siste året og det er venta ytterlegare kostnadsvekst inn i 2024. For å hindra at dette går ut over barn og unge sin moglegheit til å delta på faste, organiserte fritidsaktivitetar føreslår kommunedirektøren ei eingongsløyving på 300 000 kroner for å dekke utgifter til dette i 2024.

#### 4.1.2 Trangbuddheit

Trangbuddheit er ein levekårsindikator som kan sei noko om dei økonomiske og materielle forutsetningane for gode levekår. Bustadstorleik kan ha mykje å seie for enkeltpersonars moglegheiter til privatliv, avslapping og leik, og er difor ein viktig del av bustadstandarden. Når det gjeld helse kan trangbuddheit for eksempel føre til auka spreing av sjukdommar, og mangel på privatliv kan føre til auka stress og søvnproblem. Utviklinga i Time synar ein nedgang i trangbuddheit mellom 2017-2022. Kommunen har eit systematisk fokus på at reguleringsplanar skal ha varierte bustadtypar, og å finne egna bustadar til personar og familiar med rett til kommunal bustad. Samtidig er det verdt å merke seg at sidan dette gjeld relativt få hushaldningar, så kan det gi betydelege statistiske utslag at ei hushaldning får ei større bustadeining, det same kan inn- og utflytting av økonomisk vanskelegstilte.



#### Tiltak som kommunen har per i dag:

- Jærkortet. Samarbeid mellom kommunane Klepp, Time og Hå som gir gratis tilgang til utvalde kultur- og idrettsaktivitetar. NAV administrerer og finansierer ordninga. Totalt 150 kort per kommune, som kan brukast på tvers av kommunane.
- Redusert foreldrebetaling i barnehage for låginntekstfamiliar.
- Redusert foreldrebetaling i kulturskulen for låginntekstfamiliar.
- Gratis kjernetid i barnehage for 2-5 åringar i låginntekstfamiliar.
- Gratis internett for familiar med barn i grunnskulealder som tek imot sosialhjelp.
- Utstyrssentral for friluft- og idrettsutstyr.
- Leksehjelp på biblioteket i samarbeid med Bryne Røde Kors.
- Samarbeidsprosjekt «ALLE MED» med eigen koordinator for å inkludera barn og unge i idretts- og fritidsaktivitetar i heile kommunen.
- Kommunen bruker årleg 25 millionar kroner til startlån og 1,5 millionar kroner i etableringstilskot for å få familiar med låg inntekt inn på bustadmarknaden.
- Det vart frå 2023 innført at barnetrygda ikkje skal tella som inntekt når sosialhjelpa vert utmåla.
- Alle elevar får eigen iPad.
- Redusert foreldrebetaling for låginntekstfamiliar for barn på 1. til 4. trinn i SFO.
- Gratis kjernetid i SFO for barn i 1. og 2. klasse.
- Redusert foreldrebetaling i kulturskulen for låginntekstfamiliar.

Tiltaka er plasserte i dei respektive tenesteområda.

Generelle tiltak, som biblioteket og alle gratis tilbod som finns der eller tilgang til friområde og aktivitetstilbod i nærmiljøet, er tiltak som alle kan nytta seg av uavhengig av økonomisk situasjon. NAV gir i tillegg støtte til ulike tiltak til barn og unge ut frå individuelle vurderingar.

## 4.2 Mål for langtidsperioden

- **Inntektsforskjellar:** Innbyggjarar skal kunna bruka allmenne tilbod i kommunen uavhengig av inntekt.
- **Skuleveggar:** Alle elevane skal ha ein trygg skuleveg.
- **Eldreressursen:** Minst 50 prosent av innbyggjarane over 70 år skal vera med på frivillig arbeid.
- **Aktivitetmangfald:** Aktive innbyggjarar i nærmiljøet.

## 5 Tenester

Netto driftsutgifter (1000 kr)	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan				Endring
	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2023-2024
Oppvekst	578 752	597 806	655 592	651 267	652 987	651 168	9,7 %
Helse og velferd	453 040	444 181	494 378	499 603	508 478	514 353	11,3 %
Samfunn	142 676	145 537	135 254	134 689	134 324	134 509	-7,1 %
Stabstenester	75 523	79 988	84 963	85 793	85 058	85 683	6,2 %
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>1 249 991</b>	<b>1 267 512</b>	<b>1 370 187</b>	<b>1 371 352</b>	<b>1 380 847</b>	<b>1 385 713</b>	<b>8,1 %</b>

### 5.1 Oppvekst

Tenesteområdet omfattar 24 verksemdar. Av desse er 10 grunnskular (4 ungdomsskular og 6 barneskular med skulefritidsordning), 8 kommunale barnehagar (ein med avdeling Open barnehage), helsestasjon (med jordmorteneste, skulehelseteneste og familiesenter), barnevern, pedagogisk psykologisk teneste (PPT), Time kulturskule, Bryne kompetansesenter (BKS) og felles flyktingteneste for Time og Klepp. I tillegg er det ein privat skule (1-10) og 9 private barnehagar i Time. Tenesteområdet har òg Styrka barnehage tilbud og Samordning av Lokale kriminalitetsførebyggande Tiltak (SLT) og Ungdomsteamet, som alle er organiserte inn i fagstab Oppvekst.

Tenesteområdet skal gi opplæring til barn og unge i samarbeid med føresette, driva førebygging og gi hjelpe- og støttetiltak, slik at alle barn og unge er i stand til å meistra utfordringar i livet saman med andre.

#### 5.1.1 Status og utfordringar i planperioden

Tenesteområdet vil i planperioden arbeida systematisk med tiltaksutvikling knytt til mål som er sett i ny Strategiplan for oppvekst 2023-2029.

Investering i grunntenestene barnehage, skule, helsestasjonstenesta og samhandling med føresette, vil vera avgjerande for å innfri kvalitet og krav i lovverk som sikrar best mogleg oppvekst for alle i Time kommune.

Tenesteområdet skal ha fokus på samarbeid på tvers av verksemdene i Time på ein måte som bidreg positivt til kvalitet. Det skal vera tett samarbeid med dei andre tenesteområda i kommunen for å fremja eit godt oppvekstmiljø.

#### Demografisk utvikling

År			2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Geografi	Alder	Måltall								
<a href="#">Hele landet</a>	0-17 år	andel (prosent)	21,6	21,5	21,3	21,1	20,8	20,6	20,4	20,3
<a href="#">Rogaland</a>	0-17 år	andel (prosent)	24,0	23,9	23,8	23,6	23,3	23,2	23,0	22,8
Time	0-17 år	andel (prosent)	25,7	25,7	25,4	25,3	24,7	24,5	24,5	24,4

*Kommunehelsa (fhi.no). Andel barn i alder 0-17 år av befolkning*

I Time kommune har del av befolkninga i alderen 0-17 år vore stabilt høgt over tid sett opp mot regionen og landet. Tilnærma 25% av befolkninga er i denne aldersgruppa, og del av Oppvekst sine tenester.

Alder	Pr. 31.12 2022	Framskrivning				Auke i % 2022-2027	Auke i % 2022-2035
		2023	2027	2031	2035		
0-2 år	706	718	709	729	755	0,4 %	6,9 %
3-5 år	752	728	749	770	794	-0,5 %	5,6 %
6-12 år	1 997	1 962	1 893	1 892	1 934	-5,2 %	-3,1 %
13-15 år	870	902	873	861	855	0,4 %	-1,7 %
<b>Sum 0-15 år</b>	<b>4 325</b>	<b>4 310</b>	<b>4 224</b>	<b>4 252</b>	<b>4 338</b>	<b>-2,3 %</b>	<b>0,3 %</b>

Framskrivningane i tabellen over syner at ein forventar at talet på barn og unge i alderen 0-15 år vil reduserast i nokre år før det går opp på tilsvarende dagens nivå i 2035.

Det vert i 2024 utforma ny Barnehage- og Skulebruksplan. I dette arbeidet vil drifts- og ressursanalysen som blei gjennomført av Agenda Kaupang i 2022, vera del av grunnlaget.

### *Flyktningsituasjon knytt til krigen i Ukraina*

Å busetta og integrera flyktningar er eit arbeid som involverer store delar av kommunen på tvers av tenester og tenesteområde. Tenester som er direkte involverte i arbeidet er Flyktingtenesta, Bryne kompetansesenter, skule, barnehage, helsestasjon/flyktinghelseteneste, Fritid, Eigedom, NAV, Frivilligsentralen og anna støtteapparat ved behov.

Grunna krigen i Ukraina har kommunen fått auka oppmoding frå IMDI om busetting av flyktningar. For 2023 har Time kommune fatta vedtak om å busette 185 flyktningar. Ny oppmoding for 2024 er venta i slutten av innverande år.

Desse får bustad, skule og barnehage. Alle mellom 18 og 55 år får tilbod om introduksjonsprogram, og dei som deltek har rett på introduksjonsstønad. Dette er eit arbeid som vil få økonomiske konsekvensar i 2024 òg i åra som kjem.

Kostnadar knytt til bemanning, tolketenester og tilrettelegging for flyktningar vert finansiert av auka integreringstilskot. Desse vert utløyst når flyktingane får innvilga busetting av Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi).

### *Psykisk helsehjelp barn og unge*

Tal frå Barn- og Ungdomspsykiatrien og Familiesenteret syner ein auke i talet på barn og unge med moderate til alvorlege psykiske vanskar. Det som tidlegare blei handtert av spesialisthelsetenesta vert vist tilbake til kommunen for oppfølging. I samband med omlegging av Helse Vest sitt arbeid med autisme og aukande kompleksitet knytt til psykiske vanskar, vert det viktig å prioritera tilsetting av kompetanse som til dømes psykolog i Oppvekst. Det er behov for å bygga opp psykisk helsehjelp for barn og unge i kommunen, og det er lagt inn eitt årsverk psykolog med oppstart i august 2025.

### *Oppvekstmiljø og førebygging*

For å sikra eit godt oppvekstmiljø er samarbeid med Blå Kors Bryne som koordinerer og administrerer arbeidet med natteramn på kveldstid i helgene der barn og unge oppheld seg. Avtalen som blei inngått går ut i 2024 og skal evaluerast, og eventuelt reforhandlast før året er omme.



## Barnehage

Innhaldet i barnehagane vert styrt av Rammeplan for barnehage. Rammeplanen er forskrift til Lov om barnehage.

I Time kommune var det 1152 barn i barnehagane per 15.12.2022. Dette er ein auke på 6 barn frå tilsvarande periode i fjor. Framskriving av barnehagebehovet 3-5 år syner for planperioden ein kort periode med nedgang, men at talet vil vera på dagens nivå igjen i 2027. Det er knytt usikkerheit til framtidige fødselstal i kommunen. Det vil vera god kapasitet på barnehageplassar i heile planperioden.

Kvalitetsplan for barnehage 2016-2022 skal reviderast i 2024. Det vil som del av revisjonen verta vurdert om planen må endrast i form, sett i lys av Strategiplan for Oppvekst 2023-2029.

Time kommune er ein del av region sør (Sandnes, Jæren og Dalane) i den nasjonale ordninga Regional ordning for kompetanseutvikling (Rekom). Region sør får statleg tilskot i ordninga og har valt ut to område som ein vil ha fokus på. Områda er leining og barnehagebasert kompetanseutvikling.

Barnehagane vil i planperioden ha fokus på tre område:

*Trygt og godt barnehagemiljø:* Etter deltaking i prosjektet IBS (inkluderande barnehage og skulemiljø) skal kommunen i 2024 leggja ein plan for systematisk oppfølging av kunnskap og erfaring som er erverva.

*Utviklingsstøttande praksis på småbarnsavdelingane* er eit utviklingsarbeid for perioden 2020-2024. Målet med prosjektet er å heva kvaliteten på den allmennpedagogiske praksisen på småbarnsavdelingane for å:

- Gje alle barn gode utviklingsmoglegheiter
- På sikt redusera behovet for spesialpedagogisk hjelp seinare i livet

I 2024 vil Jærkommunane samarbeida om å vidareutvikla felles kompetanseportal.

Lokalt skal det i 2024 utarbeidast planar for utviklingsstøttande praksis på småbarnsavdelingane i den enkelte barnehage saman med universitetet, PPT og helsestasjon.

*Digital praksis i Time-barnehagane:* Det er utarbeidd ein plan for Digital praksis i dei kommunale barnehagane i Time for 2022-25. I 2024 skal det opprettast ei nettverksgruppe der ein ressursperson frå kvar barnehage deltek. Nettverket vil bli leia av IKT-rådgjevar og stab, og ha fokus på erfaringsdeling og kompetanseheving.

### *Styrka barnehage*

Tal frå Basil-rapportering pr. 15.12.22 syner at 2,6 % av barn i barnehagane i Time mottek spesialpedagogisk hjelp etter §31 i Barnehagelova. Dette er under snittet nasjonalt, som ligg på 3 %. Vidare syner tal på kommunenivå at gjennomsnittleg timetal per barn som mottek spesialpedagogisk hjelp aukar.

Det er i økonomiplanen lagt inn eitt nytt årsverk i Styrka barnehage for å kunna arbeide systemisk og førebyggjande. Målet er å leggja til rette for ei styrking av kompetanse hjå personalet for at barnehagane i større grad skal vera i stand til å støtta barna gjennom det allmennpedagogiske tilbodet.

### *Barnehageopptak*

*Orientering om ulike løysingar på opptak* var sak i kommunestyret 13.12.22, og det vart vedteke ei endring i opptaket (KS- 090/22). Ny løysing gir rett til barnehageplass i hovudopptaket for barn som er født i desember og som er busett i Time kommune. Estimert kostnad for 2024 er på 1,1 millionar kroner og dette er lagt inn i økonomiplanen.

I KS-090/22-vedtaket ligg òg ein buffer på bemanning tilsvarande seks småbarnsplassar i hausthalvåret for å kunna tilby barnehageplass òg i hausthalvåret. Estimert kostnad på 570 000 kroner er lagt inn i økonomiplanen.

### **Undervisning**

Innhaldet i skulane vert styrt av Opplæringslova og Læreplanverket (LK20), som består av overordna del, fag- og timefordelinga og læreplanar i fag. Læreplanverket er forskrift til opplæringslova.

### *Elevtalsutvikling og kapasitet*

Det er 2878 elevar som går på skulane i Time. Talet på elevar tilhøyrande Time kommune er 2701. Dei resterande 177 elevane er ein del av elevane som går på Vardheia ungdomsskule som er tilhøyrande Klepp kommune. I planperioden fram mot 2027 syner framskrivninga ein nedgang på 5,2% i aldersgruppa 6-12 år, og ein auke på 0,4% i aldersgruppa 13-15 år.

Sak om utfordringar knytt til Hognestad skule sin bygningsmasse var del av Skulebruksplanen 2020-2028. I KS-021/22 vart det vedtatt at Hognestad skule skal utbetrast. Dette inneber å optimalisere funksjonalitet innanfor eksisterande bygg og supplera med eit tilbygg dimensjonert for 100 elevar. Berekna kalkyle for prosjektet er estimert til ca. 60 millionar kroner. Prosjektet er skjøve framover i tid, og dette er omtala i kap. 1 i innleiinga. Kostnadar er lagt etter utgangen av planperioden i 2027.

### *Elevar med særskilte behov og kapasitet*

Sak om ATO avdeling i Time kommune var oppe i kommunestyret (KS-041/22) 21.06.22 med følgjande vedtak:

- 1. Det vert oppretta ei eiga ATO-avdeling i Time kommune, som skal lokaliserast i dei ledige lokala i paviljongen ved Lye skule.*
- 2. Tiltaket må innarbeidast i komande økonomiplan.*
- 3. Mål om at ATO avdelinga er klar til oppstart august 2023*

Kostnaden for å bygga om paviljongen på Lye skule, slik at den kan brukast til ATO-avdeling, er ikkje endeleg avklart. Det er i lagt inn 20 millionar kroner i 2024, og resterande kostnad på 15 millionar kroner er lagt til 2025.

Det er hausten 2023 sett i gang planlegging av ombygging til ATO avdeling i paviljongen ved Lye skule. Det er tilsett prosjektleiar, og ein rådgjever i stab oppvekst er med i prosjektgruppa. Planen er at ATO avdelinga skal vera klar til å starta opp i august 2025.

ATO-avdelinga vert dimensjonert for 15 elevar, og det er i den politiske saka gjort greie for estimerte kostnadar tilbodet vil medføra knytt til personale og drift. Ved full dekningsgrad på 15 elevar er behovet for tilsette 22,5 årsverk. Utgreiinga i politisk sak syner ein estimert kostnad på 18,8 millionar kroner til grunnskuletilbodet. Kommunen har i dag utgifter knytt til elevar med tilsvarande tilbod ved kjøp av tenester i andre kommunar, og i eigne nærskular

pålydande 12 millionar kroner. Med fråtrekk av midla som ligg i budsjettet i dag vil dette medføra ein auke på om lag 6,8 millionar kroner i auka kostnadar for drift av ATO-avdelinga. Kostnadane er lagt inn med halvårsverknad i 2025.

For å ha kapasitet i leiinga ved Lye skule til å delta i arbeidet med ombygging av paviljongen til ATO-avdeling, og leia prosessar med tilsettingar og iverksetting av tilbodet er det lagt inn 0,5 årsverk i auka leiarressurs frå august 2024. Lønnskostnadane vert dekkja av prosjektmidlar og vert deretter lagt inn i drift.


### Føringar og rammer

Grunnskuleområdet er regulert av lovar, forskrifter og særavtalar som styrer ressurstildelinga. Føringane er gitt som minimumskrav for drift.

Den økonomiske tildelingsmodellen skal i utgangspunktet sikra at alle skulane får ressursar som samsvarer med det minimum som er fastsett i lov og avtaleverk. Grunnskulane i Time har likevel over fleire år hatt meirforbruk. Etter framlagt drifts- og ressursanalyse som blei gjennomført av Agenda Kaupang i 2022 kom det fram at grunnskulen i Time er driven kostnadseffektivt. I rapporten blei det peika på følgande som har konsekvensar fram i tid: «Det er vedteke endringar i fleire velferdstenestelover. I alt er det 14 lovendringar som skal sikra eit betre samarbeid om barn og unge som treng hjelp. Skulane er svært viktige i oppvekstreforma. Tilsvarande gjelder dette når ambisjonane vert auka i velferdslovgivinga. For Time kommune blir det viktig å vurdere om skolesektoren kan klare å innfri et økt tverrfagleg ambisjonsnivå innanfor nåverande ressursramme. Sier man ja til dette, vil man også i realiteten effektivisere skoledriften ytterligere.»

Det vart i økonomiplanen 2023-2026 løyva 9,7 millionar kroner i varig styrking frå 2023 og 2,2 millionar kroner i eingongsmidlar for 2023 i tillegg til dette. Status i 2023 etter auka budsjett syner likevel meirforbruk på undervisning. Dette omhandlar kostnadar til tiltak knytt til fosterheimplasserte barn i andre kommunar, refusjonskrav for elevar med spesialundervisning i private skular og elevar med spesialpedagogiske behov i grunnskulane.

### Spesialundervisning



Talet på elevar med vedtak om spesialundervisning i Time kommune har gått frå 6,4 % i skuleåret 2018-2019 til 8,6 % i 2023-2024. Det må tas atterhald i forhold til tala for inneverande skuleår, då endeleg godkjenning av tala vert gjorde av SSB i desember.

Talet på elevar med vedtak om spesialundervisning, og då særleg med stort omfang i timar, har auka på alle hovudtrinn. Særleg utfordrande er auken på dei høgste trinna. Ein auke i timetal som er heimla i vedtak, gjer at skulane har mindre ressursar som kan styrast inn mot tilpassa opplæring og førebyggjande tiltak.

Gjennomgang av sakkunnige vurderingar, vedtak om spesialpedagogiske hjelp og tiltak gitt etter §1-3 om tilpassa opplæring syner at budsjett for å dekkja desse kostnadane i skulane er mindre enn faktiske utgifter.

Det er føreslått eitt nytt årsverk for å tilpassa budsjett knytt til lovpålagte tiltak, tilpassa opplæring og spesialundervisning på 5.-10. trinn i 2024.

Det er lagt inn 3 millionar kroner for å dekkja meirutgifter knytt til fosterheimsplasserte barn i andre kommunar, og refusjonskrav knytt til spesialundervisning for elevar i privatskular.

Som del av oppfølging av tilrådinga i rapport om Drifts- og ressursanalysen, som blei utarbeidd av Agenda Kaupang, skal det sjåast på modellar som er nytta i andre kommunar som grunnlag for ny tildelingsmodell for våre grunnskular.

#### *Førebyggjande arbeid og organisering*

*Intensiv opplæring på 1.-4. trinn:* Det er forskriftsfesta i §1-4 i opplæringslova at elevar på 1.-4. trinn har rett på intensiv opplæring i lesing, skrivning eller rekning ved behov. Som del av oppfølging er det sett av tid til utvalde lærarar på barneskulane for å bidra internt på skulane, og for å bidra inn i eige lesenettverk i Timeskulen. Målet med tiltaket er å leggja til rette for ei tilpassa opplæring som fører til at færre elevar har behov for sakkunnig vurdering og vedtak om spesialundervisning, og å setta inn ressursar tidleg som eit verkemiddel for å unngå aukande behov. I perioden 2022-2025 er det planlagt ei opptrapping av fem årsverk som skal fordelast på barneskulane. Det er føreslått styrking på to årsverk i 2024.

*Laget rundt læraren og eleven:* Time fekk 6,93 millionar kroner i tilskot frå Rogaland fylkeskommune i perioden 2019-2023. I 2023 er ein inne i siste året, og det er gjort avtale med Senter for interkulturell kommunikasjon (SIK) for å følgja opp arbeidet med sluttevalueringa. Føremålet med prosjektet er tverrfagleg samskaping med mål om å setta i verk førebyggjande tiltak som medfører at fleire elevar opplever fagleg og sosial meistring. Etter bortfall av prosjektmidlar, er det lagt inn eitt årsverk i PPT, og eitt årsverk i skulehelsetenesta i 2024.

*Glidelåsen:* Time har i perioden 2015-2023 jobba systematisk med lokalt utvikla modell, Tett på, for oppfølging av enkelte elevar på ungdomsskulen og samhandling med vidaregåande skular. I 2016 starta Fylkeskommunen med ei ny ordning, Glidelåsen, med same føremål. Det er i 2023 gjennomført ei evaluering av Tett på modellen i Time, og denne er sett opp mot innhald og tiltak i Glidelåsen. Skilnaden mellom dei to modellane er at det i Glidelåsen er Fylkeskommunen som registrerer desse elevane og følgjer dei opp i sitt system. Denne oppfølginga har i Tett på modellen i større grad vore følgt opp av tilsette i Time. Time

kommune skal bidra med kontaktperson i arbeidet. Konklusjonen er at det nå vert signert avtale med Fylkeskommunen der Time går inn i Glidelåsen med verknad frå 2024.

### *Partssamarbeid internt, på tvers av kommunar og med universitets- og høgskolesektoren*

*Desentralisert kompetanseutviklingsordning (DEKOMP):* Timeskulen deltek i den nasjonale satsinga DEKOMP gjennom Jærskulen som er del av region sør saman med Sandnes og Dalane. Vardheia ungdomsskule er med som vår innsatsskule i arbeid med naturfag skuleåret 2023/2024

## **Barnevern**

Barnevernstenesta er organisert i tre team:

- *Mottak-, undersøking og oppfølging (MUO):* Gjennomgår og vurderer bekymringsmeldingar og gjennomfører undersøkingar. Team MUO er kontaktperson for familien etter undersøking, har koordineringsansvar, sett i verk og evaluerer tiltak og fører saker i rettsvesenet.
- *Omsorg:* Har ansvar for alle barn plasserte utanfor heimen.
- *Felles tiltaksavdeling:* Familierettleiing inn i familiar i Time, Klepp og Hå der barna bur heime hos føresette. Teamet er organisert som eiga avdeling med avdelingsleiar.

Barnevernet skal arbeida målretta for barn sine rettar til medverknad, og å føra tilbake barn til sine føresette etter omsorgsovertaking. Det er med ny Barnevernlov 2023 stilt kompetansekrav til tilsette i barnevernstenesta.

På bakgrunn av dommar i den europeiske menneskerettsdomstolen vert barneverntenesta sitt ansvar for å jobba for ei tilbakeføring av barnet (tilbakeføringsplan) presisert. Dei skal òg sikra at foreldre vert sette i stand til å få omsorga for barnet tilbake. Samværa skal vera utviklingsstøttande.

Barnevernsreforma har lagt tydelegare føringar for kommunen sitt ansvar og behov for tiltak på utsida av barnevernstenesta. Føringane medfører behov for prosessar og system for å sikra at ein har kapasitet og kompetanse i grunntenesta og gode tenester som kan bidra med rett hjelp til rett tid og stad.

Det er omsorgskommunen som har ansvar for finansieringa spesialpedagogiske tiltak for fosterheimsplasserte barn. Time sine utgifter til dette er høgare enn budsjettert, og kommunedirektøren føreslår derfor å løyva tre millionar kroner meir for å dekkja desse meirutgiftene

## **Helsestasjon- og skulehelsetenesta**

Tenesta er ei grunnteneste som møter alle gravide, barn og småbarnsforeldre. Tenesta samlar fleire fagfelt under seg: jordmorteneste, helsestasjon 0-5 år, helsestasjon for ungdom (HFU), skulehelseteneste grunnskule, skulehelseteneste vidaregåande skule og familiesenter.

Det første leveåret i barnet sitt liv er helsestasjonen for dei aller fleste den einaste offentlege instans som regelmessig møter barnet og familien.

Skulehelsetenesta har som del av prosjektet «Laget rundt læraren og eleven» (LLE) i perioden 2019-2023 fått tilført 1 årsverk gjennom folkehelsemidlar gitt av Rogaland Fylkeskommune. Dette årsverket er etter avslutning av prosjektet lagt inn som fast heimel i budsjettet frå 2024.

Ut over dette har Helsestasjonstenesta i tillegg søkt om, og fått stimuleringsstilskot frå Helsedirektoratet i perioden 2020-2023. Tilskotet har finansiert ytterlegare 1 årsverk helsesjukepleiar i skulehelsetenesta, 0,6 årsverk til jordmor og 0,5 årsverk til fysioterapeut.

Time kommune søker i 2024 vidare stimuleringsstilskot for å oppretthalda ressursane til jordmor (0,6 årsverk) helsesjukepleiar i skulehelsetenesta (1 årsverk) og fysioterapeut (0,5 årsverk). Stimuleringsstilskot vil krevja ei opptrapping av kommunale midlar.

Tilskot til jordmor gjer det mogleg å halda på tilbod om heimebesøk av jordmor til nyfødde innan tre døgn etter utskrivning frå sjukehuset. Som del av omlegging av barseltilbodet ved SUS er det avgjerande at kommunen har kapasitet til å auka jordmortenesta i kommunen i tråd med endra ansvarsfordeling mellom stat og kommune.

Tilskot til helsesjukepleiar og fysioterapeut vil kunna vidareføra dagens bemanning i skulehelsetenesta

### **Kulturskulen**

Per hausten 2023 har kulturskulen 709 undervisningsplassar, som er ei auke på 18 plassar frå i fjor. Desse plassane er fordelte på totalt 551 barn der nokre av desse deltek i fleire fag. I tillegg nyttar skulen ein del av ressursane sine på faste tenester og prosjekt i samhandling med skular, barnehagar, musikk- og kulturinstitusjonar samt kommunale institusjonar som eit lokalt ressurscenter i tråd med nasjonale føringar og rammeplan for Kulturskulen. Det blir auka noko i ramma for å sikra kapasitet til å gi tenester til t.d. demenskor i kommunen. Kulturskulen har òg program for fordjuping, Fredagsskulen, som vert finansiert med egne midlar i samarbeid med Hå kommune.

Det er eit mål at Kulturskulen skal ha ein viktig støttefunksjon og rolle i arbeidet for gode og helsefremjande oppvekstvilkår for barn og unge i Time kommune. Skulen vil fortsetta arbeidet med integrering og inkludering, og har dei siste åra hatt stor auke av søknadar frå elevar med særlege behov og elevar med framandspråkleg bakgrunn. Samarbeidet med skulane og kommunen sin «Alle Med»-koordinator har vore ein viktig årsak til dei gode resultatane.

I samband med behandling av økonomiplan 2023-2026 (KS-080/22) vart det vedtatt 500 000 kroner til utgreiing av nye lokalar i 2025. Ein vil i 2024 starta eit arbeid med å førebu og planlegga denne utgreiinga.

### **Flyktingtenesta Time og Klepp**

Flyktingtenesta i Time og Klepp er eit vertskommunesamarbeid kor Time kommune er vertskommune. Tenesta busett, integrerer og har ansvar for introduksjonsprogrammet i tett samarbeid med Bryne kompetansesenter og NAV Klepp-Time, og samhandlar med tenester i begge kommunane. Dette gjeld m.a. integreringsarbeid, arbeidsretta tiltak, ekstratilskot og helsetenester. Tenesta følgjer òg opp flyktingar i fleire år etter at dei har blitt busett.

Arbeidet med å busetta opp mot 370 flyktningar i Time og Klepp i 2023 har ført til ei dobling av tal på tilsette i tenesta. Bemanning pr. august 2023 vil bli oppretthalde i 2024. Det vil i 2024 bli arbeidd med å tydeleggjera ulike tenester sitt ansvar i arbeidet med busetting og integrering.

### **Bryne kompetansesenter**

Opplæringa ved Bryne kompetansesenter (BKS) er delt inn i tre område:

- Grunnskuleopplæring for vaksne (FVO – førebuande vaksenopplæring) inkludert spesialundervisning etter opplæringslova
- Norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak etter introduksjonslova frå 2003 og integreringslova frå 2021
- Opplæring i norsk for vaksne asylsøkjarak og opplæring for einslege mindreårige asylsøkjarak

Time kommune har vertskommuneavtale med Klepp og Hå kommune om å drive grunnskuleopplæring og opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak som er busett i kommunane. Avtalen regulerer mellom anna bemanning, finansiering og drift. Kostnadane blir delt mellom kommunane etter elevtal. BKS har ansvar for å organisere og gjennomføre opplæring i samsvar med avtalen, og dei rapporterer til samarbeidskommunane på eit årleg møte om drift og framtidige behov tilknytt opplæringa. I tillegg har kommunen eigen avtale med Hå kommune som regulerer opplæring for asylsøkjarak som er busett på mottaket på Nærland.

Talet på flyktningar i kommunane på Jæren har det siste året vakse mykje. Det er vanskeleg å vite sikkert korleis flyktningssituasjonen i verda utviklar seg, og vaksenopplæringa er derfor rigga for å vere fleksibel og tilpasse seg dei gjeldandande forholda. Dette vil og speile tenestetilbodet på senteret.

Frå og med august 2022 har BKS vakse betydeleg. Dette skuldast hovudsakleg flyktningar frå Ukraina og asylsøkjarak frå Hå kommune. Dei ukrainske flyktningane har rett til å få opplæring i norsk, og dei aller fleste nyttar seg av denne retten. Per september 2023 er det 475 deltakarar som mottek opplæring på BKS. Dette er over ei dobling på berre eit år. Senteret veks framleis, og BKS kjem til å passera 500 deltakarar nærare årsskiftet. Senteret tilset derfor fleire lærarak, og tilbyr opplæring i samsvar med gjeldande lovverk både på dagtid og på ettermiddag/kveld.

BKS er nå inne i det siste skuleåret i det nasjonale forsøksprosjektet for vaksne kalla «Førebuande vaksenopplæring» (FVO). Føremålet er å legge tilbodet til rette på ein meir fleksibel måte slik at deltakarane kan koma raskare gjennom grunnskulen. Flexibiliteten inneber at deltakarane kan ta grunnskule samtidig som dei lærer seg norsk etter introduksjonslova og integreringslova. I tillegg skal forsøket gjera vaksne utan formell utdanning meir rusta til å koma seg raskare inn i vidaregåande opplæring, eller i arbeid. Eit nasjonalt mål er at denne gruppa skal få ein meir varig tilknytning til arbeidslivet. Forsøket vert avslutta sommaren 2024, og går då over til ei permanent ordning med tittelen «Førebuande opplæring for vaksne» (FOV).

## **Pedagogisk-psykologisk teneste**

Pedagogisk psykologisk teneste (PPT) er ei støttetjeneste som greier ut spesielle behov hos barn, unge og vaksne. PPT skal gjennom systemretta arbeid rettleia skular og barnehagar i tilpassing av ordinært tilbod, og gir råd om både allmennpedagogiske og spesialpedagogiske opplæringstiltak.

PPT har som del av prosjektet «Laget rundt læraren og eleven» (LLE) i perioden 2019-2023 fått tilført 1 årsverk gjennom folkehelsemidlar gitt av Rogaland Fylkeskommune. Dette har gjort det mogleg for tenesta å ha kapasitet til å vera ute på alle grunnskular ein halv dag i veka. Dette årsverket er etter avslutning av prosjektet lagt inn som fast heimel i budsjettet frå 2024.

Verksemda er ei pedagogisk og psykologisk teneste og har i mange år ikkje hatt psykolog knytt til arbeidet med sakkunnigarbeid og rettleiing. Det er viktig å få tilgang på denne type kompetanse framover.

### **5.1.2 Mål for langtidsperioden**

- I planperioden 2024-2027 skal ein jobba med å nå delmåla knytt til satsingsområda i Strategiplan Oppvekst.
- Det skal setjast i gang felles arbeid i Oppvekst for å vurdere kva struktur, organisering, ramme og samhandling ein treng som del av å styrka tidleg innsats ([Folkehelse](#)).
- Det skal byggast opp eit tilbod for psykisk helsehjelp for barn og unge ([Folkehelse](#)).
- Det skal byggast og etablerast eit godt tilbod i ATO-avdelinga i samarbeid mellom Oppvekst og Helse og velferd.
- Det skal setjast i verk tiltak for å behalda og rekruttera kvalifiserte tilsette.
- Sikra at det er leiarressursar i tråd med krav til leveranse .

### **5.1.3 Tiltak i 2024**

#### **Felles tiltak**

Med forankring i kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034 og ny Strategiplan for Oppvekst 2023-2029 vil fokus for arbeidet vera:

- Utforma ein plan på overordna nivå for implementering av Strategiplanen og satsingsområda i verksemdene
- BTI rettleiaren skal vera i bruk i alle verksemdene ([Folkehelse](#))
- Utforma innhald i ny portal- Samhandlingsmodellen og tiltaksoversikt med informasjon om kva tenester som er tilgjengeleg i Oppvekst, og kva hjelp ein kan få av ulike instansar
- Helsestasjon, PPT og barnehage skal etablera ein arena for tverrfagleg samhandling ([Folkehelse](#))
- Helsestasjon, PPT og grunnskule skal følgja opp funn frå sluttrapport knytt til prosjektet Laget rundt læraren og eleven, og gjennomføra eventuelle justeringar og endringar ([Folkehelse](#))
- Ordninga knytt til nettverkskontaktar i barnevernet for å auka samhandling mellom barnevern og grunntenesta (helsestasjon, barnehage og skule) skal evaluerast i 2024



- Utforma rutine for samhandling mellom barnevernet, Flyktningtenesta, helsestasjonstenesta og Familiesenteret (Folkehelse)
- Utforma rettleiar for samhandling mellom barnevern og barnehage (Folkehelse)
- Etablere rutinar for sambruk av felles lokale mellom Kulturskulen og Bryne skule
- Setja saman ei arbeidsgruppe mellom PPT og skule knytt til forankring og implementering av ny opplæringslov som skal setjast i verk august 2024

### **Barnehage**

- Leggja fram Barnehagebruksplan 2024-2026
- Alle barnehagane skal ha ein plan for arbeid med fleirspråklege barn (Folkehelse)
- Auka prosentdel minoritetsspråklege barn opp til 90 % (Folkehelse)
- To nye barnehagar skal verta Marte Meo praktiskarbarnehagar (Folkehelse)
- Delta i arbeidet med satsinga «Utviklingsstøttande praksis på småbarnsavdelingar» saman med Klepp, Gjesdal og Hå kommune (Folkehelse)
- Resertifisera Class-observatørar
- Oppstart av nettverksgrupper for erfaringsdeling og kompetanseutvikling knytt til digital praksis
- Alle styrarar skal delta i den regionale kompetansestrategien «Leiing i alle ledd» Region Rogaland Sør
- Rekruttera barnehagelærarar for å oppfylle pedagognorm
- Auka delen barnehagelærarar mot 50% i tråd med nasjonale føringar

### **Grunnskule**

- Leggja fram Skulebruksplan 2024-2028
- Leggja fram sak om ny tildelingsmodell for grunnskulen som del av oppfølging av sak om Drifts- og ressursanalysen som blei utført av Agenda Kaupang
- Ha minimum 20 lærarar som deltek i vidareutdanningstilbodet «Kompetanse for kvalitet» jamfør Kompetanseplan skule
- Barneskulane skal følgja rammeverket for systematisk arbeid med lesing på 1.-7. trinn (Folkehelse)
- Skulane gjennomfører prosessar og tiltak for å nå utvalde mål som kjem fram av Kvalitetsmeldinga for Timeskulen (Folkehelse)
- Det skal gis tilbod om kompetanseheving i programmering og algoritmisk tenking for lærarar som underviser i fag der dette er del av fagplanane
- Inngå i samarbeidet med fylkeskommunen om Glidelåsen på ungdomskulane (Folkehelse)
- Gjennomføra kompetanseheving i personalet knytt til kunstig intelligens (KI) med bruk av kompetansepakkar på Udir
- Rektorane på alle skulane skal ha vidareutdanning i elev- og arbeidsrett
- 40% av rektorane har gjennomført, eller er i gang med mastergrad i skuleleiing
- Rektor har ansvar for å utforma og følgja opp leiarstrategi for sin organisasjon

### **Barnevern**

- Anskaffing av nytt/oppdatert fagsystem for barnevern

- Starta opp med dialogmøte mellom sektorleiar og leiargruppe to gonger i året for å følgja opp overordna planar og verksemdplan
- Delta i utviklingsprosjekt saman med 19 kommunar i Rogaland knytt til samvær, rettleiing og tilbakeføringssaker. Ein av prosjektleiarane vert tilsett i Time kommune med tilskot frå Statsforvaltaren (Folkehelse)

### **Helsestasjon og skulehelsetenesta**

- Verksemda sett inn tiltak for å auka deltakinga på brukarundersøkinga
- Verksemda set inn tiltak for å sikra medverknad i samband med utvikling av gruppetilbod og undervisning
- Utvikla rutinar for foreldrerettleiing jf. Integreringslova (Folkehelse)
- Utvikling av foreldrerettleiing retta inn mot dei yngste (Folkehelse)
- Utvikla tilbod om langtidsprevensjon ved Helsestasjonen for ungdom (Folkehelse)
- Arbeida for at tilsette i skulehelsetenesta har digitalt utstyr som gjer at dei kan ta med seg arbeidet inn til Helsestasjonen når dei ikkje er på skulane
- Utvikling av verksemdplan som baserer seg på tilstandsrapport, kunnskap og analyse i alle delar av verksemda. Desse skal vera forankra i Strategiplan oppvekst
- Starta opp med dialogmøte med sektorleiar og leiargruppa to gonger i året for å følgja opp overordna planar og verksemdplan

### **Kulturskulen**

- Setja i verk tiltak for å auka deltaking i brukarundersøkinga
- Utarbeida rutinar knytt til deltaking i Kulturskulen for barn av flyktingar og familiar med låg inntekt (Folkehelse)
- Utarbeida rutinar for samhandling mellom kulturskulen og andre kommunale einingar når elev er på fleire arenaer (Folkehelse)
- Utarbeida tiltak for å auka elevane sin identitet til kulturskulen
- Utforma rutinar for tydeleggjering av gjensidig forventning om innsats for å verka inn på meistring, motivasjon, innsats og sjølvkjensle
- Starta opp med dialogmøte med sektorleiar og leiargruppa to gonger i året for å følgja opp overordna planar og verksemdplan

### **Flyktingtenesta Time og Klepp**

- Utforma rutinar for busetting og integrering av flyktingar
- Opplæring i Visma Flykting og vaksenopplæring
- Utvikla verksemdplan som baserer seg på tilstandsrapport, kunnskap og analyse i alle delar av verksemda. Planen skal vera forankra i Strategiplan oppvekst.
- Starta opp med dialogmøte mellom sektorleiar og leiargruppe to gonger i året for å følgja opp overordna planar og verksemdplan

### **Bryne kompetansesenter (BKS)**

- Tilpasse undervisningsrom på BKS slik at kan tas i bruk på en formålstenleg måte i samsvar med det auka deltakartalet på skulen
- «Open skule» på Bryne kompetansesenter (ein heil skuledag kvart år)

- Deltakarane i vaksenopplæringa får informasjon om dei ulike tverrfaglege tilboda i kommunen. Skulen nyttar utarbeida plansje/plakat frå Time kommune (Folkehelse)
- Implementera eigen opplæringsplan i vaksenopplæringa når det gjeld digitale ferdigheiter for vaksne innvandrarar
- BKS deltek i Direktoratet for høgere utdanning og kompetanse sine leiarsamlingar og forsøksprogram når det gjeld skuleutvikling og forsøket «Førebuande vaksenopplæring» og opplæring etter midlertidig lovverk for ukrainske flyktningar

### Pedagogisk-psykologisk teneste

- Auka kompetanse i tenesta knytt til autisme (Folkehelse)
- Kurs i omgrepsoplæring for barnehagar og skular knytt til fleirspråklege barn (Folkehelse)
- Laget rundt lærar og elev fortsett som ordinær drift med lik deltaking av PPT som i prosjektperioden. Årsverk dekkja av prosjektmidlar blir sett i ordinær drift i budsjett for 2024 (Folkehelse)
- PPT deltek i utvikling av felles kompetanseportal knytt til utviklingstøttande praksis i småbarnsavdelingar
- Ta i bruk digitale kartleggings skjema i Visma Flyt PPT
- Starta opp med dialogmøte mellom sektorleiar og leiargruppe to gonger i året for å følgja opp overordna planar og verksemdplan

#### 5.1.4 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet

Oppvekst	Rekneskap		Økonomiplan				Endring 2023-2024
	2022	Budsjett 2023	2024	2025	2026	2027	
Netto driftsutgifter (1000 kr)							
Administrasjon	9 343	8 490	8 557	9 557	9 557	9 557	0,8 %
Pedagogisk psykologisk teneste	7 758	9 608	10 386	10 836	11 286	11 286	8,1 %
Barnehagar	192 234	204 797	222 476	229 241	229 971	230 292	8,6 %
Undervisning	282 003	280 000	310 625	311 520	312 060	309 960	10,9 %
Vaksenopplæring	569	3 302	3 018	3 018	3 018	3 018	-8,6 %
Flyktningtenesta	11 201	17 198	22 878	11 028	11 028	11 028	33,0 %
Kulturskule	7 400	7 443	8 174	8 174	8 174	8 174	9,8 %
Helsestasjons- og skulehelseteneste	18 135	17 572	19 101	18 276	18 276	18 236	8,7 %
Førebyggjande arbeid ungdom	2 816	3 119	3 292	3 292	3 292	3 292	5,5 %
Barnevern	47 293	46 277	47 085	46 325	46 325	46 325	1,7 %
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>578 752</b>	<b>597 806</b>	<b>655 592</b>	<b>651 267</b>	<b>652 987</b>	<b>651 168</b>	<b>9,7 %</b>

#### 5.1.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden

##### Auka utgifter eller reduserte inntekter

- Styrking av talet på barnehagelærarar, for å nå målet om at 50 % av dei barnehagetilsette skal vera barnehagelærarar innan 2025
- Styrka barnehagetilbod, 1 årsverk til førebyggjande arbeid, 375 000 kroner med halvårsverknad frå august 2024
- Tilskot private barnehagar på grunn av endring i kommunale retningslinjer med tilskot til 1-åringar frå august, 1,1 millionar kroner
- Redusert makspris i barnehagar, 6,8 millionar kroner med halvårsverknad i 2024
- Tilpassa opplæring og spesialundervisning 5.-10.trinn, 1 årsverk, 375 000 kroner med halvårsverknad frå august 2024

- Tidleg innsats 1.-4.trinn, 2 lærarårsverk knytt til lovpålagt tiltak, 1 årsverk med oppstart januar 2024, 750 000 kroner, og 1 årsverk med halvårsverknad frå august 2024
- Lye skule, 0,5 årsverk til leing grunna deltaking i prosjekt og tilsettingsprosessar med ny ATO-avdeling, 200 000 kroner, med halvårsverknad frå august 2024
- Laget rundt læraren og eleven, 1 årsverk til helsesjukepleiar, 750 000 kroner i 2024
- Laget rundt læraren og eleven, 1 årsverk til PPT-rådgjevar, 750 000 kroner i 2024
- Kjøp av tenester i andre kommunar på grunnskuleområdet, 3 millionar kroner knytt til fosterheimplasserte barn, og refusjonar knytt til elevar med spesialpedagogiske vedtak i privatskular i 2024
- Kompetansehevingsprosjekt knytt til eteforstyrning, 40 000 kroner årleg i 2024-2026
- Demenskor, 0,13 årsverk i Time kulturskule, 80 000 kroner frå 2024
- Gratis kjernetid for elevar i SFO på 2. trinn, med heilårsverknad i 2024 på 3,2 millionar kroner
- Flyktningtenesta, introduksjonsordninga, 4 millionar kroner i 2024
- ATO avdeling Lye skule, personale og drift, 3,5 millionar kroner med halvårsverknad frå august 2025
- Digital standard i Oppvekst, 1 millionar kroner i 2025
- Psykisk helsehjelp barn og unge, 1 årsverk psykolog, 450 000 kroner med halvårsverknad frå august 2025

### Reduserte utgifter eller auka inntekter

- Effektiviseringsgevinst knytt til forventning om færre plasseringar av barn utanfor heimen jf. barnevernreforma
- Barnehage, endring i barnetal, reduksjon av ressursar 0,6 millionar kroner med halvårsverknad i 2024
- Privat barnehage, endring i barnetal, reduksjon av ressursar 1,3 millionar kroner i 2024
- Grunnskule, endring elevtal barne- og ungdomsskule, reduksjon av ressursar 400 000 kroner med halvårsverknad frå august 2024

### 5.1.6 Oversikt over personalressursar

Oppvekst	31.12.2023	Nye	Redusert	31.12.2024
Administrasjon	7,5			7,5
Pedagogisk psykologisk teneste	9,5	1,0		10,5
Barnehagar	165,7	1,0		166,7
Undervisning	364,68	3,5		368,2
Vaksenopplæring	27,3			27,3
Flyktningetenesta	15,8			15,8
Kulturskule	11,8	0,1		11,9
Helsestasjons- og skulehelseteneste	21,6			21,6
Førebyggjande arbeid ungdom	3,0			3,0
Barnevern	25,8			25,8
<b>Årsverk i alt</b>	<b>652,6</b>	<b>5,6</b>		<b>658,2</b>

## 5.2 Helse og velferd

Tenesteområdet omfattar administrasjon, institusjonstenester, heimetenester, miljøtenester, psykisk helse- og rusarbeid, aktivitets- og servicetenester, Teneste- og samordningskontoret, NAV, helse og rehabilitering med allmennlegetenesta.

Frå hausten 2022 har det vore ei markant auke i talet på eldre som treng korttids- og langtids plass i sjukeheim, bufellesskap og heimetenester. Liggetida i sjukehus er blitt kortare. Det betyr at dei kjem tidlegare heim og at kommunen må ta større del av oppfølging og rehabilitering etter sjukehusopphald. Kommunedirektøren har i forslag til budsjett auka ramma til Helse og velferd med 17 årsverk. Denne auken er i all hovudsak ei tilpassing til reelt behov i tenester der det i 2023 var eit meirforbruk. Styrkinga skal sikra nok tilsette i alle tenester, slik at innbyggjarane kan få rett teneste til rett tid. Kommunen gjev då betre og meir kostnadseffektive tenester.

Kommunedirektøren vil sikra berekraftig økonomi ved å planlegga for lågast mogleg vekst i samla utgifter for tenesteområdet. Det er eit mål å styrka dei lågare trinna i tenestetrappa og effektivisera alle tenester. Fagleg trygge medarbeidarar og leiarar, samt dialog med innbyggjarane om kva som er kommunen sitt ansvar og kva som er innbyggjaren sitt eige ansvar, blir viktig for å nå målet om å levera rette tenester til rett tid.

Framskrivningar viser auke i behov for helse -og velferdstenester. For å ivareta innbyggjarane sine behov fram mot 2040, er kommunen avhengig av å utvikla helse og velferdstenestene for den veksten som er venta. Strategiplan Helse og velferd 2022-2030, Bustadplan 2023-2040, «Plan for demensomsorga i Time kommune 2021-2025» og Legeplan 2022- 2030 vert sentrale i det arbeidet.



### 5.2.1 Status og utfordringar

Det er ei auke i talet på eldre no og i tida som kjem. Det førar til auka behov for tenester for eldre. Framskrivningar for Time kommune viser at talet på personar med demenssjukdom vil auka frå 281 personar i 2020 til 429 personar i 2030 (Tal frå Demenskartet – Aldring og helse).

Det utfordrar både kapasitet, kompetanse og logistikk og det er derfor lengre ventelister til langtids plass og til omsorgsbustadar for eldre. Det førar og til at ein ikkje kan ta imot alle utskrivingsklare pasientar frå spesialisthelsetenesta. Kommunedirektøren føreslår ei mindre ombygging på Sivdamheimen, som kan gje inntil fire nye institusjonsplassar allereie i 2024.

For å ivareta innbyggjarane sine behov for bustadar med heildøgns tenester fram mot 2040, vert det lagt plan for å bygga nye sjukeheims plassar på Bryne og omsorgsbustadar på Kvernaland. Utgreiing og planlegging av prosjekta vert sett i verk basert på vedtatt Bustadplan 2023-2040 og innspel frå politikarane i dialogmøte den 22. mai 2023.

Refusjonsordninga for ressurskrevjande tenester gjeld for innbyggjarar inntil 67 år. Time kommune har innbyggjarar som er eldre og nokre som nærmar seg aldersgrensa, som mottek tenester av så stort omfang at dei er inkludert i ordninga. Det gjer at kommunen får store tilleggsutgifter når ikkje kommunen får refusjon for ressurskrevjande tenester til innbyggjarar over 67 år.

Det er ei auke i yngre innbyggjarar med funksjonsnedsettingar med behov for bustad, avlasting, bufellesskap og samansette tenester over tid. Det er barn og unge som har fritak frå skule eller som treng tilpassa tilbod i skulen. Helse og velferd arbeidar systematisk saman med tenesteområdet Oppvekst for å sikra desse innbyggjarane gode helse- og skuletenester.

Arbeid med innføring av Kjernejournal vert gjort etter oppsett plan. Nye nasjonale løysingar som e- resept, pasientens legemiddelliste, pasientens prøvesvar og dokumentdeling vil bli tilgjengelege gjennom Kjernejournal dei komande åra. Det vil styrka pasientsikkerheita og effektivisera drifta gjennom ei sikrare og meir effektiv informasjonsdeling og samhandling med sjukehuset, fastlegar og andre kommunar. Det må settast av tid til opplæring av tilsette for å lykkas i dette arbeidet.

Prosjektet Felles kommunal journal er ikkje vidareført med økonomisk støtte frå regjeringa. I Nasjonal e- helsestrategi 2023- 2030 for helse- og omsorgssektoren er ikkje dette prioritert.

Samarbeid med pårørande står sentralt i all tenesteyting. Helse og velferd vil arbeida målretta for å implementera ny handlingsplan for pårørandearbeid som blei vedtatt i april 2023.

#### *Rekruttera og behalda tilsette*

Det blir utfordrande å rekruttera personell i framtida. Det vert i planperioden viktig å sikra at både tilsette og leiarar har ressursar til å kunna gje gode tenester til innbyggjarane. Det vert og arbeidd med å utvikla gode fag- og arbeidsmiljø som sikrar at kommunen er ein attraktiv arbeidsplass.

Kommunedirektøren vil starta opp eit forsøksprosjekt kor leiarressursen skal styrkast i to store avdelingar. Målsettinga med prosjektet er å styrka rekruttering, førebygga sjukefråvær,

behalda tilsette og legga til rette for at leiarar ynskjer å stå i leiarstillinga over lengre tid. Prosjektet vert gjennomført innanfor eksisterande ramme.

Helse og velferd arbeidar etter den vedtekne heiltidserklæringa. Det blir arbeidd med å auka talet på heile stillingar og gjennomsnittleg stillingsprosent, redusera sjukefråvær og styrka kompetanse på turnus, arbeidsplanlegging og arbeidstidsordningar. Dette er ein sentral del av kvalitetsutviklinga i alle tenester. Fleire avdelingar vil starta med årsturnus og langvakter i perioden.

Institusjonstenesta har starta eit prosjekt med kartlegging av arbeidsoppgåver. Nye arbeidsmåtar skal sikra rett kompetanse til ulike oppgåver. Det skal sikra den faglege kvaliteten og bidra til at tilsette får utvikla sin fagkompetanse i tenesta.

### **Administrasjon og tenestekontor**

Tenesta består av kommunalsjef Helse og velferd, fagstab, kommunepsykolog, lærlingar, kreftkoordinator og teneste- og samordningskontor.

Teneste- og samordningskontoret arbeider med å sikra rett teneste til rett tid etter prinsippa i tenestetrappa.

Det er ei auke i innbyggjarar som gjer omfattande omsorgsarbeid til nære pårørande, både til barn og vaksne. Dei har behov for avlastning for å klara å stå i desse oppgåvene over tid. Kommunedirektøren har i budsjettet lagt inn forslag om ei styrking på 500 000 kroner til omsorgsstønad og privat avlastning. Dette er i tråd med mål og tiltak i Strategiplan for Helse og velferd 2022- 2030 og Handlingsplan for pårørandearbeid i Time kommune.

Det er fleire familiar som treng avlastning til barn i form av opphald på barne- og avlastningsbustaden på Kvernaland. Nå er alle familiar ivaretatt med tilbod, men det er fleire som treng eit utvida tilbod. Det må vurderast korleis tilbodet til desse familiarene skal handterast fram til nye omsorgsbustadar på Svertingsstad og Kvernaland står klar i 2025.

### **Institusjonstenester**

Tenesta har 79 langtids plassar der fire rom er for ektepar og sambuarar. Det er i tillegg 20 korttids- og rehabiliterings plassar inkludert to plassar for lindrande behandling.

Dagsenter for personar med demenssjukdom og demenskoordinator er knytt til institusjonstenesta.

Kommunen har dei siste to åra ikkje klart å ta imot alle innbyggjarar som blir meldt utskrivingsklare frå SUS. Kortare behandlingstid i sjukehus samt eit utvida behandlingstilbod aukar presset på korttidsplassane. Innbyggjarane som får opphald i institusjon har eit meir omfattande behov for medisinsk oppfølging og pleie enn tidlegare. Halvparten av innbyggjarane som i dag har fast plass i sjukeheim, er over 90 år.

Det er fleire eldre innbyggjarar med utfordrande åtferd grunna demenssjukdom som bur i institusjon. Kommunedirektøren føreslår å auka med to årsverk i institusjon for å styrka tilbodet for bebuarane og sikra gode arbeidsforhold for tilsette.


I 2023 har det vore ei jamn auke i talet på innbyggjarar på venteliste til sjukeheim og bufellesskap. Dette har ført til eit meirforbruk i tenesta grunna betaling for utskrivingsklare

pasientar til sjukehuset, dobbeltrom på korttids- og rehabiliteringsavdelinga og kjøp av plassar i nabokommunar.

Ei mindre ombygging i andre etasje på Sivdamheimen kan gje tre – fire nye sjukeheimplassar. Forslaget inneber ei auke med seks årsverk til drift. Det vil betra tilgangen til sjukeheimplassar fram til ny sjukeheimsavdeling vert bygd.

For å handtere utskrivingsklare pasientar fram til nye sjukeheimplassar er bygd, vert det foreslått å styrka budsjettet for utskrivingsklare pasientar med ein million kroner i 2024.

Arbeid med utgreiing av nye sjukeheimsavdelingar startar i 2024.




Auka kostnad pr institusjonsplass er i knytt til periodar med høgt sjukefråvær, bruk av dobbeltrom og behov for styrka bemanning på korttidsavdelinga.

Det er tilsett klinisk ernæringsfysiolog med midlar som er omprioritert innfor institusjon, saman med tilførte midlar frå Statsforvaltaren. Frå 2024 vil stillinga bli finansiert ved at fleire verksemder i Helse og velferd gjer omprioriteringar som sikrar midlar til ei fast 100 prosent stilling. Målet er at alle verksemder i Helse og velferd får styrka kompetanse innan ernæring.

### Heimetenester

Tenesta omfattar heimesjukepleie, praktisk bistand/heimehjelp, dagsenter for eldre, omsorgsbustadar og fagarbeidar for velferdsteknologi.





Kjelde: SSB

Time kommune har lykkas med å gje fleire innbyggjarar hjelp i heimen. Kommunen har arbeidd målretta med å vri tenestene frå institusjon, og over til heimetenesta.

Endringar i arbeidsmåtar i spesialisthelsetenesta, auken i talet på eldre og ynskje om at flest mogleg bur heime lengst mogleg, får konsekvensar for heimetenesta. Fleire personar med demens vert fylgd opp i eigen heim. Meir medisinsk behandling, rehabilitering, kreftbehandling og hjelp til å få ei verdig avslutning på livet, vert fylgd opp i heimen. Det har vore naudsynt å auka talet på tilsette i heimetenesta i 2023 og det er behov for å auka bemanninga med fire nye årsverk i 2024.

Tildelte tenester i heimetenesta		
Per 31.08	Tal på brukarar	Utførte timar
2021	177	727
2022	280	934
2023	318	1253

Tenesta må i planperioden vurdera nye arbeidsmåtar for å sikra at verksemda til ei kvar tid har personale med rett kompetanse til å løysa oppgåvene. Det kan vera aktuelt å vurdera om fleire oppgåver kan organiserast i team.

Det er ein auke i behov for tryggleiksalarmer og ulike sensorar som for eksempel døralarm, GPS utstyr og tråkkematte.

Viss innbyggjar får tildelt tryggleiksalarm i staden for faste tilsyn frå personell i heimetenesta, er tryggleiksalarmer gratis for innbyggjar. Det er fordi helsehjelp er gratis. Viss innbyggjar får tildelt tryggleiksalarm «berre» for eigen tryggleik må innbyggjar betala eigenandel på 336 kroner pr. månad.

Det kan vera vanskeleg å vurdera om tryggleiksalarmer er helsehjelp, eller ei. Statsforvaltaren har oppfordra kommunane å vurdera rutinane knytt til tildeling. Fleire kommunar, mellom anna Stavanger og Sola har slutta å ta eigenbetaling for tryggleiksalarmer uansett grunngevinga for tildeling av tryggleiksalarm.

Time kommune vil få ein auka kostnad på omlag 1,4 millionar kroner årleg om eigenbetalinga for tryggleiksalarmar blir tatt vekk.

Bukollektivet på Sivdamheimen har ikkje universelt utforma bad og er derfor ikkje godt eigna til personar med større fysiske funksjonsnedsettingar. Det er planlagt ei ombygging for å få eit stort baderom i kvar fløy. Det krev at eit bebuarrom må takast vekk. Større baderom vil gje bebuarane moglegheit til å bu i bukollektivet, og med større funksjonsnedsettingar. Det vil og gje personalet betre arbeidsforhold.

Heimetenesta veks ut av lokala på Sivdamsenteret. Det er gjort ei mindre ombygging hausten 2023 som gjer det mogleg å drifta verksemda frå desse lokala nokre år til. Det må gjerast ei utgreiing av moglegheiter for å flytta heimetenesta.

Utgreiing av vidare utbygging av Kvernaland omsorgssenter med 24 nye bustadar er planlagt å starta opp hausten 2023, med mål om innflytting for inntil 16 bustadar i 2026. Kommunedirektøren har lagt inn ei auke i personalressursar i slutten av planperioden.

Det blir fleire innbyggjarar med demenssjukdom som treng å bu i bustadar med heildøgnsstilsyn. Dei kan ha nytte av å bu i mindre bufellesskap og det vil bli tatt med i vidare utbyggingsplanar.

Kompetansehevande tiltak innan velferdsteknologi, ernæring og smertelindring vil stå sentralt i heimetenesta i planperioden.

## **Helse og rehabilitering**

Tenesta omfattar fysio- og ergoterapitenester for barn og vaksne, Frisklivsentralen, rehabiliteringsteam for vaksne, syn- og hørslekontakt, legetenesta og kommunalt hjelpemiddellager.

Fysio- og ergoterapitenestene er knytt til fleire behandlingsforløp for innbyggjarar som mottek tenester både i heimetenesta og i korttids- og rehabiliteringsavdelinga. Det vert arbeidd med å styrka samarbeidet med heimetenesta og institusjon for å kunna gje innbyggjarane meir heilskaplege behandlingsforløp.

I økonomiplanperioden vil det bli vurdert å auka fysio- og ergoterapiressursar i tråd med behov.


Det er arbeidd systematisk med evalueringa av Kvardagsrehabilitering (KVR). Det er plan om at KVR blir ein del av eit nytt rehabiliteringsteam i Helse og rehabilitering.

Rehabiliteringsteamet skal driva habilitering og rehabilitering til eldre. Det skal sikra innbyggjarane meir heilskaplege behandlingsforløp både i korttids- rehabiliteringsavdelinga og i heimetenesta.

Friskliv tilbyr innbyggjarar fleire tilbod om fysisk aktivitet. Tilbodet “Frisk og sterk for deg over 60” er eit populært tilbod som har vore finansiert med prosjektmidlar frå Fylkeskommunen ut 2023. Gruppa som nyttar tilbodet er stor og det krevst to instruktørar på treningane. For å kunna drifta dette tilbodet vidare etter prosjektperioden, føreslår kommunedirektøren å innføra eigenandel på 300 kroner pr. halvår. Kommunen vil sjå på moglegheit for å auka tilbodet til to gonger per veke, i samarbeid med ein privat aktør. Viss

det lykkast og det vert ledig hallkapasitet, må det vurderast om eigenandelen må aukast litt meir.

Stortinget auka ramma for basistilskot til fastlegane frå 01.05.2023. Det er kome ny modell for berekning. Tilskotet vert berekna ut frå korleis den enkelte fastlege si pasientliste er sett saman av innbyggjarar. Indikatorar som kjønn, alder, bruk av fastlege, om innbyggjar bur sentralt eller ei, og sosioøkonomiske forhold blir vekta i utmålinga av basistilskot. Kommunedirektøren har auka ramma til fastlegane med 800 000 kroner årleg i tråd med føringane frå Stortinget.



## Miljøtenester

Tenesta består av bemanna omsorgsbustadar, brukarstyrt personleg assistanse (BPA), aktivitetssenter, barnebustad, avlasting, tilrettelagt aktivitetstilbod, eksterne institusjonsplassar og butilbod.

I Time kommune, som i resten av landet, er det ei auke i talet på innbyggjarar med behov for heildøgntenester gjennom heile livet. Dette skuldast blant anna utviklinga i helse- og behandlingstilbodet i spesialisthelsetenesta.

Det er innført fritt brukarval i BPA-ordninga jf. KS sak -070/22. Innbyggjarar med vedtak om BPA-ordning skal nå kunna velgje mellom kommunal og privat leverandør av BPA. Dei nye leverandørane vil få presentera seg for dei som har BPA tenester og for nye innbyggjarar som får vedtak om BPA. Viss innbyggjar ynskjer privat leverandør vil den private aktøren organisera tenesta i samarbeid med innbyggjar. Kommunen vil ha dialog med dei private aktørane og sikra at innbyggjarane får tenester som avtalt.

Når det vert klart om innbyggjarar med BPA tenester vel private leverandørar eller kommunal BPA, vil kommunedirektøren vurdere på nytt korleis den kommunale delen av BPA ordningane skal organiserast i fortsetjinga.

To nye foreldreinitiativ, etter modell av Foren burettslag på Kvernaland, er under planlegging. Eit på Svertingstad og eit på Kvernaland. På Svertingstad er det planlagt foreldreinitiativ med

seks bustadar samlokalisert med fire kommunale bustadar med felles personalbase. Det er berekna at dei skal stå ferdig i første halvdel av 2025.

Foreldreinitiativet på Kvernaland er planlagt med fem omsorgsbustadar og fire barne- og avlastningsbustadar. Det er forventa å stå ferdig i siste halvdel av 2025.

Når foreldreinitiativet på Svertingstad vert tatt i bruk, er det plan om at omsorgsbustadane i Vardheia skal nyttast til personar med lettare psykiske vanskar.

Det er lagt inn ei auke i driftskostnadar på 500 000 kroner årleg frå 2025 til drift av nye omsorgsbustadar på Svertingstad, Kolheia og Kvernaland.

Røyrvika består av 22 omsorgsbustadar med heildøgns bemanning for innbyggjarar med somatiske og psykiske funksjonsnedsettingar. Fleire av dei som mottek tenester har fått større hjelpebehov. Det krev meir ressursar til oppfylging og kommunedirektøren har difor lagt inn forslag om å styrka tenesta med to årsverk neste år.

### **Psykisk helse og rusarbeid**

Tenesta består av fire bufellesskap, ambulerande team og Meistringssenteret. I tillegg inngår drift av Akutt ambulant team ved Jæren distriktpsikiatrisk senter samt kjøp av midlertidige plassar hos private aktørar.

Det er arbeidd med ei evaluering av verksemda Psykisk helse og rusarbeid i 2023. I 2024 vil det bli arbeidd med å finna nye måtar å organisera og levera tenesta på. Målet er å sikra at kommunen gjer rett teneste til rett tid og har ei effektiv drift.

Det vert gjort ei kartlegging av behov og nytte for bruk av medisindispenserar i tenestene til heimebuande med rus og psykiske vanskar. Tenesta skal ta i bruk meir teknologi som vektlegg meir eigen meistring for innbyggjarar.

Det er auke i talet på innbyggjarar med langvarige innleggingar i spesialisthelsetenesta som har behov for å bu i bemanna kommunal bustad. I dag har kommunen fire delvis bemanna omsorgsbustadar for personar med alvorleg psykisk lidning i Kolheia. Det skal byggjast tre nye bueiningar og utviding av personalbasen i Kolheia. Det skal stå klart i starten av 2025.

Ambulerande team gjer tenester til heimebuande med psykisk helse eller rusutfordringar. Det er ei auke i tenestemottakarar og det er behov for å styrka bemanninga med eit årsverk.

Kommunen manglar bustadar til innbyggjarar med rus og psykiske vanskar med nedsett buevne. Bustadane bør ligga utanfor dei ordinære bustadområda, men nært til sentrum, kollektivtilbod og helse- og servicetenester. Det er planlagt å bygga småhus til dette formålet i planperioden, og det vert jobba med å avklara lokalisering.

Jæren Recovery College er eit interkommunalt kompetansesenter innan rus og psykisk helsetenester, kor Sandnes kommune er vertskommune. Dei arrangerer kurs, aktivitetar og føredrag. Tilbodet er for dei som ønsker eit betre liv på trass av utfordringar knytt til rus eller psykisk helse. Helsepersonell og pårørande kan og nytta tilbodet. Det skal søkjast om statlege tilskotsmidlar for å drifta senteret frå 2024.

### **Aktivitet- og servicesenter**

Tenesta består av Time frivilligsenter kafé og aktivitet, sysselsettingstiltak, Svendsenhuset og kommunalt tilsette sjåførar.

Time Frivilligsenter kafé og aktivitet er eit lågterskeltilbod for innbyggjarane i kommunen. Det er ein plass der dei som ynskjer å bidra med frivillig arbeid, kan gjera det. Avdelinga har tett samarbeid med Teneste- og samordningskontoret.

Det er tilsett ein prosjektmedarbeidar i ei 50 % stilling i eitt år som skal arbeide med flyktningar på Time frivilligsenter kafé og aktivitet. Prosjektmedarbeidaren skal vera bindeleddet opp mot Bryne kompetansesenter, ha ansvar for Språksprell, språkkafé, delta på arrangement i kommunen og delta når framandspråklege kjem innom senteret for å få hjelp.

Jæren Industripartner er eigd av Hå, Klepp og Time kommunar. Verksemda driv med tilrettelagt arbeid for personar med nedsett arbeidsevne og attføring til ordinært arbeid. Time kommune har 37 statlege plassar og seks kommunale plassar. Alle plassane er i bruk.

Kommunedirektøren har lagt inn forslag om 80 000 kroner til drift av demenskorset, kor 20 000 kroner vert lagt i budsjett til frivilligsenteret og 60 000 kroner til kulturskulen. Sparebanken Sør og ungdommar frå Bryne Vidaregåande skule har gjeve gåver til drift av demenskorset. Det gjer at kostnadar til servering og andre driftsutgifter som ikkje er løn, er dekkja for 2024. Difor legg ikkje kommunedirektøren inn forslag om eigenandel for 2024.

### **NAV Klepp-Time**

Det er rekordlåg arbeidsløyse, og av dei kommunane i Rogaland kor det er flest innbyggjarar, har kommunane på Jæren lågast arbeidsløyse.

Arbeidslivet er i rask omstilling. NAV driv med opplæring og utdanningstiltak, og arbeider blant anna saman med utdanningssektoren for å sikra tiltak som rettar seg mot etterspurd kompetanse.

Det vert arbeidd tett med Flyktingtenesta for å få flyktningar frå Ukraina raskt ut i arbeid.

Gjennom ungdomsgarantien aukar NAV satsinga på unge vaksne under 30 år.

Ungdomsgarantien skal sikra individuelt tilpassa oppfølging og at fleire kjem ut i arbeid og aktivitet.

Det vil vera eit prioritert arbeid i planperioden å spesielt sikra behova til barn i familiar som søker økonomisk sosialhjelp.

Det er framleis ei auke i behovet for akutt midlertidig bustad. Det er få tilbydarar i marknaden til innbyggjarar med rusutfordringar og nedsett buevne. Tverrfagleg arbeid i kommunane er viktig for å lykkast med dette arbeidet.

Ny bustadsosial lov tråtte i kraft 1. juni 2023. Lovendringa skal sikra at kommunar førebyggjer bustadsosiale utfordringar med å kartleggja behova som innbyggjarane har, og legg målretta planar for å løysa utfordringar. Lovendringa skal sikra at dei som er vanskelegstilte på bustadmarknaden får hjelp til å skaffa seg, og behalde eigna bustad. NAV samhandlar med Teneste- og samordningskontoret, Barnevern og verksemda Psykisk helse og rusarbeid i det bustadsosiale arbeidet.

Gjeldsrådgiving er eit område som får større endringar dei neste åra. Det er plan om at delar av oppfølginga av gjeldsordninga skal overførast frå namsmannen til kommunane. Når det vert innført er det sannsynleg at det vil krevja meir ressursar.

## Samhandling

Jæren øyeblikkelig hjelp (JØH) er eit tilbod og alternativ til sjukehusinnlegging for innbyggjarar med kjent diagnose som får forverring av sjukdomstilstand, eller behandling av mindre alvorlege tilstandar som ikkje krev innlegging i sjukehus. Tenesta er organisert som eit vertskommunesamarbeid med Sandnes kommune som vertskommune

Kommunen har samarbeid med Klepp og Hå kommunar om legevakt, Jæren legevakt. Klepp og Hå kommunar meldar om auke i kostnader knytt til auka lønnskostnader på natt og lågare bruk av legevakta på dagtid enn forutset, som gjer svikt i inntekter. Det vil koma ei sak til politisk behandling om dette i 2024.

### 5.2.2 Mål for langtidspanoden

- Styrka dei lågare trinna i tenestetrappa (Folkehelse)
- Følga opp satsingsområda i Strategiplan for Helse og velferd 2022-2030
- Levera tenester med god kvalitet på rett nivå til rett tid
- Auka delen av tilsette i heile stillingar
- Auka gjennomsnittleg stillingsprosent for tilsette
- Redusera sjukefråværet
- Styrka leiarressursane i tenesteområdet
- Følga opp tiltaka i Bustadplan 2023-2040
- Følga opp Handlingsplan for pårørandearbeid i Time kommune.
- Styrka frivillig arbeid og eldreressursen (Folkehelse)
- Følga opp handlingsplan for aldersvennlege lokalsamfunn (Folkehelse)
- Følga opp Plan for legetenesta 2022-2030
- Følga opp plan for demensomsorga i Time kommune 2021-2025
- Implementera og nyttiggjera meir teknologi i alle tenestene
- Implementera meir digital heimeoppfølging i tenestene, jf. nasjonal satsing i regi av Helsedirektoratet
- Innføra nye nasjonale løysingar som e- resept, pasientens legemiddelliste, pasientens prøvesvar og dokumentdeling
- Styrka kompetansen i tråd med lokal kompetanseplan
- Styrka fagmiljø og fremma gode arbeidsmiljø for å sikra god rekruttering

### 5.2.3 Tiltak i 2024

- Følga opp heiltidserklæringa
- Starta opp arbeid med årsturnus i fleire avdelingar
- Styrka kompetansen hos tilsette på arbeidstidsordningar og oppgåvedeling i forbindelse med heiltidsarbeidet
- Starta opp prosjekt med leiarstøtte
- Styrka kompetansen hos tilsette jamfør Kompetanseplan
- Utgreiing av vidare utbygging av omsorgssenter på Kvernaland
- Utgreiing av vidare utbygging av institusjonsplassar i sjukeheim
- Gjennomføra brukarundersøkingar
- Etablera rehabiliteringsteam

- Arbeida med evaluering av verksemda rus- og psykisk helsearbeid og iverksette tiltak i tråd med resultatane frå evalueringa
- Avklara og iverksette ny organisering knytt til leiging av BPA-ordninga
- Auka tal på innbyggjarar som tar i bruk elektronisk medisindispenser.
- Starta prosjekt om digital heimeoppfølging i lag med sjukehuset
- Auka bruken av digitalt tilsyn i fleire verksemdar.
- Evaluera drifta av Kvernaland legesenter
- Arrangera årleg seminar for pensjonistar i samarbeid med Klepp og Hå kommunar «Korleis kan ein sjølv ta grep for å leva eit godt liv» (Folkehelse)
- Arrangera kafedialogar med innbyggjarar på ulike stadar i kommunen med tema «forventningsavklaring mellom innbyggjar og kommune»
- Undervisning til næringsliv om demensvenleg samfunn (Folkehelse)
- Starta opp prosjekt i Time frivillig kafé og aktivitet som skal arbeida spesielt retta mot flyktningar

### 5.2.4 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet

Helse og velferd	Rekneskap		Økonomiplan				Endring 2023-2024
	Budsjett 2022	Budsjett 2023	2024	2025	2026	2027	
Netto driftsutgifter (1000 kr)							
Administrasjon og tenestekontor	11 707	12 982	14 145	14 145	14 145	14 145	9,0 %
Institusjonstenester	83 113	81 340	89 715	91 965	91 965	91 965	10,3 %
Heimetenester og rehabilitering	104 738	99 144	115 788	115 788	116 788	116 788	16,8 %
Miljøtenester	137 863	136 176	148 737	155 537	163 412	169 287	9,2 %
Psykisk helse og rusarbeid	29 071	31 616	33 400	33 550	33 550	33 550	5,6 %
Aktivitets- og servicetenester	4 099	3 245	4 483	4 133	4 133	4 133	38,2 %
Helse og rehabilitering	42 167	34 642	37 473	37 223	37 223	37 223	8,2 %
Samhandling	5 548	12 549	13 876	14 376	14 376	14 376	10,6 %
Sosialtenester	34 734	32 487	36 761	32 886	32 886	32 886	13,2 %
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>453 040</b>	<b>444 181</b>	<b>494 378</b>	<b>499 603</b>	<b>508 478</b>	<b>514 353</b>	<b>11,3 %</b>

### 5.2.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden

#### Auka utgifter eller reduserte inntekter

- Velferdsteknologi, 500 000 kroner frå 2024
- Auke i netto driftsutgifter i miljøtenesta ved oppstart av Svertingstad er foreløpig berekna til 4,2 millionar kroner frå 2025
- Auke i omsorgsstønad, privat avlasting, fritid- og treningskontakt, 500 000 kroner frå 2024
- Drift av demenskor, 20 000 kroner frå 2024
- Driftsutgifter, nye bygg, bufelleskap, 500 000 kroner frå 2025
- Bemanning foreldreinitiativ Kvernaland, 1 million kroner frå 2025
- Styrka heimetenesta, 4 årsverk, 3 millionar kroner frå 2024
- Utbygging Kvernaland omsorgssenter, 1,75 millionar kroner frå 2026
- Auka bemanning Sivdamheimen nye sengeplassar, 6 årsverk, 2,3 millionar kroner frå 2024
- Driftsutgifter medisinsk utstyr, 100 000 kroner frå 2024
- Auka pleietyngde institusjon, 2 årsverk, 1 million kroner frå 2024
- Ergoterapi i hukommelsesteamet, 350 000 kroner frå 2025
- Auka kostnad, utskrivingsklare pasientar 1million kroner i 2024

- Utvida Kolheia 3 bustadar, 2 årsverk, 750 000 kroner frå 2024
- Styrka Røyrvika, 2 årsverk, 900 000 kroner frå 2024
- Styrka ambulerande team, 1 årsverk, 500 000 kroner frå 2024

### Reduserte utgifter eller auka inntekter

- Auka inntekt eigenandel institusjon, 500 000 kroner frå 2024

### 5.2.6 Oversikt over personalressursar

Helse og velferd	31.12.2023	Nye	Redusert	31.12.2024
Administrasjon og tenestekontor	14,0			14,0
Institusjonstenester	100,0	8,0		108,0
Heimetenester og rehabilitering	102,3	4,0		106,3
Miljøtenester	160,1	2,0		162,1
Psykisk helse og rusarbeid	36,5	3,0		39,5
Aktivitet- og servicetenester	8,6			8,6
Helse og rehabilitering	22,9			22,9
Samhandling	0,5			0,5
<b>Årsverk i alt</b>	<b>444,9</b>	<b>17,0</b>		<b>461,9</b>



## 5.3 Samfunn

Tenesteområdet omfattar administrasjon, Eigedom, Kultur, Kommunalteknikk og Plan og forvaltning.

Tenesteområdet har som oppgåve å driva og utvikla allmenne tiltak og tenester for innbyggjarane. Dette vert gjort i tråd med intensjonane i lov og regelverk innanfor dei økonomiske rammene kommunen har. Innbyggjarane skal vera sikra førebyggjande helsearbeid, bibliotek-, kultur- og fritidstilbod, kommunaltekniske tenester, planlegging, utbygging, drift- og vedlikehald av kommunale bygg, anlegg og uteområde og dessutan nødvendig oppfølging av landbruks-, miljø- og kulturverninteresser.

### 5.3.1 Status og utfordringar

Kommunestyret skal minst ein gong i kvar valperiode utarbeida og vedta ein kommunal planstrategi. Planstrategien klargjer kva temaplanar eller arealplanar kommunen skal starta opp eller vidareføra for å leggja til rette for ei ønska utvikling i kommunen. Planstrategien er kommunestyret si prioritering av planoppgåver for valperioden. Regjeringa sine nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging skal leggjast til grunn i kommunen sitt arbeid med planstrategi for perioden. Dette arbeidet har starta opp hausten 2023 og vil verte slutført i løpet av 2024.

Auka renter og byggekostnader gjer at Time må revurdere investeringar. Det gjeld både dei som belastar kommunen sitt budsjett, og det som gjeld sjølvkostområda som belastar innbyggjarane direkte. Kommunedirektøren har vurdert kva investeringar som kan utsetjast utan at det vil få for store konsekvensar. Ut i frå denne vurderinga er det lagt opp til investeringar i VA-sektoren på om lag 250 millionar kroner.

Driftsnivået i kommunen må tilpassast meirforbruket dei siste åra for at kommunen sitt driftsbudsjett skal kome i balanse. I Samfunn betyr dette mellomanna at standarden på vintervedlikehald og drift og vedlikehald av parkar og uteområde vil verte redusert. Kriteria for kva type eigedomsvedlikehald som vert prioritert, vil også måtte verte strengare. I Samfunn vert det i tillegg føreslått å trekke inn to stillingar der 50% av stillingsressursen til rådgjevar kultur vert flytta til Innbyggjarservice. I tillegg vart arbeidstreningstiltaket i kommunalteknikk overført til Helse og velferd/NAV.

Organiseringa av vaskeriet vert frå 01.01.2024 flytta frå Bryneheimen til Reinholdsavdelinga, jf. [ADM-010/23](#). Bakgrunnen for flyttinga er at dei tilsette då vert del av ei større personalgruppe, tettare oppfølging av utstyr og drift, tilgang til fleire vikarar og praktisk oppfølging etter ombygging på vaskeriet.

#### *Heiltid*

I reinholdsavdelinga (Eigedom) har 33 av 49 tilsette 100 % stilling, og 45 av 49 har 80 % stilling eller meir. Det vil vera utfordrande å auka opp endå fleire av reinholdsstillingane grunna tilgjengelegheita i dei kommunale bygga mellom kl. 10.00 og 14.00.

Samfunn planlegg i samsvar med heiltidsstrategien, å gjennomføre kartlegging av deltid og heiltid våren 2024. Innanfor Kultur går mange av kultur- og fritidstenestene føre seg på kveldstid og i helgar. For å få vaktplanen til å gå opp, er ein avhengig av mange hovud å fordela vaktene på. Dette er gjerne deltidsstillingar der skuleelvar og studentar vert tilsette.

## *Folkehelse*

Samfunn har det overordna ansvaret for folkehelsearbeidet. Det betyr mellom anna ansvar for å utarbeida ein fireårig folkehelseprofil for kommunen og følga opp «partnarskap for folkehelse» saman med fylkeskommunen.

Formålet med partnarskapet er å samordna folkehelsearbeidet i Rogaland og arbeida med felles målsetting om å fremja god helse og utjamna sosiale helseforskjellar. Som ein del av avtalen, vert det årleg utarbeida ein handlingsplan for bruk av partnarskapsmidla.

## *Beredskap*

Kommunen har låg terskel for å setta krisestab når uønska hendingar skjer. Involverte leiarar og relevante støttefunksjonar er med på møta i beredskapsleinga. Kommunedirektøren har valt å bruka ein metode der ein har særleg fokus på kva konsekvensar denne hendinga kan få, for å få eit felles situasjonsbilde og for å danna eit grunnlag for samordning av tiltak.

Heilskapleg ROS-analyse for 2022-2025 har ein eigen handlingsplan som inneheld tiltak som skal følgast opp i økonomiplanarbeidet, og tiltak av meir organisatorisk eller planmessig art. Revidert Beredskapsplan for Time kommune vart godkjent av formannskapet i [sak 046/23](#).

## **Vegar og grøntanlegg**

Kommunalteknikk har ansvar for kommunen sine kommunaltekniske anlegg. Det vil seie bygging, drift og forvaltning av alle vegar, grøntområde, leikeplassar, idrettsanlegg, kyrkjegardar, vassforsyning, avløpsanlegg og renovasjonsløysingar.

Kommunen har framleis noko etterslep når det gjeld reasfaltering av kommunale vegar og gater.

Etter som nye område vert bygd ut både i privat og kommunal regi, får kommunen stadig fleire kommunaltekniske anlegg som skal driftast og forvaltast. Dette er eit viktig arbeid, ikkje minst i forhold til folkehelse. Kommunalteknikk har høgt fokus på å effektivisere drifta, men ser at det stadig er meir krevjande å møta forventningane frå publikum.

I 2023 driftar kommunalteknikk 127 km veg og 51 km gang- og sykkelvegar, noko som utgjer høvesvis 568 vegar og 285 gang- og sykkelvegar. I tillegg kjem 771 dekar med grøntareal. Dette utgjer 991 plenar og 777 grasbakkar. Auken i grøntareal frå 2010 til 2023 har vore på 66 %. Mange av tenestene kommunen kjøper innanfor området har dei siste åra langt høgare prisauke enn ordinær prisstigning.

Kommunen overtek vedlikehaldet av uteområdet ved Vardheia ungdomsskulen våren 2024. Klepp kommunen skal refundere halve kostnaden. Netto kostnad for Time er 125 000 kroner.

Kommunalteknikk tek kvart år over nye gatelys. Frå 2022 til 2023 vart vedlikehaldskostnadane indeksregulert med 11% i henhold til rammeavtalen med Lyse. Alle gatelys vert nå dimma på kvelds- og nattetid for å spare straum.

Parkering går med overskot, men ikkje så store overskot som budsjettert. Dei siste “normale” åra har overskotet vore om lag 0,6 millionar kroner mot budsjettert 1,2 millionar kroner.

Midlar hos Samfunn tilhøyrande NAV er overført til Helse og velferd, for å samla budsjettet til tenestområdet som har ansvar for NAV. Driftsoperatør grønt gjekk av med pensjon sommaren 2023. Stillinga har stått vakant hausten 2023. Det vert nå føreslått å trekke inn

denne stillinga. Desse reduksjonane vil gje kommunen redusert kapasitet til å opprettehalde tilsvarende nivå som tidlegare år, på grøntareal som kommunen har driftsansvaret for.

### Vatn, avløp og renovasjon


Hovudtiltaka i Hovudplan for vatn og avløp 2016-2025 har fokus på å sikra robust vassforsyning til heile kommunen, sanering av gamalt og dårleg leidningsnett og handtering av overvatn. Hovudplanen er under revidering og ny plan skal vere klar for politisk handsaming i 2024.

Sanering av VA-anlegga er eit langsiktig arbeid. Kommunestyret har sett som mål at ein prosent av anlegga skal sanerast kvart år, det vil seia ei utskiftingstakt kvart 100 år. Vert dette arbeidet forsømt, vil byrden verte større for komande generasjonar. Det er først dei siste åra kommunen har nådd målsetnadane om sanering.

Det er framleis for høgt tap/lekkasje av vatn i nettet. Undersøkingar i andre kommunar visar at opptil 90 % av lekkasjane skjer i det private leidningsnettet. Dette betyr høgare pris på fakturert vassmengd. Det er ei prioritert oppgåve framover å gjennomføra tiltak for å redusera tap/lekkasje i vassnettet.

Framleis går det alt for mykje avløpsvatn til reinsing samanlikna med det kommunen vert fakturert for av vatn av IVAR IKS. Mengdene aukar betydeleg når det er store nedbørmengder. Det er ei prioritert oppgåve framover å gjennomføra tiltak for å redusera mengda avløpsvatn som må reinsast, og sikra at meir av dette går i overvassnettet.

IVAR IKS utfører renovasjonstenesta i samsvar med samarbeidsavtale frå 2021. Dei etablerte henteordningane for hushaldsavfall inngår i gebyrgrunlaget. Utval for lokal utvikling har i 2023 vedtatt nye rutinar for innsamling av plast og hageavfall.



### Plan og forvaltning

Plan og forvaltning har ansvaret for alt forvaltningsarbeid innan arealplan, landbruk, byggesak, geodata, klima/miljø og naturforvaltning.

Arbeidet med ei avgrensa revidering av kommunedelplan for Bryne sentrum (sentrumsplanen) starta i 2020. Planprogrammet vart fastsett i april 2021. Førstegongsbehandling er planlagt våren 2024. Ny gatebruksplan for Bryne er klar, men val av løysingar må skje parallelt med avklaringar rundt framtidig gågate i Storgata og parkeringsløysing for Bryne sentrum. Dette arbeidet vil verta innarbeidd i revisjonen av sentrumsplanen. Kommunedelplan for dobbeltspor Sandens – Nærbø er under arbeid og er planlagt vedtatt i 2024.

Gjeldande planstrategi viser mellom anna fleire oppgåver framover når det gjeld områdeplanlegging, særskilt for fortetting på Håland og kraftkrevjande industri på Kalberg/Kvernaland. Områdeplan for kraftkrevjande industri på Kalberg/Kvernaland er under arbeid. Planprogrammet vart fastsett i [ULK-066/22](#). I arbeidet med ny planstrategi vil det verte vurdert om utarbeiding av fire områdeplanar på Håland skal erstattast av ein kommunedelplan for heile næringsområdet.

Arbeidet med å gjennomføra tiltak i godkjend «Tiltaksplan for Håelva» i samarbeid med Hå kommune, samt å slutføra arbeidet med «Tiltaksplan for Orrevassdraget» i samarbeid med Klepp kommune vil ha prioritet dei komande åra.

Det er i dag ikkje kompetanse til å ta i vare skogbruksforvaltninga i Time. Time kommune løyste si skogbruks- og viltforvaltning fram til 2018 gjennom ei interkommunal stilling saman med Hå og Klepp. Denne stillinga har vorte ståande ledig frå den tid grunna forsøk på å få til felles forvaltning innafor desse fagområda for Sør-Rogaland. Dette forsøket stranda i 2021. Det føregår no nye sonderingar om å få til ei felles stilling innafor skogbruksforvaltning med kommunane Time, Hå, Klepp og Gjesdal, der Time sin del utgjør 0,2 årsverk.

Geodata og oppmåling har hatt tilnærma same bemanninga sidan 2003, medan arbeidsmengda har auka i takt med auka innbyggartal. Dette gjer at det over tid vert krevjande å levere tenester innafor dei tidsfristane som gjeld.

Tilsyn og oppfølging av ulovlege tiltak er viktige lovpålagte oppgåver som byggesak vil prioritere framover i samsvar med vedtatt tilsynsstrategi.

Planavdelinga skal prioritere å slutføra reguleringsplanar som er igangsette. Overordna planar legg opp til vekst innanfrå og ut. Vekst vil då vera innafor allereie utbygde område. Tilpassing til eksisterande arealbruk og dialog vil verta viktigare i planar framover.

Det bør gjerast ei større vurdering av strukturen av gebyret til plan- og byggjesak inn mot 2025. Det vert nå foreslått å gjera enkelte mindre justeringar for at gebyra skal vera meir rettferdige og meir i samsvar med sjølvkostprinsippet. Gebyrregulativa i Time og nabokommunane har ulike strukturar og eignar seg derfor dårleg til samanlikning.

Kommunedirektøren føreslår mellom anna å innføre ein lågare sats for mindre jordfyllingar på landbrukseigedommane i gebyrregulativet for 2024. Denne vert foreslått sett til halvparten av dagens sats.

Det vert foreslått å innføre gebyr for mellombels bruksløyve frå 2024. Dette er for å gi eit insentiv til å søkja om ferdigattest med ein gong. Mellombels bruksløyve er eit ekstra arbeid.

Arealtillegga i tidlegare regulativ, har vore svært høge samanlikna med andre kommunar. Ein sats på 100 kroner per kvadratmeter har gitt milliongebyr for tilbygg til næringsbygg. Gebyret

har som oftast vorte redusert med 50 prosent på grunn av urimelegheit, og då bør dette justerast. Det vert føreslått å innføre eit arealtillegg på ti kroner per kvadratmeter på bustad bygg. Driftsbygningar slepp arealtillegget.

Det kostar i dag det same å arealoverføre 50 kvadratmeter som å dela ifrå 30 nye tomter. Forslaget er å differensiera omfanget av søknadane. Time har òg lege under kommunane i området i pris.

Klima og miljø skal synleggjerast og prioriterast vidare. Klima- og miljøplan 2023-2033 med tilhøyrande handlingsdel, vart godkjent våren 2023. Del om naturmangfald skal utarbeidast haust 2023 og vår 2024.

Utgiftene knytt til drift av bysyklar vert flytta frå Stab til Plan og forvaltning. Driftsutgiftene i 2023 er 165 000 kroner. Klima- og miljøplanen har ei målsetting om 100 ladepunkt i kommunen innan 2030. For å nå denne målsettinga, trengs det 35 000 kroner til drift av nye bysyklar per år i heile perioden, og fram mot 2030. I denne planperioden betyr det at driftskostnaden for bysyklar vil ligge på 305 000 kroner i 2027.

## **Brannvern**

Brannvernsberedskap, oppgåver knytte til miljøretta helsevern og skjenkjekontroll blir vareteken for eigarkommunane av Rogaland brann og redning IKS. Time kommune har ein eigardel på 5,8 % i det interkommunale selskapet.

Styret har fått eit budsjettforslag frå selskapet som viser brutto auka kostnadar frå 366,3 millionar kroner i 2023 til 433,7 millionar kroner i 2024. Utgiftene aukar til 444,3 millionar kroner i 2025 og utgjer 476 millionar kroner i 2027. Utanom husleiga, viser forslaget ein auke i tilskotet for eigarkommunane på 17,8 millionar kroner i 2024, aukande til 27,8 millionar kroner i 2025, 40,7 millionar kroner i 2026 og 53,2 millionar kroner i 2027. Forslaget til investeringsbudsjett viser 66,7 millionar kroner, ein auke frå gjeldande økonomiplan på 37,3 millionar kroner. I fireårsperioden er det inkludert ny brannbåt i 2026 med 30 millionar kroner.

Kommunedirektørane i eigarkommunane har samarbeidd om forslaget og handtering av tilskotet frå eigarkommunane. Forventningar som vart stilte i eigarmøte 19.08.2022 og seinare dialog, ligg fast. Forventningane er måtehald, effektivisering og omstilling innanfor eksisterande rammer, under dette å ta ut synergjar og stordriftsfordelar. I framleis påvente av at revidert brannordning inkludert brannstasjonsstruktur blir fremja, blir det ikkje sett i gang nokon nye tiltak utan at dei er strengt grunnlagt og at dei ikkje er moglege å løysa innanfor eksisterande ramme. Økonomiske konsekvensar av realiseringa av gjeldande brannstasjonsstruktur er høge. Samtidig har selskapet opparbeidd seg betydeleg fri eigenkapital. Auke i husleigeutgifter blir derfor løyst ved bruk av disposisjonsfondet til selskapet. På den måten kjem bruken alle eigarane til gode.

Kommunedirektørane kan ikkje tilrå ein økonomisk vekst i tilskot eller utvikling av selskapet slik det kjem fram av motteke forslag. Det er det verken økonomiske høve til på kort og lengre sikt, eller forsvarleg å tilrå når revidert brannordning ikkje er kjend for kommunane. Eigarkommunane handter dermed budsjettammer for eitt år om gongen no. Ramma blir lagt på så nøkternt nivå som mogleg, under dette tiltak som innsparingar og omdisponeringar.

Samtidig er det behov for å starta ei styrt disponering av dei opptente midlane i selskapet for å kunna handtera utviklinga framover.

Dette betyr at med grunnlag i vedteke budsjett 2023 på 315 millionar kroner, blir justering gjennomført med kommunal deflator. Det gir ein auke totalt på 11,3 millionar kroner i 2024. Beløpet saman med auken i husleigeutgifter på 9,1 millionar kroner utgjør auken i samla tilskot frå eigarkommunane i 2024. Finansieringa av auken blir løyst ved bruk av den opptente frie eigenkapitalen til selskapet (disposisjonsfond) i 2024. Investeringsbudsjettet blir behalde uendra frå gjeldande økonomiplan. Eigarkommunane innarbeider følgjeleg 0-vekst i tilskotet 2024 i budsjetta sine.

Resultata av kommunedirektørane sitt utgreiingsarbeid jf. oppdraget frå representantskapet vil liggja føre om kort tid. Det dannar grunnlaget for å starta opp arbeid med økonomiske- og styringsmessige grep framover. I tillegg er det nødvendig at selskapet gjennomfører omstillings- og effektiviseringsarbeid for å skapa handlingsrom for framtida.

## **Kultur**

Kultur har ansvar for bibliotek, kulturhus og kino, fritidsaktivitetar inkludert idrett, kulturvern og museumsdrift, utsmykking av kommunale bygg og utandørs anlegg/parkar, samt dei årlege festivalane Garborgdagar og Livsgledefestivalen.

Kommunestyret vedtok i 2019 «Kulturplan 2019-2027 – Time kommune». Planen har tre satsingsområde: «Nye Storstova og nye lokale til kulturskulen», «Haugtussa-veka» – ei vidareutvikling av Garborgdagar, og «Kulturstiar i Time» – tilrettelagte turar med kunst og kultur av høg kvalitet. Kulturplanen skal inspirera, motivera og gi retning for arbeidet med å vidareutvikla kulturkommunen Time.

Samarbeid med gatekunstnaren Pøbel om MUTE-prosjektet på Høg-Jæren er eit eksempel på ideen med «Kulturstiar i Time». Vidare ligg det i perioden inne midlar til å gjennomføra forprosjekt for «Haugtussa-veka». I 2024 er det 100 år sidan forfattaren Arne Garborg døyde, og dette vil verta markert mellom anna under dei årlege Garborgdagane.

Når det gjeld Storstova, er det dei seinare åra gjort enkelte bygningsmessige utbetringar. I tillegg er ein del av utstyret oppgradert. Det er også innført ei ordning med husleigetilskot for lokale lag og organisasjonar, for å stimulera til auka bruk. Det er i perioden sett av midlar til nødvendig oppgradering av utstyr og til utskifting av stolane. Vidare er det lagt inn midlar til rehabilitering av taket (enøk-tiltak).

Etter ein god start i nye lokale for Bryne kino i 2018, har dei siste åra vore prega av pandemisituasjonen med smittevernrestriksjonar og liten tilgang på nye filmar, med sviktande besøk og inntekter som resultat. Det er framleis ei utfordring å vinna tilbake publikum.

Basert på erfaringar frå dei føregåande åra og utviklingstrekk i bransjen, er det arbeidd med å etablere eit meir realistisk driftsbudsjett for kinoen. Måлтаlet på 100 000 besøkande, som vart lagt til grunn ved etableringa, er nå tatt ned til 80 000. Besøket i 2019, som var det første heile driftsåret etter flyttinga til nye lokale i oktober 2018, var på om lag 90 000. Då hadde framleis nye Bryne kino nyheitsinteresse. I korona-åra 2020 og 2021 låg besøket på 40-50 000 per år, medan det i 2022 gjekk opp til 72 000. Ved utgangen av september 2023 var besøket så langt

dette året snaut 53 000. Kinobesøket nasjonalt har også gått ned i perioden, frå 11,2 millionar i 2019 til 8,7 millionar i 2022 og vidare til 6,7 millionar for dei ni første månadene av 2023.

Med dette som utgangspunkt, samt gjennomgang av andre budsjettpostar, er det lagt inn ei styrking på ein million kroner per år frå og med 2024. Dette vil likevel berre delvis imøtekoma innmeldt behov. Det vil såleis framleis vera ei stor utfordring å få drifta av kinoen i balanse.

Time bibliotek har dei siste åra tatt i bruk eit nytt og meir publikumsvennleg biblioteksystem, og biblioteket har vorte meir tilgjengeleg ved innføring av «meiroke bibliotek», noko som betyr utvida tilgang for brukarane i tidsrom der biblioteket ikkje er bemanna.

Bryne storhall vert ferdig ved årsskiftet 2023-2024. I tillegg kjem midlar til ei rekke idrettsanlegg med delfinansiering frå spelemidlar, samt midlar til ei rekke friluftslivs- og nærmiljøanlegg. I sum vil dette gje fleire idrettsarenaer og eit betre grunnlag for friluftslivs- og nærmiljøaktivitetar.

Det er sett av midlar i 2024 til å utvida stillinga til «Alle med»-koordinatoren frå halv til heil stilling. Utvidinga vert vurdert på nytt i 2025 saman med igangsette tiltak retta mot flyktningar. Erfaringar så langt viser at tiltaket bidreg til at barn og unge, uavhengig av familien sin økonomi, vert inkluderte i lag og organisasjonar.

I samarbeid med frivillige organisasjonar har kommunen dei siste åra hatt eit mangfald av ferieaktivitetar for barn og unge. Dette tiltaket vert vidareført i 2024.

Kommunedirektøren føreslår å setta av 300 000 kroner i 2024 til å dekkja utgifter til faste, organiserte fritidsaktivitetar for barn i låginntektsfamiliar som sjølve ikkje har moglegheit til å dekkja dette.

Revidering av kulturminneplanen vert ferdig i 2024. Det er lagt inn ein million kroner til rehabilitering av fasadane på Fotland kraftstasjon. Dette for å hindra vidare forfall.

Det vert kontinuerleg arbeid med korleis ein kan redusera kostnadar i kommunen. Som ein del av dette arbeidet, er det føreslått å redusere eit vakant årsverk i Kultur med 50 prosent. Då det kan vera utfordrande å skulle rekruttera til eit 50 prosent årsverk innan Kultur, vert det føreslått å flytta dei resterande 50 prosent over til Innbyggjarservice og kommunikasjon saman med relevante arbeidsoppgåver frå Kultur. Tiltaket gjer at ein kan gi eksisterande tilsette tilbud om auka stilling samt gi ei innsparing for kommunen totalt sett.

## **Eigedom**


Alt reinhaldsarbeid og vedlikehaldsarbeid for kommunale bygningar og bygging/rehabilitering av bygg er samla i tenesteeininga Eigedom.

Det er i løpet av 2022 og 2023 montert solcelleanlegg for straumproduksjon for omlag 11,6 millionar kroner inkl. mva, der vi har fått statleg støtte frå Husbanken på omlag 6,5 millionar kroner. Dette vil gje oss totalt ein årsproduksjon på omlag 700 000 kWh. På grunn av høge energiprisar og lite energi i marknaden siste år, så vart det satt i gang tiltak for å redusere bruken av energi hausten 2022. Dette vart gjort ved å oppretta nokre retningslinjer for temperaturar og driftstider på varme- og ventilasjonsanlegg og å stenga bruken av bassengene i barnehagane. Ein vil i 2024 vurdere desse retningslinjene ut i frå straumpris og kapasiteten i


kraftnettet, og halda fram arbeidet med å redusera energibruken i kommunale bygg og jobba for å produsera meir grøn energi på bygga til kommunen.

Reinholdskostnadane har i fleire rundar vorte redusert ved å endra frekvens og smartare reinhold ved bruk av nyare og betre utsyr. I 2024 vil reinhaldsavdelinga fortsetta med å sjå på moglegheiter for å redusera kostnadane ved å gjera reinhaldet meir rasjonelt og bruka nye metodar og nytt utstyr blant anna og sjå om det er mogleg å bruka robotmaskiner i idrettshallar og større gangareal. Vaskeriet på Bryneheimen, vert formelt overført frå institusjon til Eigedom, reinhold, frå 1.1.2024.

Per i dag har 32 reinhaldarar fagbrev av totalt 50 tilsette.



KOSTRA-tala for 2022 viser at Time i hovudsak er på same nivå med areal til eigedomsforvaltning per innbyggjar som Hå, Klepp og aktuell KOSTRA-gruppe.



Driftsutgifter til eigedomsforvaltning er om lag på same nivå som nabokommunar og aktuell KOSTRA-gruppe, med unntak av administrasjonsbygg der Time ligg lågast.



### 5.3.2 Mål for langtidsperioden

- Redusera konsekvensane av barnefattigdom (Folkehelse)
- Bryne sentrum skal utviklast som regionsenter, i tråd med regionalplan og med urbane kvalitetar i samsvar med sentrumsplanen
- Ha ein nullvisjon for trafikkulykker (Folkehelse)
- Legga til rette for at ein aukande del av persontransporten skjer med buss, bane, til fots og på sykkel (Folkehelse)
- Bryne kino og Storstova kulturhus skal tilby eit mangfaldig filmtilbod og kulturprogram, og vera attraktive møtestader og samarbeidspartnarar
- Bryne storhall skal ha eit høgt aktivitetsnivå og eit mangfald av idrettstilbod, samt vera ein attraktiv arena for større arrangement som turneringar, messer, møte og konsertar
- Sikra god tilgang på område for leik, idrett, rekreasjon og nærfriluftsliv ved utbygging og fortetting (Folkehelse)
- Redusera energibruken i kommunale bygg og anlegg (kommunal drift)
- Bygge ut meir produksjon av grøn energi
- Sikra ei effektiv, sikker og miljøvenleg renovasjons-, vass- og avløpsteneste som dekker hushalda og næringslivet sine behov
- Redusere lekkasje i vassnett og innlekking av overvatn til avløpsnett

### 5.3.3 Tiltak i 2024

#### Folkehelse

- Laga handlingsplan for bruk av partnerskapsmidla (Folkehelse)
- Iverksette tiltak i tråd med handlingsplanen for aldersvennlege lokalsamfunn (Folkehelse)
- Følg opp funn i «Folkehelseundersøkinga 2020» i plan- og tiltaksarbeid (Folkehelse)

#### Beredskap

- Gjennomføra beredskapsøving som inkluderer kriseleiinga
- Gjennomføra opplæring i krisehandtering og beredskapsøving for leiarar i verksemder som ikkje har fått opplæring
- Følg opp tiltak i handlingsplanen i Heilskapleg ROS-analyse 2022-2025 Time kommune
- Revidera fagberedskapsplanar innan helse, omsorg og smittevern

#### Plan og forvaltning

- Revidera kommunedelplan for Bryne sentrum 2015-2026
- Utarbeide arealplan for å sikre betre arealutnytting for næringsområda på Håland
- Fullføre arbeidet med utarbeiding av «Tiltaksplan for Orrevassdraget» saman med Klepp
- Gjennomføra tiltak i «Tiltaksplan for Håelva» saman med Hå
- Utarbeiding og godkjenning av naturmangfald delen i temaplan for klima og miljø
- Oppfølging av og opprydding i etablerte private reinseparkar

## Brannvern

- Arbeidet med å greia ut alternativ kostnadsfordeling mellom eigarkommunane i Rogaland brann og redning IKS fortset

## Kultur

- Slutføra revideringa av kulturminneplanen
- Gjennomføra forprosjektet «Haugtussa-veka» og markera at det i 2024 er 100 år sidan forfattern Arne Garborg døyde
- Styrka arbeidet mot barnefattigdom og utanforskap (Folkehelse)
- Legga til rette for aktiv bruk og sikker drift av Bryne storhall

## Vegar og grøntanlegg

- Gjennomføra prioriterte tiltak i trafikksikringsplanen (Folkehelse)
- Systematisera og digitalisera drifta av overvass-, veg- og grøntanlegg
- Ta i bruk ny miljøvenleg teknologi for vedlikehald av grøntområde
- Utarbeide planar for oppgradering av og gjennomføre tiltak på kommunale leikeplassar

## Vatn, avløp og renovasjon

- Gjennomføra systematisk lekkasjesøking i leidningsnettet for vatn
- Gjennomføra systematisk søking etter framandvatn i avløpsnettet
- Gjennomføra førebyggjande tiltak for overvasshandtering i utsette område på Bryne
- Rullera hovudplan for vatn og avløp
- Starta arbeidet med opprydding i forureining frå private avløpsreinseanlegg

## Eigedom

- Ta i bruk ny teknologi for å redusera kostnadane ved reinhald
- Gjennomføra nødvendige brannsikringstiltak etter tilsyn i kommunale bygg

### 5.3.4 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet

Samfunn	Rekneskap		Økonomiplan				Endring 2023-2024
	2022	Budsjett 2023	2024	2025	2026	2027	
Netto driftsutgifter (1000 kr)							
Administrasjon	3 043	2 144	2 166	2 166	2 166	2 166	1,0 %
Plan og forvaltning	8 453	10 231	10 859	10 859	10 609	10 609	6,1 %
Brannvern	14 374	14 910	15 162	15 162	15 162	15 162	1,7 %
Folkehelse og kommuneoverlege	2 493	2 306	2 510	2 510	2 510	2 510	8,8 %
Kultur	26 951	25 589	27 422	26 872	26 872	26 872	7,2 %
Eigedom	60 428	65 707	53 879	53 829	53 679	53 829	-18,0 %
Vegar og grøntanlegg	26 934	24 650	23 256	23 291	23 326	23 361	-5,7 %
Vatn, avløp og renovasjon	0	0	0	0	0	0	
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>142 676</b>	<b>145 537</b>	<b>135 254</b>	<b>134 689</b>	<b>134 324</b>	<b>134 509</b>	<b>-7,1 %</b>

### 5.3.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden

#### Auka utgifter eller reduserte inntekter

- 82 000 kroner i praksiskompensasjon for kommuneoverlege 2
- 400 000 kroner for auka kostnader til ny vaktavtale vintervedlikehald
- 1,5 millionar kroner, inklusive 0,6 årsverk, i auka driftsutgifter for ny idrettshall
- 275 000 kroner i auka kommunale avgifter
- 250 000 kroner til forprosjektet «Haugtussa-veka» i 2024
- 1 million kroner i lågare forventta billettinntekter til kinoen
- 250 000 kroner i auka driftsutgifter grønt og veg for uteområdet ved Vardheia ungdomsskule
- 165 000 kroner til drift av bysyklane (overført frå Stab) pluss opptrapping på 35 000 kroner per år i perioden
- 807 000 kroner, eitt årsverk, i auka lønnsmidlar landbruk (overført frå sjølvkost/avløp)
- 300 000 kroner i 2024 til arbeid mot barnefattigdom
- 1 million kroner i bortfall husleigeinntekter Timehallen
- 140 000 kroner i leige av symjehall, Klepp
- 80 000 kroner til drift av WC i Sandtangen

#### Reduserte utgifter eller auka inntekter

- Nullvekst i tilskotet til Rogaland brann og redning IKS i 2024
- 100 000 kroner i auka gebyrinntekter Plan og forvaltning
- 700 000 kroner, 0,8 årsverk, i mindre lønnsutgifter sjølvkost avløp (overført til landbruk)
- 750 000 kroner, 1 årsverk, i reduserte lønnsutgifter veg og grønt
- 837 000 kroner, 1 årsverk, i reduserte lønnsutgifter Kultur
- 4,8 millionar kroner i auka husleigeinntekter Bryne storhall
- 125 000 kroner i refusjon frå Klepp kommune til vedlikehald av uteområdet ved Vardheia ungdomsskule
- Reduserte straumutgifter inklusiv sikring med 10 millionar kroner
- 1,6 millionar kroner i reduserte straumkostnader gatelys

### 5.3.6 Oversikt over personalressursar

Samfunn	31.12.2023	Nye	Redusert	31.12.2024
Administrasjon	1,4			1,4
Plan og forvaltning	18,9	1,0		19,9
Folkehelse og kommuneoverlege	1,2			1,2
Kultur	26,4		1,0	25,4
Eigedom	77,8	0,6		78,4
Vegar og grøntanlegg	18,3		2,0	16,3
Vass, avløp og renovasjon	12,7	0,2	1,0	11,9
<b>Årsverk i alt</b>	<b>156,6</b>	<b>1,8</b>	<b>4,0</b>	<b>154,4</b>

## 5.4 Stab

Stabstenestene omfattar politiske organ og felles stabs- og støttefunksjonar for heile kommunen. Stab er organisert i dei fire stabsområda Økonomi, Organisasjon, Politikk og samfunnskontakt og Digitalisering og utvikling. I stabsområda ligg tenester som politisk sekretariat, dokumentsender, innbyggarservice, kommunikasjon, digitaliseringsarbeid, IKT-drift, budsjett, rekneskap, lønn, personal og Jæren kommuneadvokat KO.

Næringsarbeidet og Time kyrkjelege fellesråd vert òg omtala i dette kapittelet.

### 5.4.1 Status og utfordringar

#### Næring

Næringsoppgåvene i Time vert ivareteke av kommunedirektør, ordførar og varaordførar. Det har høg prioritet å ha dialog med lokal og regional næringsforeining og aktørar som ønsker å bidra, eller allereie bidreg, til næringsutvikling og arbeidsplassar i kommunen.

Time kommune var tidlegare ein av fleire kommunar som kanaliserte delar av sitt næringsarbeid gjennom Greater Stavanger. Då dette samarbeide opphøyrt vart dei midla som var brukt til Greater Stavanger, rundt 700 000 kroner, disponert om til andre tiltak i kommunen som ikkje gjaldt næring. Kommunedirektøren ser at dette har satt Time i ein posisjon der ein har lite handlingsrom i budsjettet for å driva næringsarbeid.

Kommunen har i perioden 2020-2023 hatt ei satsing på reiseliv og destinasjonsutvikling gjennom Opplev Jæren. Satsinga har vore finansiert med 150 000 kroner årleg frå avsette koronamidlar som nå er brukt opp og vil etter planen utgå. Kommunedirektøren meiner at innsatsen for å tiltrekka seg turistar til Jæren bør oppretthaldast, men det er ikkje avsett egne midlar til dette. Time kommune gir eit årleg bidrag til destinasjonsselskapet Region Stavanger på rundt 100 000 kroner. Det er då naturleg å ha god dialog med selskapet for å sjå korleis satsing på reiseliv kan utviklast innafor allereie tildelt ramme.

Det er i 2023 fatta vedtak i sak FSK-039/23 om at støtte på 25 000 kroner til prosjektet Energihovedstaden og Agritec i sak KS-067/23 på rundt 30 000 kroner, skulle innarbeidast i økonomiplanen. Kommunen har dei siste to åra løyva støtta til gjennomføring av arrangementet Jærmøtet i regi av Næringsforeiningen i Stavanger-regionen. Denne støtta var i 2023 på 50 000 kroner jamfør FSK-007/23.

På bakgrunn av dette tilrår kommunedirektøren å auke budsjettposten til næring med til saman 500 000 kroner for å kunne bidra til næringsutvikling og næringsarrangement. Beløpet vil kunne dekke tiltaka nemnt over og i tillegg gi eit noko større handlingsrom for å bidra i prosjekt gjennom året.

Time kjøper etableringsretteleing for personar som ønsker å etablere nye verksemder frå Skape. Skape er eit partnerskap mellom alle dei 23 kommunane i fylket og Rogaland fylkeskommune.

#### Politiske organ


Budsjettløyvinga dekker dei folkevalde organa, politisk sekretariat og gjennomføring av val i kommunen. Størrelsen på løyvinga varierer med utgangspunkt i når det er valår og når det vert planlagt for folkevaldopplæring.

Det er i perioden 2024 til 2027 planlagt folkevaldopplæring for kommunestyre, utval og medverknadsorgan. Ein del av opplæringa vil vera i regi av KS sitt folkevaldprogram medan andre delar av opplæringa tek kommunen ansvar for sjølv.

Folkevalde i Time får disponera iPad då alle sakspapir vert tilgjengelege digitalt. Desse har tidlegare periodar vorte kjøpt inn, men denne gongen legg ein opp til å inngå leasingavtale for iPadane.

Det vert i slutten av 2023 lagt fram ei sak til kommunestyre om å vurdere inngåing av venskapsavtale med ein Ukrainsk kommune. Det er vanskeleg å estimera ein nøyaktig kostnad for dette då ein må detaljera innhaldet i ein slik avtale i samarbeid med den aktuelle kommunen og KS. Det vert likevel sett av nokre midlar slik at ein har handlingsrom til å starta oppfølginga allereie i 2024 dersom kommunestyret vel å inngå samarbeid.

## Administrasjon



Kjelde: SSB

Tabellen synar at Time kommune har lågare utgifter til administrasjon per innbyggjar enn nabokommunane og samanliknbare kommunar elles i landet (KOSTRA gr. 7). Kommunen har ein sentralisert administrasjon der alle stab- og støttefunksjonar er lokalisert på rådhuset. Det gir moglegheiter for stordriftfordelar og kommunedirektøren er opptatt av å halda administrasjonskostnadane låge.

### *Stabsområde Politikk og samfunnskontakt*

*Innbyggjarservice og kommunikasjon* skal bidra til at kommunen kommuniserer på ein god og strategisk måte både internt i organisasjonen og eksternt mot innbyggjarane. Stadig meir av kommunikasjonen med innbyggjarane føregår digitalt. Det er derfor viktig at innbyggjarane våre på ein enkel måte kan finna og forstå informasjon frå kommunen i digitale kanalar. Dette arbeidet krev kontinuerleg oppdatering og det vert føreslått å setta av midlar i planperioden til oppdatering av kommunen sin grafiske profil og nettside.

Ein har over tid sett behov for å nå ut med meir spesifikt budskap til einssilde innbyggjargrupper. Det er derfor lagt inn leasingskostnadar for Kommuneforlaget sin teneste Innbyggarkontakt. I tillegg har kommunen auka leasingskostnadar til eksisterande verktøy som må oppbudsjetterast.

Samtidig som mykje skjer digitalt, er det også viktig å ivareta innbyggjarar som har utfordringar på dette området. Her har Innbyggjarservice ei viktig rolle i si rolle som førstelinje både på sentralbord og i ekspedisjonen.

Som eit føreslått innsparingstiltak vert det føreslått å flytta 0,5 årsverk frå Kultur til Innbyggjarservice og kommunikasjon saman med relevante arbeidsoppgåver. Tiltaket gjer at ein kan gi eksisterande tilsette tilbod om auka stilling samt gi ei innsparing for kommunen totalt sett.

### *Stabsområde Digitalisering og utvikling*

Utviklinga på digitaliseringsområdet skjer i eit raskt tempo. Ein merkbar økonomisk endring er at lisenskostnadane for produkt kommunen er avhengig av aukar meir enn før og utan at kommunen har vesentleg moglegheit til å påverka dette. Marknaden er i prega av store aktørar og i fleire tilfelle lite reell konkurranse. Det vert jobba med å få eit mest mogleg realistisk budsjett for lisenskostnadar og den grad det er mogleg pressa prisane gjennom samarbeid med andre kommunar om større anbod.

Kommunen er ein deltakar i det regionale samarbeidet DigiRogaland. Me har òg eit medlem i arbeidsutvalet. Målet med samarbeidet er å bruka digitale verktøy for å gje betre tenester til innbyggjarar og næringsliv. Samarbeidet skal hjelpa kommunar å oppnå gevinstrealisering og innføra store nasjonale digitaliseringsprosjekt. Aktuelt i perioden er nytt barnevernssystem.

Innføringa av velferdsteknologi er eit stort satsingsområde i perioden. Fleire konkrete digitaliseringsprosjekt er omtala under dei enkelte tenesteområda.

Sikkerheit vil vera eit prioritert område i perioden, basert på dei store digitale angrepa på kommunale, statlege og private verksemdar siste åra.

### *Stabsområde Organisasjon*

*Jæren kommuneadvokat KO* vart oppretta i 2023 som eit samarbeid mellom Time, Hå og Gjesdal om advokattjenester. Det vil i 2024 bli arbeidd med å implementera samarbeidsavtalen og laga gode rutinar for oppdragsflyten frå kommunane.

*Dokumentsenteret* skal, i samarbeid med resten av organisasjonen, sikra at Time kommune sin dokumentasjon vert tatt vare på for nåtid og framtid etter gjeldande lovar og reglar. Time kommune skal dokumentera vedtak og tiltak og ta vare på dokumentasjon av dei juridiske rettane og pliktane som personar, organisasjonar, bedrifter og offentlege organ har.

For å sikra dette må kommunen nytta rette system og prosessar, og setta dei som skal bruka desse i stand til det gjennom god opplæring. Arkivverket har eit mål om at innan 2025 skal ingen saksbehandlarar trenga å tenka på å arkivera. For å nå dette målet er det mange tekniske løysingar som må på plass.

### *Stabsområde Økonomi*

Kommunen har ei sentralisert økonomiforvaltning der avdelinga har ansvar for budsjett, rekneskap, rapportering, leiarstøtte, innkrevjing, innkjøp og utgreiingsarbeid.

Det har vore arbeidd mykje med å digitalisera arbeidsoppgåvene i avdelinga. Økonomiavdelinga arbeider vidare med å skaffa eit nytt verksemdsstyringsverktøy som

mellom anna skal effektivisera økonomiplanprosessen og dei lovpålagte rapporteringane som tertialrapport og årsrapport.

Opgåver som blir utførte i økonomiavdelinga følgjer direkte av lover og forskrifter kommunen er pålagt å følgja. Det er også starta opp eit arbeid med å kartleggja ansvar, roller og oppgåvefordeling i avdelinga. Målet med dette arbeidet er å:

- Gjera tydeleg og stadfesta roller for å oppnå ei endå høgare ressursutnytting
- Få fram om det er fleire oppgåver som kan gå ut, blir effektiviserte eller blir digitaliserte.

### **Time kyrkjelege fellesråd**

Tilskotet til Time kyrkjeleg fellesråd er inflasjonsjustert. Det er sett av 2,2 millionar kroner til oppgradering av kyrkjene i komande planperiode.

Fellesrådet har planar om å byggja ny barnehage og kontorlokale i tilknytning til Bryne kyrkje, og er i dialog med kommunen om ulike typar finansieringsløyisingar. Kommunar er i samsvar med lov om trus- og livssynssamfunn § 14 plikta til å gi tilskot til kyrkja som mellom anna dekkjer kontorhald. Arbeidet er førebels ikkje ferdigstilt, men kommunedirektør vil koma tilbake til kommunestyret med ei eiga sak og tilhøyrande finansiering i kommande økonomiplanar.

### **Diverse fellesutgifter**

I denne gruppa ligg dei frikjøpte tillitsvalte, kantina på rådhuset og etableringsstønad for økonomisk vanskelegstilte.

#### **5.4.2 Mål for langtidsperioden**

- Digitalisera og effektivisera kommunen slik at Time kan levera best mogleg teneste til lågast mogleg kostnad
- Samarbeida med aktørar som ønsker å bidra, eller allereie bidreg, til næringsutvikling og arbeidsplassar i kommunen
- Sikra personvernet i alle fagsystem
- All arkivering skal automatiserast innan 2025
- Avslutta bruken av papir i saksbehandling
- Digitalisera økonomiplan og rapportering
- Følgja opp mål og tiltak for lokaldemokrati i samfunnsdelen til kommuneplanen
- Flytta programvare frå lokale serverar og ut i «skya»

#### **5.4.3 Tiltak i 2024**

##### **Næring**

- Delta i lokale og regionale næringsprosjekt
- Ha god dialog med eksisterande og potensielt nye næringsaktørar i kommunen
- Utarbeida ein felles næringsstrategi for Jæren saman med Hå og Klepp

##### **Politiske organ**

- Gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsval
- Folkevaldopplæring
- Utarbeida avtale med venskapskommune i Ukraina

## Administrasjon

- Auka sikringsnivået på fagsystem
- Digitalisera interne papirskjema og redusera behovet for papirutskrift
- E-signering i fleire system
- Automatisera prosessane med tilgangsstyring og opplæring av nytilsette
- Få auka den digitale kompetansen ved hjelp av nytt kompetansesystem
- Gå frå 4 til 1 domene (forenkling av samhandlingsprosessar)
- Universell tilrettelegging av kommunen si nettsida og innhald

### 5.4.4 Netto utgiftsramme tildelt tenesteområdet

Stabstenester	Rekneskap		Økonomiplan				Endring 2023-2024
	2022	Budsjett 2023	2024	2025	2026	2027	
Netto driftsutgifter (1000 kr)							
Politiske organ	7 881	9 159	9 392	9 682	9 062	9 837	2,5 %
Administrasjon	53 323	54 643	57 776	58 316	58 201	58 051	5,7 %
Trussamfunn	8 969	9 496	10 210	10 210	10 210	10 210	7,5 %
Næring	832	915	1 469	1 469	1 469	1 469	60,5 %
Diverse fellesutgifter	4 518	5 775	6 116	6 116	6 116	6 116	5,9 %
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>75 523</b>	<b>79 988</b>	<b>84 963</b>	<b>85 793</b>	<b>85 058</b>	<b>85 683</b>	<b>6,2 %</b>

### 5.4.5 Endringar med økonomisk konsekvens i planperioden

#### Auka utgifter eller reduserte inntekter

- Bidrag til næringsutvikling og næringsarrangement frå 2024, 500 000 kroner
- Folkevaldopplæring i perioden 2024-2027, 335 000 kroner
- Leasing av iPadar til folkevalde frå 2024, 120 000 kroner
- Vennskapskommune Ukraina frå 2024, 50 000 kroner
- Innføring av verksemdsstyringsverktøy, 450 000 kroner
- Flytting av dokumentsystemet til sky frå 2024, 300 000 kroner
- 0,5 årsverk flytt frå Kultur til Innbyggjarservice og kommunikasjon, 419 000 kroner
- Stortingsval i 2025, 600 000 kroner
- Oppgradering av omsorgssystem, 135 000 kroner
- Revidering av kommunen sin grafiske profil, skjema og innbyggjardialog i 2025, 300 000 kroner
- Oppdatering av kommunen sin internettside i 2026, 150 000 kroner
- Kommunestyre- og fylkestingsval i 2027, 700 000 kroner

#### Reduserte utgifter eller auka inntekter

- Redusert bruk av kopimaskinar frå 2024, 100 000 kroner

### 5.4.6 Oversikt over personalressursar

Stabstenester	31.12.2023	Nye	Redusert	31.12.2024
Administrasjon	50,1	0,5		50,6
Diverse fellesutgifter	6,1	0,1		6,2
<b>Årsverk i alt</b>	<b>56,2</b>	<b>0,6</b>		<b>56,8</b>



# 6 Kommunen som arbeidsgjevar

## 6.1 Status og utfordringar

Time kommune som arbeidsgjevar merker at arbeidsmarknaden er stram. Det er vanskeleg å rekruttera nye kvalifiserte kandidatar. Dette gjeld i alle kommunalområder. Konkurransen er hard kommunane imellom og mot privat næringsliv. Kandidatane er bevisst på verdien av eigen kompetanse, og det kan vera ei utfordring der lønssystemet er basert på garantilønn og ansiennitet. Kommunane i området samarbeider godt på tariffspørsmål og har som mål å ikkje driva lønnskamp.

Framskrivning av demografien viser ein aldrande befolkning som vil påverka kommunen sin arbeidsstyrke. På sikt betyr det mindre tilgang på arbeidskraft og potensielt færre yngre tilsette. Arbeidsgjevar må leggja arbeidet for ulike livsfasar for å sikra at tilsette blir i stillingane. Konkurransen om kvalifisert arbeidskraft – konkurransen om talentane vil tilta. Det vil krevja meir innovative rekrutteringsstrategiar og ulike tiltak som gjer Time til ein attraktiv arbeidsplass.

Teknologiske framsteg som automatisering, kunstig intelligens og digitalisering kan påverka behovet for ulike type kompetansar i Time kommune. Nokre oppgåver kan automatiserast, mens andre krev meir teknologisk kompetanse. Arbeidsgjevar må leggja opp til ein systematisk kompetanseutvikling som sikrar at tilsette har nødvendige ferdigheiter for å møte framtidige utfordringar. Kunstig intelligens (KI) veks i bruk. KI er ikkje noko som blir installert av kommunen, men ligg tilgjengeleg for alle og er tatt i bruk. KI nyttar material (tekst, bilete, film osv.) som allereie er produsert. Det medfører utfordringar innanfor etikk og personvern som kommunen har begynt å ta fatt i.

Mangfald, likestilling og inkludering er tema Time vil ha auka fokus på. Mangfald inneber skilnader i bakgrunn, erfaringar, kompetansar og perspektiv. Mangfald på arbeidsplassen kan bidra til betre avgjerdsprosessar og innovasjon. Likestilling og inkludering sikrar at alle tilsette har lik tilgang til moglegheiter og ressursar uavhengig av kjønn, etnisitet, seksuell orientering, funksjonsevne og andre karakteristikkar. Engasjement i desse problemstillingane er viktige for å behalda og rekruttera arbeidskraft.

### **Strategisk organisasjonsutvikling**

Time kommune må tilpassa seg dei endringane som nå skjer i demografi, teknologisk utvikling og krav frå brukarar og myndigheiter. Hovudfokus må bli retta mot tiltak for å behalda kompetanse, ha eit høgt nærvær og sørge for at flest mogleg tilsette jobbar i heile stillingar.

### **Kompetanse**

Hausten 2024 skal Time lansera eit kompetansesystem. Dette skal rusta organisasjonen i arbeidet med å behalda og auka kompetansen i kommunen og gje leiarar eit godt verktøy for å kartlegga kompetanse i sitt område. Kompetansekartlegging og økt kompetanse i kommunen skal bidra til å styrka arbeidet med dei utfordringane ein vil møte dei neste åra.

Time har som mål å bli ein kommune som lykkast i å behalda gode ressursar. Med gode tilsettingsprosessar, god opplæring og kompetansebygging skal Time kommune unngå raske utskiftingar og ressurskrevjande rekrutteringsprosessar.

### **Heiltidskultur**

Det er vedteke ein heiltidsstrategi i Time kommune. Heiltid er 100 % stilling, og målet er at flest mogleg skal jobba 100 %. Det gir kvalitativt betre tenester. I deltidstillingane ligg ein reserve av arbeidskraft arbeidsgjevar må nytta. Time kommune vil ikkje klara å rekruttera seg ut av demografiutfordringa som kjem framover. Heiltidsstilling vil gje tilsette betre lønns- og pensjonsytningar.

Målet i heiltidsstrategien er at 60 % av dei tilsette skal ha 100 % stilling. Pr. september 2023 jobba 870 tilsette i 100 % stilling. Det utgjer 52,5 % av talet på tilsette. Gjennomsnittleg stillingsstorleik er 80 %. Strategien er å utforska løysingar på tvers av einingane i kommune, finna arbeidstidsordningar i Helse og velferd som gjer høge stillingsprosentar (langvakter og årsturnus) og få til ein kultur i Time kommune der det er naturleg at flest mogleg ønsker 100 % stilling.

### **HMS og kvalitet**

HMS-arbeidet er ein integrert del av det daglege arbeidet. Leiarar og tilsette er opptekne av å sørge for eit forsvarleg arbeidsmiljø. Grunnleggande arbeid som oppfølging av medarbeidarkartlegging, kvalitetsteam, vernerundar, medarbeidarsamtalar og HMS-planar er viktige HMS-aktivitetar. Det blir arrangert grunnleggande HMS-kurs for verneombod, leiarar og medlemmar av arbeidsmiljøutvalet (AMU) kvart år. Kommunen vurderer korleis AMU er organisert, der målsettinga er å få eit meir levande HMS-arbeid.

Time kommune sitt HMS- og kvalitetssystem vil bli oppdatert hausten 2023 og blir eit meir brukarvenleg verktøy for leiarane og tilsette.

### **Medarbeidertilfredsheit**

Time kommune har tru på at arbeid med det psykososiale arbeidsmiljøet vil gje resultat. Gjennom systematisk arbeid med arbeidsmiljøet skal dette bidra til å behalda og ta vare på medarbeidarar. Kommunen skal nytta jamlege medarbeidarundersøkingar for å identifisera område som medarbeidarar ønsker kommunen skal betra seg på.

### **IA handlingsplan og sjukefråvær**

Arbeidet med inkluderande arbeidsliv (IA) er nært knytt til kommunen sitt HMS-arbeid. Time kommune arbeidar med oppfølging av sjukefråvær gjennom rådgiving og IA-kurs tilpassa behov hjå leiarar. Tett oppfølging gjer at Time kommune har lågare sjukefråvær samanlikna med andre kommunar. Kommunen skal vera tidleg ute for å redusera langtidsfråvær og auka nærvær for å behalda medarbeidarar i eit stramt arbeidsmarknad.

### **Rekruttering**

Å tiltrekka og rekruttera nye medarbeidarar vert viktigare når regionen konkurrerer om dei same ressursane. Det er eit mål å skilja seg ut som arbeidsgjevar, og eit tiltak i dette er å ferdigstillast ei karriereside på Time kommune si heimeside. Her vert potensielle nye kollegaer kjend med kommunen som arbeidsgjevar, mellom anna om kva Time kommune kan tilby.

Det er eit mål å verta betre i rekrutteringsprosessar. Time kommune vil leggja til rette for interne kurs for leiarar innafor rekruttering, for å heile tida utvikla og forbetra tilsettingsprosessen.

## **Lærlingar**

I 2023 var det 78 søkarar til ledige lære plassar i Time kommune og 17 av desse fekk tilbod om lære plass. Kommunen har budsjettert med 49 lærlingar fordelt på desse fagområda:

- Oppvekst: 17 lærlingar i barne- og ungdomsarbeidarfaget.
- Helse og velferd: 28 lærlingar i helsefagarbeidarfaget.
- Samfunn: 1 lærling
- Stab: 3 lærlingar

Kommunen vil halda fram med «Lærlingskulen» som er eit viktig tiltak for å sikra god opplæring. Det same gjeld «Bli kjent dagen», som bidreg positivt på kompetansenivået og tryggleiken for lærlingane. Nytt for Time kommune er inntak av to VG3-elevar for å imøtekomme praksisbehov. Ordninga vil gje eit komprimert løp mot fagbrev.

## **Likestilling, inkludering og mangfald**

Kommunen sin Handlingsplan for inkludering, likestilling og mangfald skal reviderast. Lov om likestilling og diskriminering blei skjerpa i 2020 med både en aktivitetsplikt og redegjæringsplikt, og diskrimineringsgrunnlaget blei utvida.

Handlingsplanen skal bidra i arbeidet med å jobbe aktivt, målretta og planmessig for å fremme meir likestilling og hindre diskriminering på arbeidsplassen. Handlingsplanen tek i dag omsyn til kjønn, etnisitet, funksjonsevne, alder, religion og livssyn, seksuell orientering og sosial bakgrunn. Den nye planen må inkludera nedsett funksjonsevne, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, omsorgsoppgåver, graviditet og foreldrepermisjon, samt bidra til å forhindra kjønnsbasert vald, trakassering, seksuell trakassering, og samansett trakassering. AMU har ansvaret for arbeidet og det skal rapporterast årleg på arbeidet og faktisk tilstand.

I Time kommunen skal inkludering, likestilling og mangfald være en del av vår kultur, der alle leiare har et særleg ansvar for oppfølging på sitt område. Dei tilsette er kommunens viktigaste ressurs, og god rekruttering og oppfølging vil bidra til mangfald i tenesteproduksjonen. Det vil og bidra til å gi alle moglegheiter i arbeidslivet og redusere utanforskap.

## **Informasjonssikkerheit og personvern**

Informasjonssikkerheit og personvern er grunnleggande for våre tenester og vårt omdømme som ein trygg kommune. Det er i tillegg samfunnskritisk infrastruktur i ein verden med eit stadig eskalerande trusselbilde. Digital infrastruktur er naudsynt for at kommunen og offentleg forvaltning skal være i stand til å levere gode tenester til innbyggerane. Tilgang til digitale verktøy er driftskritisk for fleire tenester i kommunen, og det same er digital kommunikasjon. Avhengigheita av denne infrastrukturen gjer den samfunnskritisk. Trygging av infrastrukturen blir ein stadig viktigare oppgåve.

Kunstig intelligens (KI) vil framover gi oss moglegheit for å automatisere rutinemessige oppgåver og effektivisere, men kan og føre til ei auke og meir sofistikerte angrep og f.eks. svindelforsøk. Alle våre tilsette må ha kompetanse og bevisstheit om trugslar og veta korleis

handtera dei. Det må brukast ressursar på opplæring av tilsette og kompetansesystemet kombinert med ressursar frå KS, blir viktige midlar for å nå målet

Med stadig meir av våre data i skya og mindre lokalt må me vurdere på ny korleis arbeidsgjevar organiserer arbeidet med informasjonssikkerheit. Time kommune må ha ein struktur som gjer oss i stand til å være proaktive i møte med trugslar, samtidig som vi fortsett leverer gode tenester.

## 6.2 Mål for langtidsperioden

- Sjukefråvær lågare enn 6,6 %
- Redusera turnover
- Auka leiarkompetansen
- Betra medarbeidartilfredsheita
- 60 % av tilsette i kommunen jobbar i 100 % stilling

## 6.3 Tiltak i 2024

- Utarbeida livsfasepolitikk
- Implementera ny arbeidsgjevarstrategi
- Implementera strategi for likestilling, inkludering og mangfald
- Implementera nytt kompetansesystem
- Digitalisera og systematisera nytilsettprosessen
- Arbeida systematisk med medarbeidartilfredsheit

## 7 Investeringar for langtidsperioden og årsbudsjett for 2024

Kommunedirektøren legg til grunn tidlegare vedtekne investeringsprosjekt og vedtak gjennom året i rulleringa av investeringsbudsjettet, og oppdaterer utgiftsoverslag og framdrift. Rammevilkåra er endra sidan førre investeringsbudsjett vart lagt fram. Byggekostnadane har auka mykje og i tillegg har rentene auka frå budsjett 2022 på 1,25 % og budsjett 2023 på 4 % til dette budsjettet på 5,5 %. Norges Bank har signalisert at rentetoppen førebels ikkje er nådd.

Nye rammevilkår, særleg renteutviklinga og pressa tenestetilbod i kommunen gjer at kommunen må gjera tøffe val. Det er i investeringsbudsjettet det er størst moglegheit for både prioriteringar og omprioriteringar. Investeringsbudsjettet får konsekvensar for drifta i både auka driftsutgifter og ikkje minst auka renter og avdrag. Ombygging av rådhuset 3. og 4.etasje er allereie avlyst i 2023.

Kommunedirektøren har sett på kva investeringar som kan forskyvast ut i tid. I denne kategorien er ny symjehall og oppgradering av Hognestad skule. Auka behov og aktivitet innan Helse og velferd gjer at kommunedirektøren har prioritert fleire investeringsprosjekt innanfor tenesteområdet. Etterspurnaden etter sjukeheimplassar er aukande og vurderinga til kommunedirektøren er at det snart må koma ein ny sjukeheim. Det blir planlagt bygging i komande planperiode, men ferdigstilling blir etter 2027. Sjølv med hard prioritering er likevel brutto investeringsutgifter i perioden på 922 millionar kroner, som skal lånefinansierast med 454 millionar kroner.

Det som har fått plass i budsjettet, er fleire investeringar innanfor Helse og velferd, eksempelvis utbygging av Kverneland omsorgssenter, fleire omsorgsbustadar og ombygging av Sivdamheimen. I tillegg skal det investerast innan VA-sektoren på om lag 250 millionar kroner.

## 7.1 Totaloversikt – netto finansieringsbehov og finansiering

Utgifter i millionar kroner	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2022	2023	2024	2025	2026	2027
Investeringsutgifter	190,4	316,7	280,8	241,4	236,1	152,6
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	4,9	2,8	2,9	2,9	3,0	3,0
Utlån av egne midlar						
Avdrag på lån						
<b>Netto finansieringsbehov</b>	<b>195,3</b>	<b>319,4</b>	<b>283,6</b>	<b>244,3</b>	<b>239,1</b>	<b>155,6</b>
Momskompensasjon	17,1	48,2	40,7	37,6	30,9	11,1
Tilskot frå andre	15,1	5,6	44,3	25,1	62,1	3,7
Sal	12,1	7,5	7,5	19,8	12,8	0,0
Motatte avdrag på utlån av egne midlar	5,9	5,8	8,2	8,2	8,2	8,2
Bruk av lån	112,9	224,4	152,3	104,9	92,9	104,3
<b>Sum investeringsinntekter</b>	<b>163,2</b>	<b>291,5</b>	<b>252,9</b>	<b>195,6</b>	<b>206,9</b>	<b>127,2</b>
Vidareutlån	24,3	25,0	25,0	25,0	25,0	25,0
Bruk av lån til vidareutlån	24,3	25,0	25,0	25,0	25,0	25,0
Avdrag på lån til vidareutlån	18,4	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0
Motatte avdrag på vidareutlån	19,0	10,0	12,3	12,3	12,3	12,3
<b>Netto vidareutlån</b>	<b>-0,6</b>	<b>0,0</b>	<b>-2,3</b>	<b>-2,3</b>	<b>-2,3</b>	<b>-2,3</b>
Overføring frå drift	-27,5	-27,9	-27,9	-46,4	-27,6	-26,1
Netto avs. eller bruk av bundne investeringsfond						
Netto avs. eller bruk av ubundne investeringsfond	-4,0	0,0	-0,5	0,0	-2,3	0,0
Dekning av tidlegare års udekkede beløp						
<b>Sum overføring frå drift og netto avsetningar</b>	<b>-31,5</b>	<b>-27,9</b>	<b>-28,4</b>	<b>-46,4</b>	<b>-29,9</b>	<b>-26,1</b>
<b>Framført til dekning i seinare år (udekkede løyving)</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>

Samla framlegg til investeringar i perioden 2024-2027 er på 922 millionar kroner som er ein nedgang på 335 millionar kroner frå gjeldande investeringsbudsjett. Investeringane vert delvis finansierte med momskompensasjon på 120 millionar kroner og andre investeringsinntekter på til saman 178 millionar kroner. Kommunen finansierer sjølv også delar av investeringane med overføring frå drift på 134 millionar kroner, beløpet inkluderer bruk av disposisjonsfond til finansiering av omkøyringsveg på Kverneland. Avdraginnbetalingar på utlån til Lyse utgjør 32,6 millionar kroner.

For å kunna gjennomføra investeringsplanen, må 454,4 millionar kroner lånefinansierast. I tillegg tek Time kommune opp 100 millionar kroner i startlån til vidare utlån i perioden.

I planperioden er brutto investeringar til skular og barnehagar 57 millionar kroner, til helse og velferd 360 millionar kroner, til idrett- og friluftsmål 56 millionar kroner og til veg og grøntanlegg 83,1 millionar kroner.

Det er i perioden sett av netto 250,7 millionar kroner i vass- og avløpsinvesteringar. Desse investeringane vert finansierte med gebyrinntekter over driftsrekneskapen.

Kommunedirektøren har valt å prioritera følgande større investeringsprosjekt:

- Utbygging av Kvernaland omsorgssenter
- Utviding Kolheia omsorgsbustadar
- Foreldreinitiativ og omsorgsbustadar på Svertingstad
- Ombygging Sivdamheimen
- Kjøp av kommunale bustadar
- Småhus til innbyggjarar med dårleg buevne

- Utvida overvasskapasiteten i Bryne
- ATO-avdeling
- Sanering av gamle VA-anlegg
- Gjera Storgata til gågate og oppgradera gata i 2026

I tabellane som følger vert investeringsprosjekta presenterte. Det er tenesteområdet Samfunn som har ansvaret for å gjennomføra bygge- og anleggsprosjekta og dei fleste andre investeringane.

## 7.2 Investeringsprosjekt – tabellar og omtale

### Administrasjon og fellesprosjekt

Administrasjon og fellesprosjekt	Prosjekt Budsjett	Før 2024	2024	2025	2026	2027	Etter 2027
1101 IKT Investeringar - felles	12 000		3 000	3 000	3 000	3 000	
1106 Rådhuset - nytt tak teknisk rom C-bygg/wc i A-bygg	1 000		500		500		
1111 Rådhuset C-bygg 3. & 4. etasje	11 500	8 000	3 500				
1214 Revisjon elektriske anlegg	1 200		300	300	300	300	
1215 Enøk-tiltak	10 000		2 500	2 500	2 500	2 500	
1221 Tilfluktsromma - rehabilitering/oppgradering - offentleg	1 000		500		500		
1221 Tilfluktsromma - offentleg (bundet fond)	-629		-500		-129		
1222 UU-tiltak bygg	1 850	1 250	150	150	150	150	
1223 Grønn energiproduksjon	20 000	4 000	4 000	4 000	4 000	4 000	
1223 Grønn energiproduksjon - tilskot	-4 000		-1 000	-1 000	-1 000	-1 000	
1224 Bytting av lyskjelder kommunale bygg	30 000		2 000	2 000	2 000	2 000	22 000
1905 Eigenkapital i KLP	11 700		2 850	2 900	2 950	3 000	
2236 Nedgravde containere - renovasjon komm. bygg	1 000	500	500				
2246 Brannsikring bygg	2 800		700	700	700	700	
5924 Kartbasar - fly	1 000	500	500				
<b>Sum administrasjon og fellesprosjekt</b>	<b>100 421</b>	<b>14 250</b>	<b>19 500</b>	<b>14 550</b>	<b>15 471</b>	<b>14 650</b>	<b>22 000</b>

#### 1101 IKT Investeringar – felles

I perioden er det budsjettet med i alt 12 millionar kroner til IKT investeringar for den samla kommunale tenesteytinga. Kontinuerleg oppgradering av programvare, oppgradering av hardware, innkjøp av nye program og opplæring på desse er ein vesentleg del av investeringane. Nye investeringar innan velferdsteknologi og digitalisering er heilt nødvendig for å kunna levera gode tenester til innbyggjarane våre. Det vil framleis vera stort fokus på kunstig intelligens og automatiserte tenester, og at desse blir innførte på ein sikker og god måte.

#### 1106 Rådhuset - nytt tak teknisk rom+ 4 stk. WC i A-bygg

I perioden er det sett av 1 millionar kroner til rehabilitering av 4 stk. WC og tak på teknisk rom over C-bygget.

#### 1111 Rådhuset C-bygg, 3. og 4. etasje

Planlagt ombygging vert ikkje gjennomført, jf. KS-060/23.

Det vert sett av 3,5 millionar kroner i 2024 til naudsynete utbetringar, oppgradering av lys og ventilasjon, samt auking av kontor- og møteromskapasitet på rådhuset. Det knyter seg uvisse til førebels anslag, og kommunedirektøren kjem tilbake med meir informasjon når prosjektering er ferdig.

### 1214 Revisjon av elektriske anlegg

I perioden er det sett av 1,2 millionar kroner til nødvendig revisjon av elektriske anlegg etter tilsyn i den samla kommunale bygningsmassen.

### 1215 ENØK-tiltak

Det er sett av 10 millionar kroner i perioden til ENØK-tiltak i heile den kommunale bygningsmassen.

### 1221 Tilfluktsromma – oppgradering

Prosjektet gjeld oppgradering av alle tilfluktsromma (6-7 stk.). Det er sett av 500 000 kroner anna kvart år frå og med 2022.

### 1222 UU-tiltak bygg

Det er sett av 150 000 kroner kvart år i perioden for nødvendige tilpassingstiltak for universell utforming i den samla bygningsmassen.

### 1223 Grøn energiproduksjon

Det er sett av 16 millionar kroner i perioden til utgreiing og installasjon av grøn energiproduksjon i kommunale bygg. Det er forventta statstilskot til delfinansiering på 4 millionar kroner.

### 1905 Eigenkapital i KLP

Kommunen har pensjonsordning i KLP som er eit gjensidig selskap. Når forvaltningskapitalen aukar, aukar behovet for eigenkapital som me må ta vår del av.

### 2236 Nedgravne konteinrar

Det er sett av 500 000 kroner i 2024 til nedgravne renovasjonsanlegg for at områda rundt kommunale bygg skal stå fram som meir ryddige og for å redusera brannfare.

### 2246 Brannsikring bygg

Det er sett av 700 000 kroner kvart år i perioden til pålagt oppgradering av brannsikringstiltak i ulike kommunale bygg

### 5924 Kartbasar – fly

Prosjektet gjeld periodisk oppgradering av kartbasar/kartgrunnlag i geovekstsamarbeidet i Rogaland.

## Kulturbygg og kulturanlegg

Kulturbygg og kulturanlegg	Prosjekt Budsjett	Før 2024	2024	2025	2026	2027	Etter 2027
4309 Mindre ombyggingar kulturbygg	2 000		500	500	500	500	
4315 1900-huset	1 000	800	200				
4454 Storstova - lyd og lys utstyr	2 000		500	500	500	500	
4461 Fotland kraftstasjon, fasade	1 200			1 200			
4464 Storstova - stolar	1 500		750	750			
4466 Storstova fasade + tak, ENØK	3 000			1 500	1 500		
4480 Kunstnarleg utsmykking av kommunale bygg	6 550	3 450	1 300	600	600	600	
4481 Skulpturpark lys, skilt etc	800			800			
4516 Oppgradering av kyrkjene	2 250		600	550	550	550	
<b>Sum kulturbygg og kulturanlegg</b>	<b>20 300</b>	<b>4 250</b>	<b>3 850</b>	<b>6 400</b>	<b>3 650</b>	<b>2 150</b>	<b>0</b>

### 4309 Mindre ombyggingar kulturbygg

I perioden er det sett av i alt 2 millionar kroner til mindre ombyggingar og oppgradering av kulturbygg. Utval for lokal utvikling prioriterer kvart år nødvendige tiltak ut frå avsett løyving.



#### 4315 1900-huset

Det sett av 200 000 kroner til fullføring av utvendig rehabilitering i 2024.

#### 4454, 4464, og 4466 Storstova

Det er sett av 6,5 millionar kroner i perioden til utskifting av teknisk utstyr, utskifting av stolar, rehabilitering av inngangspartiet og foajeen samt rehabilitering av tak og fasadar. Sistnemnde primært for å redusera varmetap.

#### 4461 Fotland kraftstasjon, fasade

Det er sett av 1,2 millionar kroner til rehabilitering av utvendig fasade i 2025.

#### 4480 Kunstnarleg utsmykking av kommunale bygg

Til utsmykking av ferdige kommunale bygg og anlegg er det i tråd med retningslinjene sett av i alt 3,1 millionar kroner i perioden.

#### 4481 Skulpturpark lys, skilt etc.

Det er sett av 800 000 kroner i 2025 til lyssetting av skulpturane og ny skilting i Fritz Røed skulpturpark. Parken er i dag fint belyst langs gangstiane, men skulpturane manglar lyssetting og vert liggande i mørke på kveldstid. Dessutan manglar parken nye og oppdaterte informasjonsskilt.

#### 4516 Oppgradering av kyrkjene

Det er sett av 2,25 millionar kroner i 2024-2027 til uspesifisert utbetring av kyrkjene i Time. Investeringane vert prioritert av kyrkjeleg fellelsråd.

### Idrett og friluftsliv

Idrett og friluftsliv	Prosjekt Budsjett	Før 2024	2024	2025	2026	2027	Etter 2027
3801 Symjehall	366 000	14 000					352 000
3801 Symjehall - tilskot	-36 000						-36 000
3805 Ny idrettshall Bryne	185 000	158 000	27 000				
3805 Ny idrettshall Bryne - tilskot	-21 000		-7 000	-7 000	-7 000		
3807 Fotballbane Rosseland - uteområde	18 800	14 000	4 800				
3807 Fotballbane Rosseland - spelemidlar	-2 000		-2 000				
3807 Fotballbane Rosseland - Rosseland ballklubb	-2 000		-2 000				
3808 Timehallen - oppgradering	2 000	1 000		1 000			
3810 Fotballbane Rosseland (lys gamal bane)	900			900			
3810 Fotballane Rosseland (lys gamal bane) - spelemidlar	-300				-300		
5903 Leikeplassar/ballingar inkl.uteområde skoler/bhg	12 000		3 000	3 000	3 000	3 000	
5903 Leikeplassar/ballingar - tilskot	-2 000		-500	-500	-500	-500	
5904 Friluftsliv	6 000		1 500	1 500	1 500	1 500	
5905 Bysyklar Kvernaland, Lye, Rosseland	1 020		170	170	170	170	340
5915 Nærmiljøanlegg	1 600		400	400	400	400	
5915 Nærmiljøanlegg - tilskot	-800		-200	-200	-200	-200	
5933 Robust toalett Sandtangen (netto)	3 200	1 000	2 200				
<b>Sum idrett og friluftsliv</b>	<b>532 420</b>	<b>188 000</b>	<b>27 370</b>	<b>-730</b>	<b>-2 930</b>	<b>4 370</b>	<b>316 340</b>

#### 3801 Symjehall

Det er ikkje sett av pengar til bygging i perioden.

#### 3805 Ny idrettshall, Bryne

Bygging av Bryne storhall blir ferdigstilt og står klar til bruk i januar 2024. Det er sett av 27 millionar kroner brutto i 2024 for slutføring av prosjektet. Venta spelemidlar til prosjektet er 21 millionar kroner.

### 3807 Fotballbane Rosseland - uteområde

Det er sett av 4,8 millionar kroner til slutføring av uteområde for Rosseland skule. Kunstgrasbanen vert ferdigstilt i desember 2023. Refusjon frå Rosseland ballklubb og spelemidlar er på 4 millionar kroner.

### 3808 Timehallen - oppgradering, Bryne

Det er sett av 1,0 millionar kroner i 2025 til oppgradering av fasade.

### 3810 Fotballbane Rosseland (lys gamal bane)

Det er sett av 900 000 kroner i 2025 for utskifting av gammalt lys på fotballbanen på Rosseland. Må også sjåast på som et enøk-tiltak.

### 5903 Leikeplassar/ballingar

I planperioden er det sett av i alt 10 millionar kroner i nettoutgifter til utbetring av leikeplassar og ballingar. Tilskot gjeld refusjon av spelemidlar for dei ulike tiltaka. Utval for lokal utvikling prioriterer årleg aktuelle tiltak innanfor rammeløyvinga.

### 5904 Friluftsliv

Kommunen vil årleg bruka 1,5 millionar kroner til friluftstiltak. I tillegg kjem venta tilskot frå andre eksterne støtteordningar. Prioriterte tiltak er i samsvar med «Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2026».

Tiltak	Stad	Finansiering kommune	Finansiering tilskot	År
Dagsturhytte Melsvatn	Bryne	1 000		2024
Vedlikehald av turløyper, skilting, parkering	Heile kommunen	200		2024
Parkering "Mute"	Lyefjell	300		2024
Ikkje-prioritert, neste økonomiplan	Heile kommunen	4 500		2025-2027

### 5915 Nærmiljøanlegg

I perioden er det budsjettert med i alt 1,6 millionar kroner i bruttoutgifter til nye nærmiljøanlegg og oppgradering av eksisterande anlegg. I tillegg til aktuelle tiltak, som går fram av handlingsprogrammet for anlegg og område for idrett og friluftsliv, jamfør kapittel 7.4, er det sett av midlar til faste tilskots- og støtteordningar i konkrete nærmiljøtiltak som vert planlagte og utførte saman med vellaga i kommunen. Budsjetterte inntekter er venta spelemidlar til aktuelle nye tiltak.

### 5933 Robust toalett Sandtangen

Det er sett av netto 2,1 millionar kroner i 2024 til slutføring av prosjektet i Sandtangen.

## Oppvekst

Oppvekst	Prosjekt Budsjett	Før 2024	2024	2025	2026	2027	Etter 2027
2203 Mindre ombyggingar - oppvekst	6 000		1 500	1 500	1 500	1 500	
2206 Fettutskillere skular og barnehagar	5 000		1 000	1 000	1 000	1 000	1 000
2222 Undheim skule (utvendig)	600		600				
2255 Hognestad skule - oppgradering	61 000	500					60 500
2257 Bryne skule, dimensjonering av kantine	2 000	1 000	1 000				
2258 Lye skule, brannsikringstiltak og kantine	6 000	1 000	3 000	2 000			
2259 Lye ungdomsskule	3 000			1 000	1 000	1 000	
2260 Bryne ungdomsskule	1 500	500	500	500			
2261 Bryne kompetansesenter	1 300	400	600	300			
2262 ATO-avdeling	36 000	1 000	20 000	15 000			
2270 Kulturskulebygg	500				500		
<b>Sum oppvekst</b>	<b>122 900</b>	<b>4 400</b>	<b>28 200</b>	<b>21 300</b>	<b>4 000</b>	<b>3 500</b>	<b>61 500</b>

### *2203 Mindre ombyggingar – Oppvekst*

I alt 6 millionar kroner er i perioden budsjetterte til mindre ombyggingar i barnehagar og skular. Aktuelle tiltak er ombyggingar og større rehabiliteringsarbeid som ikkje er lagt inn i det ordinære driftsbudsjettet. Utval for lokal utvikling prioriterer kvart år nødvendige tiltak ut frå avsett løyving.

### *2206 Fettutskillarar skular og barnehagar*

Det er sett av i alt 4 millionar kroner i perioden for å tilfredsstille strengare krav til fettutskillarar i kjøkken i skular og barnehagar.

### *2222 Undheim skule (utvendig)*

Det er sett av 600 000 kroner i 2024 til utvendig rehabilitering av tak og takrenner på Undheim skule.

### *2255 Hognestad skule*

Det er ikkje sett av pengar til oppgradering og nybygg i perioden.

### *2257 Bryne skule*

Det er sett av 1 million kroner i 2024 til utbetring av SFO-kjøkken.

### *2258 Lye skule*

Det er sett av 5 millionar kroner i 2024 og 2025 til omfattande brannsikringstiltak etter branntilsyn og nytt SFO-kjøkken

### *2259 Lye ungdomsskule*

Det er sett av 3 millionar kroner i perioden til utvendig rehabilitering, kjøkken og auditorium.

### *2260 Bryne ungdomsskule*

I perioden er det sett av i alt 1 million kroner til lys innvendig, golv og inngangsparti.

### *2261 Bryne kompetansesenter*

Det er sett av 900 000 kroner i 2024 og 2025 til oppgradering av inngangsparti, vindauge og sikringsskap.

### *2262 ATO-avdeling*

Det er sett av 35 millionar kroner i 2024 og 2025 til ny ATO-avdeling (Avdeling for tilrettelagt opplæring) på Lye. Arbeidet her handlar om å rehabilitera det gamle paviljongbygget og å bygga et nytt tilhøyrande påbygg.

### *2270 Kulturskulebygg*

Det er sett av 500 000 kroner i 2026 til utgreiing av nytt kulturskulebygg.

## **Helse og velferd**

Generelt sett så følger kommunedirektøren opp godkjent «Bustadplan 2020–2040» innan helse- og velferdstenestene.

Helse og velferd	Prosjekt Budsjett	Før 2024	2024	2025	2026	2027	Etter 2027
3101 Velferdsteknologi	4 800		1 200	1 200	1 200	1 200	
3202 Mindre ombyggingar - Helse og velferd	6 000		1 500	1 500	1 500	1 500	
3205 Utbygging av Kvernaland omsorgssenter 24-30 stk	98 000	500	500	48 000	49 000		
3205 Utbygging av Kvernaland omsorgssenter, tilskot	-24 640				-24 640		
3207 Kvernaland omsorgssenter - takskifte	5 000			5 000			
3208 Ombygging Timehallen for fysio/ergo	550		550				
3213 Kommunale bustadar, kjøp	21 000		9 000	4 000	4 000	4 000	
3214 Kolheia omsorgsbustadar, utviding 3 stk	21 000	6 000	12 000	3 000			
3214 Kolheia omsorgsbustadar, tilskot	-4 650		-4 650				
3215 Omsorgsbustader Svertingstad, foreldreinitiativ	74 900	2 000	57 900	15 000			
3215 Omsorgsbustader Svertingstad, tilskot	-15 900			-15 900			
3215 Omsorgsbustader Svertingstad, sal	-12 300			-12 300			
3217 Foreldreinitiativ og avlastning, Kvernaland	71 000	1 000	5 000	20 000	45 000		
3217 Foreldreinitiativ og avlastning, tilskot	-13 950				-13 950		
3217 Foreldreinitiativ og avlastning, sal	-12 750				-12 750		
3220 Hjelpemiddel, senger og møbler	3 400		850	850	850	850	
3232 Oppgradering kommunale utleigebustadar	4 000		1 000	1 000	1 000	1 000	
3267 Sivadambassenget flisearbeid	15 000						15 000
3269 Småhus, Ree	17 100	6 100			2 000	3 500	5 500
3269 Småhus, Ree, tilskot	-1 200					-600	-600
3270 Røyrvika - utvida personaleining	1 500	500	1 000				
3272 Sivadamsenter nye bad	900	450	450				
3274 Ombygging Sivadamheimen 2. etg, ekstra rom	16 000		16 000				
3274 Ombygging Sivadamheimen 2. etg, ekstra rom	-7 400		-7 400				
3275 Oppdatering av pasientvarslingsystemet	750		750				
3276 Ny sjukeheim	202 000		500	1 000	1 000	20 000	179 500
3280 Håbakken - ombygging	2 500				500	2 000	
3280 Håbakken - ombygging	-900					-900	
3281 Bilpark - Helse og velferd	6 000		1 500	1 500	1 500	1 500	
3285 Småhus	5 500		5 500				
3285 Småhus, tilskot	-600		-600				
<b>Sum Helse og velferd</b>	<b>482 610</b>	<b>16 550</b>	<b>102 550</b>	<b>73 850</b>	<b>56 210</b>	<b>34 050</b>	<b>199 400</b>

### 3101 Velferdsteknologi

Det er sett av 4,8 millionar kroner i perioden og prosjektet gjeld kjøp av ny brukar- og tenesteretta velferdsteknologi innan Helse og velferd i tråd med den digitalbaserte samfunnsutviklinga.

### 3202 Mindre ombyggingar – Helse og velferd

I perioden er det sett av i alt 6 millionar kroner til mindre ombyggingar og oppgraderingar av helse-, sosial- og omsorgsbygg. Utval for lokal utvikling prioriterer kvart år nødvendige tiltak ut frå avsett løyving.

### 3205/3207 Utbygging av Kvernaland omsorgssenter og takskifte

Det vert planlagt utviding av Kvernaland omsorgssenter. Det vert nå signalisert brutto byggekostnadar på 103 millionar kroner inkludert skifte av lekter på eksisterande omsorgssenter. Venta investeringstilskot frå Husbanken er sett til 24,6 millionar kroner.

### 3208 Ombygging Timehallen for fysio/ergo

Det er sett av 550 000 kroner i 2024 til tilpassingsarbeid i forbindelse med flytting av fysio/ergo frå Sivadamheimen til Timehallen for etablering av fleire sengeplassar på Sivadamheimen.

### 3213 Kommunale bustadar – kjøp

Det er sett av 21 millionar kroner i planperioden til kjøp av kommunale utleigebustadar. Dette for å dekkja auka behov mellom anna for flyktingar.

### 3214 Kolheia omsorgsbustadar - utviding

Det er sett av 21 millionar kroner til nye omsorgsbustadar og påkravd større personalbase i Kolheia. Investeringstilskot frå Husbanken er budsjettert med 4,7 millionar kroner. Bygggestart for prosjektet er berekna til rundt årskiftet 2023/2024.

### *3215 Foreldreinitiativ og omsorgsbustadar, Svertingstad*

Det vert planlagt nye omsorgsbustadar for unge innbyggjarar med funksjonshemmingar via foreldreinitiativ liknande Foren burettslag. Planen er å bygga 6 bustadar som foreldreinitiativ og 4 kommunale omsorgsbustadar med felles personalbase. Det er sett av 72,9 millionar kroner i perioden, inntekter frå statstilskot og sal er kalkulert til 28,2 millionar kroner. Byggestart er berekna til 1. halvår 2024.

### *3217 Foreldreinitiativ og avlastning, Kverneland*

Det vert planlagt nye omsorgsbustadar for unge innbyggjarar med funksjonshemmingar via foreldreinitiativ liknande Foren burettslag. Planen er å bygga kombinert tilbod for foreldreinitiativ og barne- og avlastingsbustadar med felles personalbase. Kommunen er i dialog med Husbanken om moglege løysingar. Det er sett av 70 millionar kroner i perioden, og inntekter frå statstilskot og sal er kalkulert til 26,7 millionar kroner. Det er sett i gang grunnundersøking på aktuelt tomteareal.

### *3220 Hjelpemiddel, senger og møblar*

Det er sett av 3,4 millionar kroner i perioden til nødvendig kjøp av hjelpemiddel, senger og møblar i omsorgsinstitusjonane.

### *3232 Oppgradering kommunale utleigebustadar*

Prosjektet gjeld handtering av dei store rehabiliteringsutfordringane kommunen har i dei kommunale utleigebustadane. I perioden er det sett av 4 millionar kroner til dette arbeidet.

### *3267 Sivdambassenget - rehabilitering*

Prosjektet gjeld større rehabiliteringsarbeid av varmtvassbassenget i Sivdamsenteret. Dette arbeidet kan ikkje utførast før prosjekt 3801 Symjehall er ferdig pga. at bassenget må stengast ein lengre periode. Det er ikkje sett av pengar i inneverande periode til dette arbeidet.

### *3269 Småhus, Re*

Det er budsjettert med 5,5 millionar kroner til oppføring av to bustadar i økonomiplanperioden, og ytterlegare to etter 2027. Det er budsjettert med i alt 1,2 millionar kroner i tilskot frå Husbanken til desse småhusa.

### *3270 Røyrvika – utvida personaleining*

Det er sett av netto 1 million kroner til utviding av personaleininga i Røyrvika i 2024.

### *3274 Ombygging Sivdamheimen 2. etg., ekstra rom*

Prosjektet gjeld ombygging, etter fysio- og ergoterapi er flytta til Timehallen, til 4 ekstra rom. Det er sett av 16 millionar kroner i 2024 til dette arbeidet. Det er budsjettert med husbanktilskot på 7,4 millionar kroner.

### *3276 Ny sjukeheim – utgreiingsarbeid og oppstart av utbygging*

Det er sett av 22,5 millionar kroner i perioden til utgreiingsarbeid og oppstart av utbygging av ny sjukeheim.

### *3280 Håbakken - ombygging*

I perioden er det sett av netto 1,6 millionar kroner. Framtidig bruk vert vurdert under revidering av bustadplanen.

### 3281 Bilpark Helse og velferd

I perioden er det sett av i alt 6 millionar kroner til utskifting av bilpark. Kommunen har valt kjøp framfor leasing.

### 3285 Småhus

Det er budsjettert med 5,5 millionar kroner til oppføring av to bustadar i 2024 til innbyggjarar med redusert buevne. Det er budsjettert med i alt 0,6 millionar kroner i tilskot frå Husbanken til desse småhusa.

## Veg og parkanlegg

Vegar og grøntanlegg	Prosjekt Budsjett	Før 2024	2024	2025	2026	2027	Etter 2027
5600 Bilar/maskinar	8 000		2 000	2 000	2 000	2 000	
5601 Topasvegen fjerning av skog og oppsette nytt gjerde	200		200				
5602 Lysløype Njåskogen - nedgraving	3 000		1 500	1 500			
5610 Trafikksikring	4 000		1 000	1 000	1 000	1 000	
5610 Trafikksikring - tilskot	-2 000		-500	-500	-500	-500	
5643 Utskifting til ledarmatur gatelys	13 500	12 000	500	500	500		
5664 Asfaltering kommunale vegar	10 000		2 500	2 500	2 500	2 500	
5665 Storgata, Bryne - etablering og opparbeiding til gågate	22 000	2 000		5 000	15 000		
5666 Kringsjø - oppgradering av vegar	2 000				2 000		
5668 Krysset Åsenvegen/FV 506	4 400	200			4 200		
5668 Krysset Åsenvegen/FV 506 tilskot	-2 000				-2 000		
5668 Krysset Åsenvegen/FV 506, bruk av disposisjonsfond	-2 200				-2 200		
5671 Ramshaugvegen, Re - oppgradering veg	2 300				2 300		
5672 Brusikring	1 600		400	400	400	400	
5674 Vassdragtiltak i Hå- og Orrevassdrag	3 300	2 100	600	600			
5678 Gangsti Undheim-Taksdal	3 300	2 200	1 100				
5679 Gangsti Risa - Undheim	4 500	2 500			2 000		
5680 Omkjøringsveg Kvernaland	20 000			20 000			
5681 Ladestasjon for kommunale bilar	2 000		500	500	500	500	
<b>Sum vegar og grøntanlegg</b>	<b>97 900</b>	<b>21 000</b>	<b>9 800</b>	<b>33 500</b>	<b>27 700</b>	<b>5 900</b>	<b>0</b>

### 5600 Bilar/maskinar

Det er sett av i alt 8 millionar kroner i perioden til kjøp og utskifting av bilar, maskinar og utstyr. Avsette midlar skal dekkja utskiftingar innan tenesteeiningane Eigedom og Kommunalteknikk.

### 5610 Trafikksikring

Det er i perioden budsjettert med brutto 4 millionar kroner og 2 millionar kroner i tilskot frå trafikksikringsmidlar til diverse trafikksikringstiltak, jamfør handlingsdelen av Trafikksikkerheitsplanen 2016-2025.

### 5643 Utskifting til led-armatur gatelys

Prosjektet gjeld utskifting av gamle lysmaster og skifte til LED-lys langs kommunale vegar og gater. Det er sett av 1,5 millionar kroner til fullføring av prosjektet. Prosjektet er eit energieffektiviserande tiltak.

### 5664 Asfaltering kommunale vegar

Det er føreslått å setta av i alt 10 millionar kroner til asfaltering av kommunale vegar i perioden for å ta att noko av etterslepet me har. Utval for lokal utvikling prioriterer kvart år kva vegar/gater som skal ha prioritet.

### 5665 Storgata, Bryne – etablering og opparbeiding til gågate

Prosjektet gjeld planarbeid for utarbeiding av gatebruksplan i Bryne og reguleringsplan for Storgata til gågate. I tillegg er det lagt inn opparbeidingskostnadar for Storgata som gågate på 20 millionar kroner i 2025-26. Bidrag til opparbeidinga av gågata frå eigedomseigarane vil avklarast i det vidare forprosjektarbeidet.

### 5671 Ramshaugvegen, Re – oppgradering veg

Det er sett av 2,3 millionar kroner i 2026 til oppgradering av Ramshaugvegen på Re.

### 5672 Brusikring

Prosjektet gjeld sikringsarbeid av kommunale bruer etter gjennomført brukontroll. Det er sett av 400 000 kroner kvart år i perioden.

### 5674 Vassdragstiltak i Hå- og Orrevassdrag

Det er sett av 1,2 millionar kroner i 2024-2025 til felles vassdragstiltak saman med Hå, Klepp og aktuelle grunneigarar langs Hå- og Orrevassdraga.

### 5680 Omkøyringsveg Kverneland

Det er sett av 20 millionar kroner i 2025. Prosjektet er planlagt som eit spleiselag mellom utbyggarane, Rogaland fylkeskommune og Klepp og Time kommunar.

### 5681 Ladestasjonar for kommunale bilar

I forbindelse med overgang til elbilar er det behov for fleire kommunale ladestasjonar.

## Vatn, avløp og renovasjon

Vann, avløp og renovasjon	Prosjekt Budsjett	Før 2024	2024	2025	2026	2027	Etter 2027
5500 VA strakstiltak + vassmålarar offentleg nett	32 000		8 000	8 000	8 000	8 000	
5508 Oppgradering driftskontrollsystem VA	1 000		1 000				
5550 OV separering av felleskummar	4 000		1 000	1 000	1 000	1 000	
5558 VA Skjæret	30 000	5 000	25 000				
5558 VA Skjæret refusjon	-9 000		-9 000				
5564 Sanering VA- og OV-leidningar - Foren, Bryne	4 000		4 000				
5565 Rehabilitering av hovedvassleidning Arne Garborgs veg	57 000					27 000	30 000
5567 VA Stadion, Røsslyngvegen og Trallfavegen	23 700	700	3 500	10 000	9 500		
5567 VA Stadion, Røsslyngvegen og Trallfavegen -refusjon	-10 000		-5 000		-5 000		
5569 Overvasstiltak Elisberget vest, Bryne	38 750	3 000			18 750	17 000	
5572 Sanering Hognestadvegen, Orrevegen til Kolheia	5 000		5 000				
5573 Sanering VA- og OV-leidningar, O.G. Kvernelandsveg	19 800					19 800	
5577 Sanering VA- og OV-leidningar Trallfavegen/Myrbrotet - refusjon	-7 800	-3 800	-4 000				
5579 VA-sanering Biskop Hognestads gate	7 500			7 500			
5580 VA-sanering Rektor Sælands veg	4 800			4 800			
5581 VA-sanering Austbøfeltet	6 000					6 000	
5582 VA-sanering Tytebærholen (eternitt)	5 000		5 000				
5584 Driftsbase eiendom VVA	20 000	500	5 000	14 500			
5585 Renovasjonsløsning Rektor Sælands veg - refusjon	-800	-400	-400				
5588 Jernbanen Martinsen - Stemmen Håland	21 250			2 000	19 250		
5588 Jernbanen Martinsen - Stemmen Håland refusjon	-7 000				-7 000		
5590 Sanering Orrevegen - jernbanebrua til Linevegen	14 300		500	500	13 300		
5591 Sanering av VA-anlegg i Gamle Åslandsveg	16 750		8 000	8 750			
5592 Sanering i Hognestadvegen Kolheia-Roald Amundsens gate	9 500			1 000		8 500	
<b>Sum vann, avløp og renovasjon</b>	<b>286 750</b>	<b>6 000</b>	<b>47 600</b>	<b>58 050</b>	<b>57 800</b>	<b>87 300</b>	<b>30 000</b>

### 5500 VA strakstiltak + vassmålarar offentleg nett

Prosjektet gjeld akutte VA-tiltak, nødvendige utskiftingar av større teknisk VA-utstyr som plutsleg vert defekt, utbetring av lekkasjar samt innkjøp av vassmålarar til det offentlege vassnettet.

### 5550 Overvasstiltak – Separering av felleskummar, Bryne

Det er utført nettanalyse på Bryne og utarbeidd ein foreløpig oversikt over høgst nødvendige overvasstiltak. Tiltaka er vurderte, kostnadsrekna og er prioriterte i handlingsdelen av hovudplan for vatn og avløp. Føreslått løyving i perioden 2024–2027 på 4 millionar kroner skal nyttast til separering av felleskummar på Bryne.

#### **5558 VA Skjæret**

Etablering av kommunale VA-leidningar frå Undheim til Schlumberger. Vert knytt saman med privat VA-anlegg, jamfør [KS-044/22](#).

#### **5564 Sanering VA- og OV-leidningar – Foren, Bryne**

Det er sett av i alt 4 millionar kroner til utskifting av vassleidning av asbestsement og gamle fellesleidningar for spillvatn og overvatn. I tillegg vert det utført full separering av alle bygningar.

#### **5567 VA Stadion, Røsslyngvegen og Trallfavegen, Bryne**

Det er sett av 23,7 millionar kroner brutto til nødvendig utbygging og oppgradering av VA- og OV-anlegg i forbindelse med utbyggingsplanane på stadionområdet. Det er avtalt at utbyggjarane skal dekkja 10 millionar kroner av prosjektet. Størstedelen av den kommunale investeringa ligg i utskifting av all gammal VA-infrastruktur i Trallfavegen. Prosjektet er usikkert grunna framdrifta i stadionutbygginga, men noko av prosjektet vert framskunda i forbindelse med ny idrettshall på Rossaland.

#### **5569 Overvasstiltak Elisberget vest, Bryne**

Det er sett av 35,7 millionar kroner til utskifting av vassleidningar av asbestsement og gamle fellesleidningar for spillvatn og overvatn i perioden. I tillegg vert det utført full separering av alle bygningar.

#### **5572 Sanering i Hognestadvegen, Orrevegen til Kolheia**

Det er sett av 5 millionar kroner til sanering av VA-anlegg.

**5579/5580/5581/5582/5583 Sanering av VA- og OV-leidningar i Rektor Sælunds veg, Biskop Hognestads gate, Austbøfeltet, Tytebærholen og Eivindsholvegen, Bryne**  
Prosjekta gjeld utskifting og oppgradering av VA- og OV-leidningar.

#### **5584 Driftsbase eigedom, VVA**

I forbindelse med ny symjehall må kommunen sin base i Hetlandsgata flyttast. Det er vurdert at all bygg- og anleggsdrift kan samlast på kommunen sin eigedom i Bedriftsvegen på Håland. Det var sett av 0,5 millionar kroner til eit forprosjekt i 2022 og 19,5 millionar kroner til bygging i 2024/2025.

#### **5585 Renovasjonsløyising Rektor Sælunds veg, Bryne**

Etablering av felles renovasjonsløyising for fleire utbyggingsprosjekt i Rektor Sælunds veg. Refusjon frå utbyggjarar i forbindelse med utbyggingsavtalar.

#### **5590 Kryssing av jernbanen i Trallfavegen - Orrevegen**

Arbeida er ein sentral del av den samla OV-løyisinga for Bryne, frå Eivindsholtjørn og Stemmen Håland til fordrøyningsanlegget Svertingstadparken.

#### **5591 Sanering av VA-anlegg i Gamle Åslandsveg**

Det er sett av 16,8 millionar kroner til sanering i 2024-2025.

#### **5592 Sanering i Hognestadvegen, Kolheia til Roald Amundsens gate**

Det er sett av 9,5 millionar kroner til sanering av VA-anlegg.



## Tomtesal

Utbygging	Prosjekt Budsjett	Før 2024	2024	2025	2026	2027	Etter 2027
5200 Anna tomtosal	-7 500		-7 500	-7500			
<b>Sum utbygging</b>	<b>-7 500</b>	<b>0</b>	<b>-7 500</b>	<b>-7 500</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

### *5200 Tomtesal*

Sal av tomter på Lyefjell. Det vil kome kostnadar til opparbeiding av kommunalteknisk anlegg etter omregulering og tilrettelegging for sal av einebustadtomter. Det vert budsjettert med netto inntekt på 7,5 millionar kroner i både 2024 og 2025.

## 7.3 Trafikksikringsplan

### 5610 Trafikksikring

Trafikksikkerhetsplanen 2016-2025 legg grunnlaget for utarbeiding av handlingsplan for trafikktryggleik i økonomiplanen. Det er budsjettert med brutto 4 millionar kroner i perioden til diverse trafikksikringstiltak. Av desse er 2 millionar kroner kommunale midlar og 2 millionar kroner er tilskot frå fylkeskommunen. Handlingsdelen av planen legg grunnlaget for søknad om trafikksikringsmidlar frå fylkeskommunen kvart år.

### Handlingsplan for trafikksikring - Trafikksikringsplan 2016-2025

Handlingsplanen er oppdatert med tiltak for perioden 2024-2027.

Namn på tiltak	Tilskot	Kostnad	2024	2025	2026	2027
Brekkevegen, Markavegen Belysning, trafikksikring		600	600			
Søknad TS-Midlar	50 %	300	300			
Trafikksikringstiltak Fartsdempande tiltak, humpar Universell utforming, belysning Bomsperre Frisikt		1770	320	500	600	350
Søknad TS-Midlar	50 %	885	160	250	300	175
Innkjøp av fartstavler Tilrettelegging for skuleveg.		80	80			
Søknad TS-Midlar	50 %	40	40			
Kvålevegen Avstenging		300			300	
Søknad TS-Midlar	50%	150			150	
Kantsteinsretting Tilrettelegge fotgjenger overganger, kantsteingføring		250				250
Søknad TS-Midlar	50%	125				125
Rossaland skule, p-plass Endring av innkjøring til p-plass for å betre sikt		500		500		
Søknad TS-Midlar	50%	250		250		
Supplering av lysnettet Belysning, tette mørke hol		500			100	400
Søknad TS-Midlar	50 %	250			50	200
Sum Trafikksikringstiltak		4000	1000	1000	1000	1000
Sum søknad trafikksikringsmidlar (TS-midlar)		2000	500	500	500	500
Sum kommunale midlar		2000	500	500	500	500

## 7.4 Handlingsprogram for anlegg med delfinansiering frå spelemidlar

For å få spelemidlar er det ein føresetnad at eit prosjekt er med i det prioriterte handlingsprogrammet. Ved søknad om tilskot frå spelemidlane er det for tida tre tilskotsordningar:

- Tilskot til ordinære anlegg for idrett og friluftsliv som gjeld både nye anlegg og rehabilitering av eldre anlegg
- Tilskot til nærmiljøanlegg
- Tilskot til kulturbygg

Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2026 omfattar ordinære anlegg og nærmiljøanlegg som er aktuelle for delfinansiering med spelemidlar. Tiltak som er gjennomførte, men som ikkje har fått tilsegn om tilskot, vert prioriterte før nye tiltak.

*Forklaring til tabellane:*

Bakgrunnsfarge Anlegg som er markert med bakgrunnsfarge er ferdigstilte

\* Kolonna viser samla finansiering før 2023 (kommunale tilskot, spelemidlar og private midlar/dugnad)

K Kommunalt tilskot

SM Spelemidlar

A Andre (private midlar/dugnad)

E Etter perioden 2024-2027

Raud tekst Nye anlegg i handlingsprogrammet

### Kommunale anlegg

Nr	Anlegg	Stad/Namn	Kost i alt	Før* 2024	Anleggsstart - Finansiering i 1000 kr												
					2024			2025			2026			2027			
					K	SM	A	K	SM	A	K	SM	A	K	SM	A	
1.	Lysløype	Sandtangen	1 800	1 200		600											
2.	Dagsturhytte	Melsvatnet	2 250	250	1 000	750	250										
3.	Fleirbrukshall	Bryne	185 000	144 000	20 000	7 000		7 000			7 000						
4.	Kunstgrasbane, 9'ar bane	Rosseland	9 300	6 350		950	2 000										
5.	Symjehall	Bryne	366 000	14 000											E		

- 1) Siste rest av lysløypa i Sandtangen fekk nytt lys i 2018. Søknaden om spelemidlar på 600 000 kroner vert sendt på nytt då vi førebels ikkje har fått tilsegn. Den resterande delen av finansieringsplanen på 1,2 millionar kroner dekker kommunen sjølv.
- 2) Rogaland fylkeskommune tok hausten 2020 initiativ til eit dagsturhytte-konsept, med målsetting om å få på plass ei dagsturhytte i kvar kommune i Rogaland. Konseptet er ein modell frå tidlegare Sogn og fjordane fylkeskommune, sjå [www.dagsturhytta.no](http://www.dagsturhytta.no) Hytta kostar om lag 2,25 millionar kroner og i tillegg til kommunen sin del på 1,25 millionar kroner bidrar Sparebankstiftelsen SR Bank med 250 000 kroner og spelemidlane med 750 000 kroner. Dei kommunale midlane blir løyvt over prosjekt 5904, «Friluftsliv». Vi arbeider med å få klarert ei tomt ved Melsvatnet. Vi har godt samarbeid med Jæren friluftsråd og Jæren turlag om dette prosjektet.
- 3) Ny kommunal idrettshall, Bryne storhall, er planlagt ferdigstilt i januar 2024 og omtalt i investeringsprosjekt 3805. Samla kostnadar for hallen er 185 millionar kroner.

- 4) Kunstgrasbane ved Rosseland skule. Mellom Bryne storhall og Rosseland skule etablerer vi ei ny kunstgrasbane med lys, ein 9' ar bane. Dette anlegget er omtalt i prosjekt 3807. Kostnadane for ny kunstgrasbane med lys er 9,3 millionar kroner, mens dei samla kostnadane for heile uteområdet, inklusiv fotballbane, er på 18,8 millionar kroner.
- 5) Time kommune har planar om å realisere ein ny symjehall mellom Timehallen og Hetlandsgata på Bryne, jf. KS-032/23, og er omtalt i investeringsprosjekt 3801.

Kunstgrasbanen på Lye er 10 år i år. Banen har vore mykje brukt og er klar for rehabilitering. Det kan søkjast tilskot frå spelemidlane på inntil 1,4 millionar kroner til rehabilitering av kunstgrasdekke, under føresetnad av at det nye dekket ikkje har plasthaldig ifyll. Prosjektet har totalkostnadar på 4,2 millionar kroner. Det er ikkje funne rom for anlegget i denne økonomiplanen.

### Private anlegg

I økonomiplanperioden er det kvart år sett av 2 millionar kroner i investeringstilskot til private idrettsanlegg.

Nr	Anlegg	Stad/Namn	Kost i alt	Før* 2024	Anleggsstart - Finansiering i 1000 kr												
					2024			2025			2026			2027			
					K	SM	A	K	SM	A	K	SM	A	K	SM	A	
1.	Rehabilitering Jærhallen	Bryne stadion	7 200	4 800		1 200			1 200								
2.	Rehabilitering, kunstgrasbane, Aarbakkebanen	Bryne stadion	4 200	2 650	150	1 400											
3.	Treningsfelt, kunstgras	Bryne stadion	1 050	700		350											
4.	Tilbygg m/styrkerom og lager, Hognestadhallen	Hognestad	3 000		500		500	500	1 000	500							
5.	Rehabilitering av klubbhus fra 1978	Frøyland IL	700		233	233	234										
6.	Rehabilitering av klubbhus fra 1969/70	Frøyland IL	750		250	250	250										
7.	Rehabilitering av Frøyhallen fra 1996	Frøyland IL	300		100	100	100										
8.	Vatningsanlegg, grasbanen	Frøyland IL	840		280	280	280										
9.	LED-lys i Undheimhallen	Undheim IL	400		130	130	140										
10.	Tilbygg med klubbhus og lager	Jæren golfklubb, Grødem	15 200		360	2 100	11 000	640			500					600	
11.	Styrketreningsrom i klubbhuset på Bryne stadion	Bryne FK	1 600					300	300	1 000							
12.	Rehabilitering av klubbhus, Bryne stadion	Bryne FK	4 380					560	1 460	1 460	500					400	
13.	Rehabilitering av garderobeanlegg, Bryne stadion	Bryne FK	9 500						1 300	6 900	650					650	
14.	Fotballhall m/kunstgras	Frøyland stadion, Frøyland IL	24 000						2 000		500	2 000	6 200	E 500	1 800		6 200
15.	"Fjellhallen"/tilbygg til Lyehallen	Lye IL	55 000												E	8 500	
16.	Klubblokale ved delanlegg friidrett, Bryne	Bryne friidrettsklubb	1 800												E	300	1 200

- 1) Bryne Fotballklubb rehabiliterte Jærhallen/fotballhallen sin sommaren 2022, med nytt kunstgras, nytt flaumlis og ny duk på hallen. Kostnadane knytt til dette prosjektet er berekna til 7,2 millionar kroner. Fotballklubben fekk utbetalt heile det kommunale tilskotet på 2,4 millionar kroner i 2022. Dette som følgje av ei ekstra politisk løyving av investeringstilskot til private idrettsanlegg på 7,6 millionar kroner. Det skal søkjast om spelemidlar på 2,4 millionar kroner og den siste tredjedelen dekker Bryne FK sjølv.
- 2) Bryne Fotballklubb rehabiliterte også Aarbakkebanen i september 2022. Fotballklubben la nytt kunstgras og investerte i nytt lys ved denne treningsbanen, som no er 10 år. Kostnadane er berekna til 4,2 millionar kroner og dei søkjer støtte ut frå «tredjedelsprinsippet» med 1,4 millionar kroner frå spelemidlane, kommunen og Fotballklubben. Bryne FK fekk utbetalt 1 250 000 kroner til dette anlegget i år.

Kommunedirektøren foreslår at fotballklubben får det resterande tilskotet på 150 000 kroner i 2024.

- 3) På same tid som Aarbakkebanen vart rehabilitert, etablerte Bryne Fotballklubb også eit treningsfelt på 1 974 m<sup>2</sup>, med kunstgras og lys, rett ved sida av Aarbakkebanen. Kostnadane er berekna til 1 050 000 kroner og Fotballklubben fekk utbetalt 350 000 kroner i kommunalt tilskot i 2023. Dei søker om tilsvarande beløp i spelemidlar og den siste tredjedelen dekker dei sjølv.
- 4) Hognestad IL er i gang med å byggje ut Hognestadhallen (kommunal hall) for å få plass til eit lager i underetasjen, 100 m<sup>2</sup>, og eit kombinert styrketreningsrom med boksering i hovudetasjen, 122 m<sup>2</sup>. Kostnadane er berekna til 3 millionar kroner og idrettslaget ser for seg ei tredeling av finansieringsplanen med 1 million kroner på spelemidlane, kommunen og idrettslaget. Kommunedirektøren foreslår å gi støtte på 500 000 kroner i 2024 og tilsvarande beløp i 2025.
- 5) Frøyland IL har fire «mindre» prosjekt under planlegging. Rehabilitering av klubbhuset frå 1978, dvs. tak, lys og låsesystem, kostnadsrekna til 700 000 kroner. Finansiering fordelt på «tredjedelsprinsippet» kor 1/3 tilsvarer 233 000 kroner. Rehabilitering av klubbhuset frå 1969-70, dvs. tak, lys og låsesystem, kostnadsrekna til 750 000 kroner. Finansiering fordelt på «tredjedelsprinsippet» kor 1/3 tilsvarer 250 000 kroner. Rehabilitering av Frøyhallen, dvs. lys i hallen, låsesystem og resultattavle, kostnadsrekna til 300 000 kroner. Finansiering fordelt på «tredjedelsprinsippet» kor 1/3 utgjør 100 000 kroner. Vatningsanlegg ved hovudbana/grasbanen på Frøyland stadion. Prosjektet er kostnadsrekna til 840 000 kroner og finansieringa vil skje etter «tredjedelsprinsippet» kor 1/3 utgjør 280 000 kroner. Kommunedirektøren foreslår å gi støtte på 863 000 kroner til prosjekta ovanfor i 2024. Beløpet tilsvarer det Frøyland IL søker om i samla støtte til dei fire prosjekta.
- 9) Undheim IL planlegg å skifte til ledlys i Undheimhallen. Kostnadane er berekna til 400 000 kroner og Undheim IL ser føre seg finansiering etter «tredjedelsprinsippet». Maksimal utteljing frå spelemidlane til skifte av lys i idrettshall er 130 000 kroner. Kommunedirektøren foreslår å gi støtte på 130 000 kroner i 2024.
- 10) Jæren golfklubb har planar om å bygge på klubbhuset sitt med eit tilbygg i to etasjar. Første etasje vil innehalde eit lager på minimum 250 m<sup>2</sup> og i andre etasje vil det vere ein aktivitetssal og eit klubbrom. Prosjektet er kostnadsrekna til 15,2 millionar kroner og kvalifiserer til 2,1 millionar kroner i spelemidlar og tilsvarande beløp i kommunalt tilskot. Resterande finansiering på 11 millionar kroner vil Golfklubben dekke sjølv. Kommunedirektøren foreslår å støtte prosjektet med 360 000 kroner i 2024, 640 000 kroner i 2025, 500 000 kroner i 2026 og 600 000 kroner i 2027.
- 11) - 13) Bryne fotballklubb har også fleire prosjekt under planlegging. Dette gjeld m.a. bygging av eit styrketreningsrom på 124 m<sup>2</sup>, kor ein tek delar av arealet i dagens festsal. Kostnadane er berekna til 1,6 millionar kroner. Finansiering er tenkt med spelemidlar som utgjør maksimalt 300 000 kroner og tilsvarande beløp i kommunalt tilskot. Den resterande summen på 1 million kroner dekker Bryne FK sjølv. Vidare har fotballklubben planar om

å rehabilitere klubbhuset og garderobane. Berekna kostnadar for klubbhuset er 4,37 millionar kroner og finansieringa er tenkt ut frå «tredjedelsprinsippet», kor 1/3 utgjer 1,45 millionar kroner. Kostnadane for rehabilitering av garderobane er berekna til 9,5 millionar kroner og spelemidlane og kommunalt tilskot utgjer 1,3 millionar kroner kvar. Til saman utgjer dette spelemidlar på 3,05 millionar kroner og tilsvarande beløp i kommunal støtte. Kommunedirektøren føreslår å gi støtte til prosjekta ovanfor med 860 000 kroner i 2025, 1 million kroner i 2026, 1 million kroner i 2027 og resterande etter perioden.

14) Frøyland IL planlegg å byggje fotballhall i aluminium med kunstgras, garderobar, styrketreningsrom, sosialt rom og lager. Storleiken på hallen er planlagt til 46 x 70 meter, og han er tenkt plassert på dagens grusbane, like ved kunstgrasbanen. Kostnadane er berekna til 24 millionar kroner og idrettslaget søkjer om 5,8 millionar kroner frå spelemidlane og tilsvarande beløp frå kommunen. Resterande beløp på 12,6 millionar kroner dekker Frøyland IL sjølv. Kommunedirektøren føreslår å løyve 500 000 kroner i 2026, 500 000 kroner i 2027 og resterande tilskot etter perioden.

15) Lye IL planlegg å bygge på den kommunale Lyehallen, jf. prosjektet til Hognestad IL i punkt 4, slik at dei kan få plass til eigen klatrehall, aktivitetssal, 2 padeltennisbanar, spinningrom, klubblokale, garderobar og lager. Første etasje vil ha storleik på 1 083 m<sup>2</sup>, andre etasje 300 m<sup>2</sup> og tredje etasje 528 m<sup>2</sup>. Tilbygget, «Fjellhallen», har eit budsjett på 47,5 millionar kroner og kvalifiserer for 8,5 millionar kroner i spelemidlar og tilsvarande i kommunal støtte. Resterande beløp på 30,5 millionar kroner er Lye IL innstilt på å finansiere sjølv. Kommunedirektøren har ikkje funne midlar til dette prosjektet i perioden 2024 – 2027.

16) Bryne friidrettsklubb, BFIK, planlegg å sette opp eit frittstående klubbhus, med klubbrom, toalett, lager og kontor, på 50 m<sup>2</sup> ved delanlegget for friidrett, like ved Bryne skule. Kostnadane er estimert til 1,8 millionar kroner og BFIK ser føre seg finansiering med spelemidlar på 300 000 kroner og tilsvarande beløp i kommunale midlar. Den resterande summen på 1,2 millionar kroner dekker dei sjølv. Kommunedirektøren har ikkje funne midlar til dette prosjektet i perioden 2024 – 2027.

Føreslått løyving til private idrettsanlegg i perioden 2024 -2027, på 2 millionar kroner kvart år er fordelt til Frøyland IL, Undheim IL, Hognestad IL, Bryne Fotballklubb og Jæren golfklubb. Desse idrettslaga har anten ferdigstilt fleire kostnadskrevjande idrettsanlegg eller er godt i gang med å realisere sine planar.

### Nærmiljøanlegg – handlingsprogram 2024-2027 (prosjekt 5904/5915)

Nr	Anlegg	Stad/Namn	Kost i alt	Før* 2024	Anleggsstart - Finansiering i 1000 kr												
					2024			2025			2026			2027			
					K	SM	A	K	SM	A	K	SM	A	K	SM	A	
1.	Etablering av turveg	Eivindsholtjødn	785	485		300											
2.	Frisbeegolfbane	Lvefjell	320	160		160											
3.	Ballbinge	Bryne skule	1 100	800		300											
4.	Aktivitetssområde	Bryne skule	787	487		300											
5.	Sandbane	Undheim	355	178					177								
6.	Trimpark	Sandtangen	1 000		700				300								
7.	Klatre-/balanseanlegg	Rosseland skule, uteområde	316	158								158					
8.	Basketballbane	Rosseland skule, uteområde	388	194								194					
9.	Lys. uteområde	Rosseland skule	600	300								300					
10.	Nærmiljøkart	Melsvatnet	340								90	170	80				
11.	Ballbinge	Lye	3 000														E

- 1) Det er gjennomført utbetringar på turvegen ved Eivindholstjødn slik at til dømes rullestolbrukarar enkelt kan kome seg rundt heile vatnet. Kostnadane for utbetringane er berekna til 785 000 kroner, og det blir søkt om 300 000 kroner i spelemidlar.
- 2) Kommunen har i 2023 ferdigstilt ein frisbeegolfbane på Lye, like ved Monsanut barnehage. Kostnadane er berekna til om lag 320 000 kroner, og ein søker om 160 000 kroner i spelemidlar. Dei kommunale midlane på 160 000 kroner blei avsett i samband med investeringsprosjekt 5915, «Nærmiljøanlegg», i 2022.
- 3) Uteområdet ved Bryne skule er utvikla og i samband med dette blei det etablert ein ballbinge i skulen sitt uteområde. Det blir søkt om spelemidlar på 300 000 kroner.
- 4) I same uteområdet som nemnt ovanfor etablerte kommunen også eit aktivitetsområde kor det blir søkt om 300 000 kroner i spelemidlar.
- 5) Undheim IL har gjort om ballbingen sin frå 2003, til ein sandbane. Prosjektet er kostnadsrekna til 355 000 kroner og dei søker om spelemidlar på 177 000 kroner.
- 6) Trimpark, Sandtangen. Vi planlegg ein trimpark i Sandtangen med heilt nye trimapparat. Dei gamle apparata vil verte fjerna og nye vil verte sett på same staden. Kvaliteten på dei nye apparata vil vere noko heilt anna enn på dei gamle. Prosjektet, inklusiv montering, vil ha ei kostnadsramme på 1 million kroner. Kommunen søker om 300 000 kroner i spelemidlar. Dei kommunale midlane på 700 000 kroner blir avsett på investeringsprosjekt 5904, «Friluftsliv».
- 7) På uteområdet ved Rosseland skule vil det kome eit klatre-/balanseanlegg. Her søker kommunen om 158 000 kroner i spelemidlar. Anlegget er ein del av investeringsprosjekt 3807.
- 8) I same uteområdet ved Rosseland skule vil det også kome ein basketballbane. Vi søker om 194 000 kroner i spelemidlar til dette anlegget. Anlegget er ein del av investeringsprosjekt 3807.
- 9) Uteområdet ved Rosseland skule vil verte lyssett, og det vert søkt om 300 000 kroner i spelemidlar til det planlagte lysanlegget. Anlegget er ein del av investeringsprosjekt 3807.
- 10) Ålgård Orientering planlegg å lage eit heilt nytt kart for Melsvatnet, då kartet ein nyttar i dag er utdatert. Kartet er kostnadsrekna til 340 000 kroner, og Orienteringsklubben søker om spelemidlar på 170 000 kroner, kommunal støtte på 90 000 kroner og dei resterande 80 000 kronene dekkjer dei sjølv. Kommunedirektøren foreslår å sette av 90 000 kroner til nytt kart i 2026, via prosjekt 5915 og legg til grunn at dagsturhytta er på plass før dei oppdaterer kartet.
- 11) På Lye er det stort ønskje frå Lye skule, FAU og Lye IL om å få etablert ein ballbinge rett aust for idrettshallen, på det som i dag er ein grusbane av dårleg kvalitet. Her trengs det mellom anna skikkeleg grunnarbeid, lys og kunstgras. Prosjektet er kostnadsrekna til om lag 3 millionar kroner, og vi har høve til å søkje spelemidlar på 300 000 kroner. I tillegg har Lye IL sagt at dei kan bidra med 300 000 kroner. Ballbingen må sjåast i samanheng

med initiativet til Lye IL om å bygga «Fjellhallen», nemnt ovanfor. Kommunedirektøren har ikkje funne midlar til dette prosjektet i perioden 2024 – 2027.

### Private kulturbygg

I økonomiplanperioden er det kvart år sett av 500 000 kroner i tilskot til private kulturbygg.

Nr	Anlegg	Stad/Namn	Kost i alt	Før* 2024	Anleggsstart - Finansiering i 1000 kr												
					2024			2025			2026			2027			
					K	SM	A	K	SM	A	K	SM	A	K	SM	A	
1.	Ny speidarhytte	Ungdomsskogen, Bryne	5 100	500	350				150	1 000	3 100						
2.	Rehabilitering	Bedehuset Saron, Bryne	450		150			300									

1) Bryne speidargruppa, i samarbeid med Vesterlen speiderkrets, har planar om å realisere ei speidarhytte på Bryne. Speiderkretsen har realisert eit tilsvarande prosjekt på Gausel i Stavanger og held på å planlegge ytterlegare ei hytte på Hommersåk i Sandnes. Vi har i fellesskap sett på ulike lokasjonar i Bryne og speidarane vil prøve å få dette til i utkanten av Ungdomsskogen, like ved Jærbarnehagen. Hytta vil vere tilgjengeleg for skular, barnehagar o.l. på dagtid. Prosjektet var opphavleg kostnadsrekna til 3,6 millionar kroner i 2020, men reviderte prisar viser totalkostnadar på 5,1 millionar kroner. Speidargruppa søkjer no om støtte på til saman 1,7 millionar kroner frå kommunen, men maksimal uttelling frå spelemidlane til dette prosjektet er 1 million kroner og då blir støtta frå kommunen også 1 million kroner, jf. våre retningsliner for investeringstilskot til private idrettsanlegg og kulturbygg. Speidargruppa må dekke resterande del av finansieringa på 3,1 millionar kroner. Kommunedirektøren løyvde 500 000 kroner til dette prosjektet i år og føreslår å løyve 350 000 kroner i 2024 og 150 kroner i 2025.

Speidargruppa sin søknad om støtte utover retningslinene, vil verte lagt fram for politisk handsaming i eiga sak parallelt med økonomiplanen.

2) Bedehuset Saron på Bryne har store utfordringar med vatn som trenger inn i underetasjen ved mykje nedbør. Dette gjer at lokale som blir nytta til barne- og ungdomsarbeid og POP-up butikken stadig blir utsett for fukt. Saron har planar om å betre dreneringa ved huset, slik at ein unngår desse fuktproblema. Prosjektet er kostnadsrekna til 450 000 kroner, og dei søkjer om kommunal støtte på 150 000 kroner. Dei får ikkje spelemidlar til dette prosjektet og dekker difor dei resterande 300 000 kronene sjølve. Kommunedirektøren føreslår å løyve 150 000 kroner til Saron i 2024.

### Uprioriterte anlegg

Oversikt over uprioriterte anlegg og andre tiltak går fram av kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016–2026, vedtatt i Time kommunestyre 07.02.17.

### Uttale frå Time idrettsråd

Time idrettsråd sin uttale til føreslåtte tiltak og prioriteringar i økonomiplanen som gjeld idretten, vil verta lagt ved saksframlegget til økonomiplanen når han ligg føre.



## **Konklusjon**

Det vert søkt om spelemidlar i 2024 for dei tiltaka i handlingsprogrammet som allereie er gjennomførte og som ein tek sikte på å gjennomføra i 2024 og 2025. Handlingsprogrammet 2024-2027 vert revidert i tråd med tabellane over.

## 8 Brukarundersøkingar, samarbeid og plansystem

### 8.1 Brukartilfredsheit og tilbakemeldingar

Gjennom tilbakemeldingar frå brukarane får kommunen kunnskap om tenestene har rett kvalitet og møter behova. Desse tilbakemeldingane kan gi grunnlag for å justera på tenestene. Resultat frå gjennomførte brukarundersøkingar vert omtalte i årsrapportane. I perioden 2024-2027 er det planlagt gjennomført følgjande brukar- og spørjeundersøkingar:

	Sist gjennomført	Hypigheit	2024	2025	2026	2027
<b>OPPVEKST</b>						
Barnehage	2022	Kvart andre år	x		x	
Elevundersøking (5.-10. trinn)*	2023	Kvart år	x	x	x	x
Foreldreundersøking*	2023	Kvart år	x	x	x	x
Olweus-undersøkinga	2023	Kvart år	x	x	x	x
Kulturskule (foreldre/pårørande og elevar frå og med 8. trinn)	2022	Kvart andre år	x		x	
Helsestasjon- og skulehelseteneste	2022	Kvart andre år	x		x	
Barnevern**		Kontinuerleg				
SFO	2023	Kvart andre år		x		x
Introdeltakarar (IMDi)	2023	Kvart år	x	x	x	x
UngData (Rus og psykisk helse)	2022	Kvart tredje år		x		
<b>HELSE OG VELFERD</b>						
Institusjonstenester (brukarar og pårørande)	2023	Kvart tredje år			x	
Heimeteneste (brukarar)	2021	Kvart tredje år	x			
Miljøteneste (brukar og pårørande)	2023	Kvart tredje år			x	
Psykisk helse og rusarbeid	2022	Kvart tredje år		x		
Bryne Aktivitetssenter (pårørande og brukarar)	2023	Kvart tredje år			x	
Dagsenter for eldre	2023	Kvart tredje år			x	
Fritidstilbod for eldre*	2022	Kvart tredje år	x			
Dagesenter for personar med demens (pårørande og brukarar)	2022	Kvart tredje år		x		
Fysioterapi (kommunal og privat)	2023	Kvart fjerde år				x
Ergoterapi	2023	Kvart fjerde år				x
Frisklivsentralen	2023	Kvart fjerde år				x
NAV Klepp-Time*	2023	Kvart andre år		x		x
<b>SAMFUNN</b>						
Private reguleringsplanar*	2021	Kvart fjerde år		x		
Byggjesaksbehandling	2022	Kvart andre år	x		x	
Saksbehandling i landbruket*	2022	Kvart fjerde år			x	
Avfall frå private hushald	2019	Kvart fjerde år	x			
Drikkevatn	2019	Kvart fjerde år	x			
Kino*	2023	Kvart tredje år			x	
Kulturhus*	2014	Kvart tredje år	x			x
Bibliotek	2022	Kvart tredje år		x		
<b>ORGANISASJON</b>						
Medarbeidarundersøking	2023	Kvart andre år		x		x
Nettsida (www.time.kommune.no)*	2016	Kvart tredje år	x			x

\*Undersøkinga vert ikkje gjennomført gjennom bedrekommune.no

\*\*Undersøkinga er kontinuerleg ved bruk av verktøyet Feedback-informerte tjenester (FIT)

## 8.2 Interkommunale samarbeid

Time deltek i ulike selskap og interkommunale samarbeidsordningar for å løysa den kommunale tenesteproduksjonen. Aksjeselskap, interkommunale selskap, vertskommunesamarbeid og kommunale oppgåvefelleskap er alle organiserte etter heimel i særlover. Kategorien «andre samarbeid» er samarbeid organisert som ordinære privatrettslege avtalar. Her følger ei oversikt over dei interkommunale samarbeida Time kommune deltek i.


Organisasjonsform	Lokalisering	Deltakarar	Formål
<b>Aksjeselskap (aksjeloven)</b>			
Attende Allservice Holding AS	Nord-Jæren	Ei rekke aksjeeigarar	Tilrettelagde arbeidsplassar.
Lyse AS	Stavanger	16 kommunar	Energi, nett og telekommunikasjon.
Jæren industripartner AS	Time, Klepp og Hå	Time, Klepp og Hå	Tilrettelagde arbeidsplassar.
Jæren skoglag AS	Time	Ei rekke aksjeeigarar	Eiga og drifta skogar
KinoNor AS	Trondheim	Trondheim kino AS, Aurora kino IKS, Haugesund kultur- og festivalutvikling KF og Time kommune	Levera fellestenester til eigarane for å sikra eit godt kinotilbod.
<b>Interkommunale selskap (IKS-loven)</b>			
Interkommunalt arkiv i Rogaland IKS	Stavanger	24 kommunar og 4 IKS	Arkivdepot
IVAR IKS	Stavanger	13 kommunar	Vass-, avløps- og renovasjonstenester
Rogaland brann og redning IKS	Sandnes	10 kommunar	Brannvern, 110-sentral, miljøretta helsevern og skjenkekontroll.
Rogaland Kontrollutvalgssekretariat IKS	Sandnes	15 kommunar	Sekretariatsoppgåver knytt til kontrollutvala i kommunane.
<b>Administrativt vertskommunesamarbeid (kommuneloven § 20-2)</b>			
Auglend skoles hørselsavdeling	Stavanger	Stavanger, Sandnes, Randaberg og Time	Skuletilbod til elevar med hørselshemming
Barnevernvakt	Sandnes	Gjesdal, Sandnes, Klepp, Hå og Time	Akuttbereidskap kveld og helg
Bryne kompetansesenter	Time	Hå, Klepp og Time	Grunnskule for vaksne. Norsk og samfunnsfag for innvandrarar
Familie for første gang	Sandnes	Time, Hå, Klepp, Gjesdal, Strand, Stavanger og Sandnes	Drift av lisensiert program for tidleg innsats, oppfølging av førstegangsfødande, på oppdrag av regionsenter for barn og unges psykiske helse
Flyktningeteneste	Time	Klepp og Time	Felles flyktningeteneste
IKART	Stavanger	12 kommuner	Interkommunalt ambulant rehabiliteringsteam (IKART) gir innbyggjarar med behov eit godt tverrfagleg rehabiliteringstilbod, og styrkjer tilsette sin rehabiliteringskompetanse.
Jæren øyeblikkelige hjelp	Sandnes	Gjesdsal, Klepp, Sandnes, Forsand og Time	Alternativ til sjukehusinnleggelse (Time har 2 plassar)
Krisesenter	Stavanger	18 kommunar	Tilbod til personar som er utsett for vald i nære relasjonar
Legevakt - kveld og helg	Klepp	Klepp og Time	Akutthjelp og legevakttelefon kvardagar frå kl. 15.00 til 23.00 og helg/heilag dagar frå kl. 08.00 til 23.00
Legevakt - natt	Hå	Hå, Klepp og Time	Akutthjelp og legevakt natt frå kl. 23.00 til 08.00
Matproduksjon og ernæring	Klepp	Klepp og Time	Samarbeid om ernæring på systemnivå og produksjon av mat til omsorgstilbodet i kommunane
NAV Klepp-Time	Klepp	Klepp og Time	Felles NAV-kontor
Tiltaksavdeling barnevern	Time	Time, Klepp og Hå	Utfører hjelpetiltak ut i frå vedtak i deltakarkommunane
Vardheia ungdomsskule og Vardheihallen	Time	Klepp og Time	Felles ungdomsskule og idrettshall i Vardheia

Organisasjonsform	Lokalisering	Deltakarar	Formål
<b>Kommunale oppgåvefelleskap (kommunelova § 19-1)</b>			
IUA Sør-Rogaland KO	Rogaland brann og redning IKS	15 kommunar	"Interkommunalt utvalg mot akutt forurensning – Sør-Rogaland – Kommunalt oppgåvefelleskap" er eit samarbeid om kompetent mannskap ved større hendingar av akutt forureining. Oppgåvefelleskapet sørger for kurs, utstyr og stabsstøtte til dette samarbeidet.
Jæren friluftsråd KO	Sandnes	Time, Klepp, Hå, Gjesdal, Sandnes, Stavanger, Randaberg og Sola	Sikra, leggja til rette og driva område som kan nyttast til friluftsliv og naturopplevingar, leggja til rette aktivitet og auka forståinga av friluftsliv
Jæren kommuneadvokat KO	Time	Time, Hå og Gjesdal	Leverer advokattjenester til deltakarkommunane og har ansvar for prosedyre og rådgjeving innan kommunen sine sentrale rettsområde.

<b>Andre samarbeid</b>			
ACT-Team	Jæren Distrikts-psykiatriske senter	Hå, Gjesdal, Klepp og Time	Behandlingsteam innan psykisk helse
Digi Rogaland	Stavanger	Alle kommuner i Rogaland, fylkeskommunen, Fylkesmannen og KS Rogaland	Samarbeid om å ta i bruk digitale verktøy for å gi betre tenester til innbyggjarar og næringsliv
Frivillige tiltak i landbruket for bedre vannkvalitet	Hå	Hå, Gjesdal, Klepp, Time, Sandnes, Sola, Stavanger og Randaberg	God økologisk tilstand i alle vatn og vassdraga, samt betre klimatilpassingar for å redusere forureining frå landbruket.
Jæren Recovery College	Sandnes	Stavanger, Sandnes, Sola og Time	Jæren Recovery er et lavterskel tilbud som vektlegger utdanning til personer som sliter med psykiske helse og / eller rus.
Jæren tilsynsteam	Lokalisert i deltakar-kommune	Time, Klepp, Hå og Gjesdal	Samarbeid om tilsyn etter barnehagelova.
Jæren Vannområde	Sandnes	8 kommunar + fylkeskommunen	Regionalt samarbeid for å betre miljøtilstanden til vassdrag. Jæren Vannområde har eit overordnet fagleg ansvar for Frivillig tiltak i landbruket
Jærrådet	Sekretariat på omgang	Time, Hå, Klepp, Sandnes, Gjesdal	Regionalpolitisk samarbeidsorgan
Jærskulen	Time	Gjesdal, Hå, Klepp og Time	Skuleutvikling
New Kaupang	Hjelmeland	Eigd av Rogaland fylkeskommune (75%) og Ryfylke IKS (25%) og har 10 kraftkommuner i regionen som medlemmar.	Organisert som ein «non profit»-organisasjon og har som føremål å hjelpe og etablera kraftintensiv industri i Rogaland.
Parkeringshandheving	Sandnes	Sandnes og Time	Handheving av offentlig parkering vert utført av Sandnes KF
Psykososialt kriseteam	Klepp	Klepp og Time	Psykososial førstehjelp
Region Stavanger	Sandnes	15 kommunar og ei rekkje private og offentlege aktørar	Sals- og marknadsføringsorgan for reiseliv

## 8.3 Plansystem


### Planhierarki



### Økonomiplanen som handlingsdel for KPS

Økonomiplanen kan etter kommunelova § 14-4 vera ein del av eller utgjera handlingsdelen til kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS), og i Time kommune er han det. Det vil seia at dette dokumentet skal syna korleis Time har tenkt å følgja opp dei mål og strategiar som er nemnde i KPS i dei neste fire åra.

Måten dette vert gjort på er at ein enten baserer mål og tiltak i økonomiplanen direkte på KPS, eller at ein konkretiserer KPS gjennom ulike temaplanar og baserer mål og tiltak i økonomiplanen på desse temaplanane.



## 9 Framlegg til vedtak

1. Kommunestyret godkjenner framlegg til årsbudsjett for 2024 og økonomiplan for 2024-2027.
2. Kommunestyret godkjenner framlegg til budsjetttrammer for netto driftsutgifter per tenestegruppe og investeringsbudsjettet i 2024.
3. Skatt på inntekt og formue vert sett i samsvar med det høgste skatteøynet som Stortinget vedtek.
4. Kommunestyret godkjenner framlegg til ny stillingsramme:

Time kommune	31.12.2023	Nye	Redusert	31.12.2024
Oppvekst	652,6	5,6	0,0	658,2
Helse og velferd	444,9	17,0	0,0	461,9
Samfunn	156,6	1,8	4,0	154,4
Stabstenester	56,2	0,6	0,0	56,8
<b>Årsverk i alt</b>	<b>1 310,2</b>	<b>25,0</b>	<b>4,0</b>	<b>1 331,3</b>

5. Kommunestyret godkjenner framlegg til gebyrsatsar og satsar for brukarbetaling som kjem fram av vedlegget «Prisar 2024», inkludert forskrift om gebyrregulativ for behandling av plan-, bygge-, konsesjons-, delings-, avløpsanlegg-, miljøfyrtårnsertifiserings-, seksjoneringssaker og oppmålingsforretning, samt frikjøpsordning for manglande felles uteoppfallsareal i Time kommune 2024.
  - a) Kommunestyret godkjenner at det vert tatt opp lån på inntil 152 306 000 kroner i 2024. Avdragstida vert sett til 30 år. Kommunedirektøren får fullmakt til å godkjenna låneinstitusjon, lånevilkår og avdragstid.
  - b) Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp startlån i Den Norske Stats Husbank til vidare utlån innanfor ei ramme på 25 millionar kroner for 2024. Lånet skal betalast tilbake over 30 år etter gjeldande vilkår.
6.
  - a) Premieavviket for kommunen sine pensjonsordningar i 2024 vert sett av til disposisjonsfond.
  - b) Amortisert premieavvik for 2023 vert utgiftsført i 2024 og dekt av disposisjonsfondet.
7. I samsvar med eigedomsskattelova §§ 2 og 3 vert følgande vedtak fatta om eigedomskatt for skatteåret 2024:
  - a) Utskrivingsalternativ:  
Skatt vert skriven ut på kraftanlegg, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jamfør § 3 bokstav c.
  - b) Skattesats:  
Eigedomsskatten vert sett til fire promille for 2024, jamfør §§ 11 og 13 første ledd.
  - c) Eigedomsskatten skal betalast i to terminar, jamfør § 25.

# 10 Obligatoriske oversikter etter økonomiplanforskrifta


Økonomisk oversikt drift	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2022	2023	2024	2025	2026	2027
<b>Driftsinntekter</b>						
Rammetilskudd	493 764	561 900	602 000	619 500	624 500	633 500
Inntekts- og formuesskatt	769 406	708 600	778 000	788 000	800 000	807 000
Eiendomsskatt	2 392	4 100	6 400	8 000	9 600	11 200
Andre skatteinntekter	0	0	0	0	0	0
Andre overføringer og tilskudd fra staten	43 203	43 000	58 000	47 300	35 400	23 300
Overføringer og tilskudd fra andre	268 594	164 312	172 018	170 050	169 950	169 950
Brukerbetalingar	57 664	58 395	52 914	48 905	48 905	48 905
Salgs- og leieinntekter	144 420	166 133	186 924	189 374	192 424	197 374
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>1 779 444</b>	<b>1 706 440</b>	<b>1 856 256</b>	<b>1 871 129</b>	<b>1 880 779</b>	<b>1 891 229</b>
<b>Driftsutgifter</b>						
Lønnsutgifter	896 243	885 550	969 590	981 015	990 648	994 593
Sosiale utgifter	214 790	235 569	253 158	250 012	250 414	250 414
Kjøp av varer og tjenester	479 246	475 235	495 418	494 527	493 987	494 908
Overføringer og tilskudd til andre	77 564	28 047	29 172	29 572	29 572	29 572
Avskrivningar	94 430	10 760	12 490	13 990	15 090	16 790
Fordelte utgifter						
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>1 762 274</b>	<b>1 635 161</b>	<b>1 759 828</b>	<b>1 769 116</b>	<b>1 779 711</b>	<b>1 786 277</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>17 170</b>	<b>71 279</b>	<b>96 428</b>	<b>102 013</b>	<b>101 068</b>	<b>104 952</b>
<b>Finansinntekter</b>						
Renteinntekter	17 157	27 100	33 363	33 213	32 650	31 650
Utbytter	38 942	42 000	43 500	45 500	47 500	52 200
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-1 680	0	0	0	0	0
Renteutgifter	31 649	63 325	86 688	92 138	88 775	97 975
Avdrag på lån	59 902	63 300	70 100	75 100	78 400	79 500
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>-37 131</b>	<b>-57 525</b>	<b>-79 925</b>	<b>-88 525</b>	<b>-87 025</b>	<b>-93 625</b>
Motpost avskrivningar	94 430	10 760	12 490	13 990	15 090	16 790
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>74 469</b>	<b>24 514</b>	<b>28 993</b>	<b>27 478</b>	<b>29 133</b>	<b>28 117</b>
<b>Disp. eller dekning av netto driftsresultat:</b>						
Overføring til investering	27 494	27 944	27 947	46 432	27 587	26 071
Avsetning til bundne driftsfond	16 870	0	2 000	2 000	2 000	2 000
Bruk av bundne driftsfond	-21 259	-2 000	-1 000	-1 000	-500	0
Avsetning til disposisjonsfond	83 821	20	46	46	46	46
Bruk av disposisjonsfond	-32 457	-1450	0	-20 000	0	0
Bruk av tidlegare års mindreforbruk	0		0	0	0	0
Dekning av tidligere års merforbruk		0				
<b>Sum disp. eller dekning av netto driftsresultat</b>	<b>74 469</b>	<b>24 514</b>	<b>28 993</b>	<b>27 478</b>	<b>29 133</b>	<b>28 117</b>
<b>Framført til dekning i sienare år (meirforbruk)</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Bevilgningsoversikt drift	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2022	2023	2024	2025	2026	2027
Rammetilskudd	493 764	561 900	602 000	619 500	624 500	633 500
Inntekts- og formueskatt	769 406	708 600	778 000	788 000	800 000	807 000
Eiendomsskatt	2 392	4 100	6 400	8 000	9 600	11 200
Andre generelle driftsinntekter	43 203	43 000	58 000	47 300	35 400	23 300
<b>Sum generelle driftsinntekter</b>	<b>1 308 766</b>	<b>1 317 600</b>	<b>1 444 400</b>	<b>1 462 800</b>	<b>1 469 500</b>	<b>1 475 000</b>
<b>Sum bevilgninger drift, netto</b>	<b>1 197 166</b>	<b>1 235 561</b>	<b>1 335 482</b>	<b>1 346 797</b>	<b>1 353 342</b>	<b>1 353 258</b>
<i>Korrigert fordelt ansvar</i>	-52 827	-31 951	-34 705	-24 555	-27 505	-32 455
<i>Fordelt til tenestene</i>	1 249 993	1 267 512	1 370 187	1 371 352	1 380 847	1 385 713
Avskrivninger	94 430	10 760	12 490	13 990	15 090	16 790
Sum netto driftsutgifter	1 291 596	1 246 321	1 347 972	1 360 787	1 368 432	1 370 048
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>17 170</b>	<b>71 279</b>	<b>96 428</b>	<b>102 013</b>	<b>101 068</b>	<b>104 952</b>
Renteinntekter	17 157	27 100	33 363	33 213	32 650	31 650
Utbytter	38 942	42 000	43 500	45 500	47 500	52 200
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidler	-1 680	0	0	0	0	0
Renteutgifter	31 649	63 325	86 688	92 138	88 775	97 975
Avdrag på lån	59 902	63 300	70 100	75 100	78 400	79 500
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>-37 131</b>	<b>-57 525</b>	<b>-79 925</b>	<b>-88 525</b>	<b>-87 025</b>	<b>-93 625</b>
Motpost avskrivninger	94 430	10 760	12 490	13 990	15 090	16 790
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>74 469</b>	<b>24 514</b>	<b>28 993</b>	<b>27 478</b>	<b>29 133</b>	<b>28 117</b>
<b>Disp. eller dekning av netto driftsresultat</b>						
Overføring til investering	27 494	27 944	27 947	46 432	27 587	26 071
Avsetning til bundne driftsfond	16 870	0	2 000	2 000	2 000	2 000
Bruk av bundne driftsfond	-21 259	-2 000	-1 000	-1 000	-500	0
Avsetning til disposisjonsfond	83 821	20	46	46	46	46
Bruk av disposisjonsfond	-32 457	-1 450	0	-20 000	0	0
Dekning av tidligere års merforbruk						
<b>Sum disp. eller dekning av netto driftsresultat</b>	<b>74 469</b>	<b>24 514</b>	<b>28 993</b>	<b>27 478</b>	<b>29 133</b>	<b>28 117</b>
<b>Framført til dekning i sienare år (meirforbruk)</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Bevilgningsoversikt investering	Rekneskap	Budsjett	Økonomiplan			
	2022	2023	2024	2025	2026	2027
Investeringer i varige driftsmidler	186 140	316 650	280 170	240 870	235 570	152 070
Tilskudd til andres investeringer	4 257	0	600	550	550	550
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	4 918	2 750	2 850	2 900	2 950	3 000
Utlån av egne midler						
Avdrag på lån						
<b>Sum investeringsutgifter</b>	<b>195 315</b>	<b>319 400</b>	<b>283 620</b>	<b>244 320</b>	<b>239 070</b>	<b>155 620</b>
Kompensasjon for merverdiavgift	17 099	48 190	40 654	37 644	30 934	11 134
Tilskudd fra andre	15 122	5 550	44 250	25 100	62 090	3 700
Salg av varige driftsmidler	12 129	7 500	7 500	19 800	12 750	0
Salg av finansielle anleggsmidler						
Utdeling fra selskaper						
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	5 874	5 830	8 163	8 163	8 163	8 163
Bruk av lån	112 946	224 386	152 306	104 881	92 917	104 252
<b>Sum investeringsinntekter</b>	<b>163 170</b>	<b>291 456</b>	<b>252 873</b>	<b>195 588</b>	<b>206 854</b>	<b>127 249</b>
Videreutlån	24 313	25 000	25 000	25 000	25 000	25 000
Bruk av lån til videreutlån	24 313	25 000	25 000	25 000	25 000	25 000
Avdrag på lån til videreutlån	18 369	10 000	10 000	10 000	10 000	10 000
Mottatte avdrag på videreutlån	19 009	10 000	12 300	12 300	12 300	12 300
<b>Netto utgifter videreutlån</b>	<b>-640</b>	<b>0</b>	<b>-2 300</b>	<b>-2 300</b>	<b>-2 300</b>	<b>-2 300</b>
<b>Overføring fra drift</b>	<b>-27 494</b>	<b>-27 944</b>	<b>-27 947</b>	<b>-46 432</b>	<b>-27 587</b>	<b>-26 071</b>
Netto avs. til eller bruk av bundne inv.fond	16	0				
Netto avs. til eller bruk av ubundet inv.fond	-4 028	0	-500		-2 329	
Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0				
<b>Sum overføring fra drift og netto avsetn.</b>	<b>31 506</b>	<b>27 944</b>	<b>28 447</b>	<b>46 432</b>	<b>29 916</b>	<b>26 071</b>
<b>Framført til inndekning i seinere år (meirforbruk)</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>







# Prisar 2024

Kommunedirektøren sitt forslag



*Framsidedefoto: Bryne torg (Linn Iren Nilsen Oppedal)*

# Innhold

Administrasjon .....	3
<i>Vigslar, meklarpakkar, sal av stabstenester</i>	
Tenesteområde Oppvekst .....	4
<i>Kommunale barnehagar, skulefritidsordning (SFO), kulturskulen, vaksenoppl�ring</i>	
Tenesteområde Helse og velferd.....	6
<i>Praktisk bistand/heimhjelp, tryggleiksalarm, GPS, aktivitetssenter, dagsenter, matlevering</i>	
Tenesteområde Samfunn .....	8
<i>Festeavgift, parkering, kino, bading, renovasjon, vatn, avl�p, utleige</i>	
Forskrift om gebyrregulativ for 2024 .....	14
<i>Forskrift om gebyrregulativ for behandling av plan-, bygge-, konsesjons-, delings-, avl�psanlegg-, milj�fyrtd�rnsertifiserings-, seksjoneringssaker og oppm�lingsforretning, samt frikj�psordning for manglande felles uteopphaldsareal i Time kommune 2024</i>	

# Administrasjon

Gebyr og eigenbetalingssatsar	
Pris for vigsel utanfor kommunen sine opningstider	1 100 kr
Pris på meklarpakkar	4,3 % auke
Sal av stabstenester til Time kyrkjelege fellesråd	4,3 % auke

## Premiss for satsane

Vigsel i kommunen sine lokal er gratis i vanleg opningstid for alle par uavhengig av bustadadresse. For vigsel utanfor kommunen sine opningstider kjem det eit gebyr på 1 100 kronar.

Ei meklarpakke inneheld grunndata om bestemte eigedommar som eigedomsmeklarar treng når dei skal selja bustadar. Prisen på meklarpakkar vert sett opp med kommunal deflator.

Avgiftsnivået for sals- og skjenkeavgifter for alkohol vert fastsett i sentrale forskrifter.

